

Deloitte.

Rapport | Sogn og Fjordane fylkeskommune
Møtebøkene for fylkesutvalet og
hovudutvala – til desisjon



Innhold

1. Innleiing	3
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Føremål og problemstillingar	3
2. Metode	4
2.1 Dokumentanalyse	4
2.2 Uttale4	
3. Revisjonskriterium	5
3.1 Revisjonskriterium	5
4. Vedtak og vurderinger	6
4.1 Fylkesutvalet (5 saker)	6
4.1.1 SAK 14/12 Kommersielle ruter i Sognefjorden, 09.03.2012.	6
4.1.2 Sak 23/12 Søknad om fråvik frå vegnormalane sine krav til stigning, 21.03.2012.	6
4.1.3 Tildeling av støtte frå fylkeskommunalt enøkfond 2012. Sak 61/12. 23.05.2012.	7
4.1.4 Forlikssavtale med Fjord1. Sak 78/12, 04.06.2012.....	7
4.1.5 Eventuelt sal av Sogn og Fjordane sine fallrettar i Jølstra. Sak 63/12, 23.05.2012	7
4.2 Hovudutval for opplæring (2 saker)	8
4.2.1 Avvikling av programstyret for entreprenørskap og nyskaping og vidareføring av satsingsområdet. Sak 21/12, 25.09.12.....	8
4.2.2 Mandat for utval som skal sjá på entreprenørskapsatsinga og val av politiske representantar. Sak 31/12, 27.11.2012.....	9
4.3 Hovudutval for plan og næring (3 saker)	9
4.3.1 Omstillingsstatus og omstillingsløyving 2012. Sak 3/12, 01.02.2012.	9
4.3.2 Partnarskapssavtale mellom fylkeskommunen og Redningsselskapet. Sak 13/12, 13.03.2012.....	9
4.3.3 Plan for rekruttering, kompetanseheving og likestilling i landbruket 2012. Sak 27/12, 26.04.12	10
4.4 Hovudutval for samferdsle (2 saker)	10
4.4.1 Fylkeskryssande bussrute mellom Nordfjord og Sunnmøre. Sak 46/12, 25.09.2012.	10
4.4.2 Bruk av resterande midlar frå Høyanger og Gulen bompengeselskap. Sak 40/12, 20.06.2012	10
4.5 Hovudutval for kultur (3 saker)	11
4.5.1 Utgreiing om satsinga på folkemusikk. Sak 21/12, 14.03.2012.	11
4.5.2 Sogn og Fjordane teater – val til nytt styre. Sak 27/12, 22.05.2012	11
4.5.3 Budsjett 2013 og økonomiplan 2013-16. Kultur. Utfordringar og satsingar. Sak 34/12, 20.06.2012.....	11
5. Oppsummering	13
Vedlegg 1: Uttale	
Vedlegg 2: Budsjettreglement	
Vedlegg 3: Delegeringsreglement	
Vedlegg 4: Delegeringsreglement gjeldande frå oktober 2012	
Vedlegg 5: Reglement for politiske utval mv	

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Deloitte har med utgangspunkt i bestilling frå kontrollutvalet datert 15.3.2013 (ref. KU sak 9/13), gjennomført ein kontroll av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune for perioden 1.1.2012 – 31.12.2012.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet har vore å kontrollere

- Om vedtaket i den enkelte sak er gjort av eit organ med fullmakt til å gjere slikt vedtak
- Om vedtaket er i samsvar med norsk lov, eventuelt andre relevante regelverk
- Om vedtaket er i samsvar med budsjettvedtak, føremål og om det er innanfor rammene av vedtak i fylkestinget

2. Metode

2.1 Dokumentanalyse

I perioden 1.1.2012 - 31.12.2012 vart det gjennomført 71 møte og handsama 416 saker fordelt på fylkesutvalet og hovudutvala. Mange av vedtaka er tilrådingar til andre utval eller til fylkestinget. I den stikkprøvekontrollen som er gjennomført er det berre saker der det er fatta endeleg vedtak i dei nemnde utvala som er vurdert. Ein gjennomgang viser at fylkesutvalet og hovudutvala har fatta totalt 219 endelige vedtak¹ i perioden.

Deloitte har valt ut 15 saker for kontroll. I utvalet av saker har vi lagt vekt på å kontrollere ulike sakstypar. Tabellen nedanfor viser utvalet av kontrollerte vedtak.

Kontrollerte vedtak

Fylkesutvalet

Kommersielle ruter i Sognefjorden. Sak 14/12

Søknad om fråvik frå vegnormalane sine krav til stigning. Sak 23/12

Tildeling av støtte frå fylkeskommunalt enøkfond 2012. Sak 61/12

Forliksavtale med Fjord1. Sak 78/12

Eventuelt sal av Sogn og Fjordane sine fallrettar i Jølstra. Sak 63/12

Hovudutval for opplæring

Avvikling av programstyret for entreprenørskap og nyskaping og vidareføring av satsingsområdet. Sak 21/12

Mandat for utval som skal sjå på entreprenørskapssatsinga og val av politiske representantar. Sak 31/12

Hovudutval plan og næring

Omstillingssstatus og omstillingsløyving 2012. Sak 3/12

Partnarskapsavtale mellom fylkeskommunen og Redningsselskapet. Sak 13/12

Plan for rekruttering, kompetanseheving og likestilling i landbruket 2012. Sak 27/12

Hovudutval for samferdsle

Fylkeskryssande bussrute mellom Nordfjord og Sunnmøre. Sak 46/12

Bruk av resterande midlar frå Høyanger og Gulen bompengeselskap. Sak 40/12

Hovudutval for kultur

Utgreiing om satsinga på folkemusikk. Sak 21/12

Sogn og Fjordane teater – val til nytt styre. Sak 27/12

Budsjett 2013 og økonomiplan 2013-16. Kultur. Utfordringar og satsingar. Sak 34/12

2.2 Uttale

Fylkesrådmannen i Sogn og Fjordane har fått utkast av rapporten til uttale. Fylkesrådmannen sin uttale vil bli vedlagt rapporten.

¹ Vi har berre rekna med offentlege vedtak.

3. Revisjonskriterium

Revisjonskriterium er dei krav og forventningar som det som skal undersøkjast skal vurderast opp mot. I dette prosjektet er revisjonskriteria i hovudsak henta frå fylkeskommunale reglement.

3.1 Revisjonskriterium

Innsamla data er vurdert opp mot delegeringsreglement (vedlegg 1 og 2), budsjettreglement (vedlegg 3), reglement for politiske utval, aktuelt lov- og regelverk, budsjettvedtak, føremål og rammene av vedtak i fylkestinget. Av lov- og regelverk og reglementa til fylkeskommunen går det fram kva mynde som er mogleg å delegere vidare.

4. Vedtak og vurderingar

4.1 Fylkesutvalet (5 saker)

4.1.1 SAK 14/12 Kommersielle ruter i Sognefjorden, 09.03.2012.

VEDTAK:

1. Fjord1 Fylkesbaatane AS får behovsprøvd løyve for turisttransport med fartøy mellom Bergen og Flåm, rutemodell 1 (Flåm) eller rutemodell 2 (Fjærland), med følgjande vilkår for løyvet:

- a. Løyvet gjeld i 10 år fra 1. mai 2012 til 31.desember 2022.
- b. Krava til god vandel og tilfredsstillende økonomisk evne skal vere oppfylt i samsvar gjeldande regelverk.
- c. Det skal vere levert bankgaranti i samsvar med yrkestransportforskrifta § 7.
- d. Løyvehavar skal levere eit rutetilbod som samsvarar med søknad dagsett 1. november 2011 og utfyllande notat dagsett 31. januar 2012.

2. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at tilbodet til Fjord1 vil føre til positive samfunnseffektar ved auka turisttrafikk og ringeverknader for andre næringar i fylket. Tilbodet er ein anna type turistreiser enn det fylkeskommunale tilbodet, og dette syner ikkje berre att i andre stoppestader og eit anna prissegment, men også gjennom bevisst tilrettelegging for opplevingar i samband med reisa.

3. Sogn og Fjordane fylkeskommune syner til at Fjord1 sitt opplegg vesentleg avviker frå fylkeskommunen sitt eige ruteopplegg, og er positiv til tiltaket fordi det vil føre til ein totalauke i tal turistar som vel Sogn og Fjordane som destinasjon, og dette igjen vil føre til auka verdiskaping og inntektsgrunnlag for andre typar næringar langs ruta og ved anløpa.

Vurdering

Saka var handsama i sak 4/12 i hovudutval for samferdsle. Vedtaket utvalet fatta blei anka til fylkesutvalet for overprøving. At fylkesutvalet handsamar saka på nytt er i samsvar med §15 i reglement for sakshandsaming i politiske saker.

4.1.2 Sak 23/12 Søknad om fråvik frå vegnormalane sine krav til stigning, 21.03.2012.

VEDTAK:

1. Søknad om fråvik frå vegnormalane sine krav til stigning på fylkesveg 185 med tilhøyrandegang- og sykkelveg vert godkjent.
2. Det må planleggast tiltak som kan redusere ulempene, samt tiltak for å unngå konflikt mellom syklistar og kryssande trafikk.

Vurdering

Denne saka har vore handsama i hovudutval for samferdsle som ga tilråding til vedtak i fylkesutvalet. I §3 i reglement for fylkesutvalet står det at saker frå hovudutvala som hovudregel skal gå direkte til fylkestinget utan handsaming i fylkesutvalet. Det står vidare at unntak gjeld for «(...) årsbudsjett, økonomiplan og fylkesplan, og saker frå hovudutvala som inneber endringar i føresetnadene i desse overordna dokumenta eller der ein på annan måte legg opp til vedtak av vesentleg prinsipiell rekkevidde». I denne saka er ingen av desse vilkåra tilstade.

Etter revisjonen si vurdering hadde det derfor vore tilstrekkeleg om saka hadde vore handsama i hovudutval for samferdsle etter delegeringsreglementet punkt 3.8 der det går fram at hovudutval for samferdsle er vegstyresmakt for fylkesvegar.

4.1.3 Tildeling av støtte fra fylkeskommunalt enøkfond 2012. Sak 61/12. 23.05.2012.

VEDTAK:

A) Følgjande får støtte fra fylkeskommunalt enøk-fond i 2012:

1. Førde kyrkjeloge fellesråd får inntil kr. 51.000
2. Gaula kommune får inntil kr 316.480
3. Fjordvarme AS får inntil kr. 100.000
4. Bremanger kommune får inntil kr. 440.670
5. Eid kommune får inntil 389.000
6. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane får inntil 38.000
7. Naturvernforbundet i Sunnfjord får inntil 23.000
8. Jølster kommune får inntil kr. 106.700
9. Flora kommune får inntil kr 231.662
10. Sogndal og Leikanger kyrkjeloge fellesråd får inntil kr. 22.500
11. Vågsøy kommune får inntil kr 78.965

Frist for realisering er 31.05.2013. Fristen kan forlengast ut kalenderåret etter søknad.

B) Fylkesutvalet tek evalueringa av støtteordninga til orientering og legg til grunn at fylkeskommunen sin vidare innsats innafor dette saksområdet vert integrert i arbeidet med å følgje opp Klima og miljøplanen frå 2009.

Vurdering

Av saksutgreiinga går det fram at Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2003 oppretta eit enøk-fond der fylkesutvalet er fondstyre og der forvaltninga skal skje i tråd med gjeldande vedtekter. Det går fram av punkt. 7 i vedtekten til enøkfondet at det er fylkesutvalet som skal forvalte fondsmidlane.

4.1.4 Forliksavtale med Fjord1. Sak 78/12, 04.06.2012.

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune inngår forlik med Fjord1 Fylkesbaatane AS på kr 1,3 mill.kr.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere forliksavtalen på vegne av fylkeskommunen.

Vurdering

Punkt 1 i vedtaket er i samsvar med punkt 3.23 i delegeringsreglementet. Revisjonen legg til grunn at fylkeskommunen har dekning i budsjettet for vedtaket. Det burde ha gått fram av vedtaket kva budsjettpost som skulle nyttast til å dekkje beløpet det er inngått forlik om. Punkt 2 i vedtaket er i samsvar med punkt 1.4.5 i delegeringsreglementet.

4.1.5 Eventuelt sal av Sogn og Fjordane sine fallrettar i Jølstra. Sak 63/12, 23.05.2012

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune inngår ikkje samarbeidsavtale med Sunnfjord Energi AS om vassdragsutbygging i elva Jølstra

Vurdering

Det er revisjonen si vurdering at denne saka skulle ha vore handsama av hovudutval for plan og næring jf §3 i reglement for hovudutval for plan og næring. Av saksutgreiinga går det fram at ein samarbeidsavtale med Sunnfjord energi vil innebere sal av fallrettar som fylkeskommunen har som grunneigar. Saka kunne ha blitt handsama av fylkesutvalet før ei ev. handsaming i

fylkestinget, jf § 3 i reglement for fylkesutvalet, viss saka blei vurdert å ha vedtak av vesentleg prinsipiell rekkevidde.

I sin uttale til rapporten skriv fylkesrådmannen at sal av fallrettar er eit emne som er nært beslektet med sal/utleige av tomtegrunn og at det derfor var rett å late fylkesutvalet gjere vedtak i saka. Etter ein ny gjennomgang har revisjonen konkludert med at vi ikkje er ueinig i dette, sjølv om saka er relatert til energispørsmål som fell inn under hovudutval for plan og næring sitt arbeidsområde.

4.2 Hovudutval for opplæring (2 saker)

4.2.1 Avvikling av programstyret for entreprenørskap og nyskaping og vidareføring av satsingsområdet. Sak 21/12, 25.09.12

VEDTAK:

1. I tråd med fylkesplanmelding handsama av fylkestinget i sak 25/10, og at fylkesplanperioden vert avslutta 31.12.2012, blir programstyret for entreprenørskap og nyskaping avvikla ved utgangen av 2012.
2. Det vert sett av kr. 700 000 til entreprenørskapssatsing innanfor plan og næring sitt budsjett i 2013. Midlane skal gå til stimuleringstilskot til mindre entreprenørskapstiltak, og til prosjekt og tiltak som kjem opp gjennom året.
3. Det skal setjast ned eit utval av administrative-, folkevalgte- og næringlivsrepresentantar som skal sjå på entreprenørskapssatsinga i Sogn og Fjordane. Utvalet skal vere ein viktig bidragsytar i arbeidet med regional verdiskapingsplan. Det vert sett av inntil kr. 100 000 gjennom fylkeskommunen sitt budsjett for 2013. Midlane skal kunne nyttast av utvalet til møter og anna arbeid som er naudsynt for å kunne kome med innspel til planen.

Det vil bli utarbeidd eit eige mandat for dette utvalet. Hovudutval for plan og næring peikar ut 2 representantar, og hovudutval for opplæring peikar ut ein representant til utvalet. Fylkessjefen for næring utarbeider framlegg til mandat, som skal vedtakast av HPN. Vidare skal utvalet bestå av 2 representantar frå administrasjonen, samt 2 representantar frå næringslivet.

Vurdering

Av saksutgreiinga går det fram at programstyret for entreprenørskap og nyskaping skulle halde fram ut forlenga planperiode for fylkesplanen dvs. ut 2012. Dette blei vedteke av fylkestinget med handsaminga av fylkesplanmeldinga i 2010. Punkt 1 i stadfesta derfor vedtak som allereie er vedteke av fylkestinget.

I punkt 2 og 3 i vedtaket er det sett av midlar i høvesvis «innanfor plan og næring sitt budsjett i 2013» og «gjennom fylkeskommunen sitt budsjett for 2013». Hovudutval for opplæring styrer forvaltninga av budsjetterte midlar jf. reglement for hovudutval for opplæring § 3 A). Revisjonen meiner at ordlyden i vedtaket burde har vore tydelegare. Dersom hovudutvalet med vedtaket sett av budsjetterte midlar for 2012 til bruk i 2013 er dette i samsvar med reglement for hovudutval for opplæring § 3 A). Dersom hovudutvalet med vedtaket meinte å planlegge bruk av midlar knytt til budsjett for komande år, burde vedtaket vore formulert slik at det var tydelig at tildelinga er avhengig av kva budsjett fylkestinget vil vedta.

I punkt 3 vedtek hovudutvalet at det skal setjast ned eit utval. Etter reglement for hovudutval for opplæring går det fram at hovudutvalet kan opprette komitear for å løyse tidsavgrensa oppgåver, men at komitear med lengre funksjonstid enn 2 år skal godkjennast av fylkestinget. Av vedtaket eller saksutgreiinga går det ikkje fram kor lang funksjonstid utvalet er meint å ha sjølv om det berre blir sett av midlar til utvalet på budsjettet for 2013.

4.2.2 Mandat for utval som skal sjå på entreprenørskapssatsinga og val av politiske representantar. Sak 31/12, 27.11.2012.

VEDTAK:

1. Som medlem i utval som skal sjå på entreprenørskapssatsinga i Sogn og Fjordane vert valt:

Medlem: Nils P. Støyva

Vurdering

Dette vedtaket er i samsvar med hovudutvalet sitt vedtak i sak 21/12, 25.09.12.

4.3 Hovudutval for plan og næring (3 saker)

4.3.1 Omstillingsstatus og omstillingsløyving 2012. Sak 3/12, 01.02.2012.

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev Hyllestad kommune omstillingsstatus for 2012 og 2013.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev Hyllestad kommune ei løyving på kr 2 850 000 til omstillingsarbeidet i 2012.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune reknar 2011 som Askvoll kommune sitt første år med omstillingsstatus. Omstillingsstatusen gitt i HPN sak 7/11 for åra 2011 og 2012 ligg fast.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev Askvoll kommune ei løyving på kr 2 350 000 til omstillingsarbeidet i 2012
5. Midlane i punkt 2 og 4 vert henta frå budsjetterte omstillingsmidlar 2012.
6. Vilkår for omstillingsløyvinga
 - Det skal leggast vekt på høg kvalitet og god styring i alle prosjekta Innovasjon Norge sin prosjektleiarprosess (PLP Prosjektleiderprosessen) skal nyttast i alle prosjekt
 - All støtte til bedrifter skal vere i samsvar med EØS-avtalen sine retningsliner om offentleg støtte til næringslivet
 - Øvrige vilkår går fram av tilsegrnsbrevet

Vurdering

Punkta 1-6 i vedtaket er i samsvar med reglement for hovudutval for plan og næring §3A9.

4.3.2 Partnarskapsavtale mellom fylkeskommunen og Redningsselskapet. Sak 13/12, 13.03.2012.

VEDTAK:

1. Fylkeskommunen ser på Redningsselskapet Sogn og Fjordane som ein viktig aktør i arbeidet for å førebygge skader og ulykker på sjøen.
2. For å styrke det førebyggande arbeidet teiknar fylkeskommunen partnarskapsavtale med Redningsselskapet Sogn og Fjordane med kr 75 000,- for kvart år i 2012, 2013 og 2014. Tilskotet vert gitt under føresetnad som kjem fram av partnarskapsavtalen.
3. Tilskota vert gitt innafor ramma av gjeldande budsjett, teneste 4503 – Folkehelse og livskvalitet

Vurdering

Punkt 1 i vedtaket er i samsvar med § 2 i reglement for hovudutval for plan og næring.

Hovudutval for plan og næring har etter punkt 4.4.4 i budsjettreglementet fullmakt til å utforme føringar og tildele midlar til partnarskapsarbeid.

Punkt 2 og 3 i vedtaket føreset at fylkeskommunen i avtalen med Redningsselskapet tek etterhald om at fylkestinget vedtek tildeling i dei årlege budsjettvedtaka. Revisjonen antar at hovudutvalet med vedtaket meinte å planlegge bruk av midlar knytt budsjett for komande år. Vedtaket burde ha vore formulert slik at det var tydelig at planane er avhengig av kva budsjett fylkestinget vil vedta.

4.3.3 Plan for rekruttering, kompetanseheving og likestilling i landbruket 2012. Sak 27/12, 26.04.12

VEDTAK:

1 Planen for rekruttering, likestilling og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane for 2012 vert vedteken.

2 Fylkesdirektøren for opplæring tildelar midlane etter søknad i samarbeid med fylkesdirektøren for næring

Vurdering

Revisjonen har fått opplyst frå næringsavdelinga i fylkeskommunen at planen gjeld fordeling av midlar innanfor Hovudutval for plan og næring sitt budsjett. På bakgrunn av dette er vedtaket i samsvar med punkt 4.4.4 c) i budsjettreglementet.

I punkt 2 i vedtaket får fylkesdirektøren for opplæring delegert mynde å tildele midlar i samarbeid med fylkesdirektøren for næring. Vedtaket er i samsvar med innstillinga frå administrasjonen. Revisjonen viser til at når det gjeld mynde til å fatte vedtak i enkeltsaker, eller i saker som ikkje er av prinsipiell betydning, skal desse delegerast til fylkesrådmannen etter kommunelova § 23 (4). Revisjonen går ut i frå at det er dette ein har meint når det i innleiinga til delegeringsreglementet i fylkeskommunen som var gjeldande fram til 16.10.12 står "*I følgje kommunelova skal all delegering frå politiske utval til administrasjonen delegerast til fylkesrådmannen.*"

4.4 Hovudutval for samferdsle (2 saker)

4.4.1 Fylkeskryssande bussrute mellom Nordfjord og Sunnmøre. Sak 46/12, 25.09.2012.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1 Bussruta frå Leikanger til Ålesund over Hareidlandet vert lagt ned frå 1. mai 2013.

2 Nytt rutetilbod mellom Leikanger og Åheim frå 1. mai 2013, blir vurdert i rutekjøpsaka

Vurdering

Punkt 1 i vedtaket i vedtaket er i samsvar med delegeringsreglementet punkt 3.28. nr 2.

Punkt 2 i vedtaket i vedtaket er i samsvar med reglement for hovudutval §2 og § 3

Revisjonen vil peike på at det i administrasjonen sitt forslag til vedtak var satt fram følgjande forslag til vedtak: «Fylkesdirektøren får fullmakt til å vurdere eit rutetilbod mellom Selje og Åheim frå 1.mai 2013». Revisjonen vil igjen viser til at når det gjeld mynde til å fatte vedtak i enkeltsaker, eller i saker som ikkje er av prinsipiell betydning, skal desse delegerast til fylkesrådmannen etter kommunelova § 23 (4).

4.4.2 Bruk av resterande midlar frå Høyanger og Gulen bompengeselskap. Sak 40/12, 20.06.2012

VEDTAK:

Resterande midlar etter bompengeinnkrevjinga på ferjesambandet Lavik - Oppedal vert nytta til delfinansiering av møteplassar og siktrydding på E39 mellom Bogstunnelen og Vadheim.

Vurdering

Av saksutgreiinga går det fram at det i bompengeavtalen står at resterande midlar kan nyttast til «riksveganlegg i det området bompengene er innkrevd, etter forslag fra vegkontoret og vedtak av fylkespolitiske myndigheter». At hovudutvalet for samferdsle vedtek bruken av midlane er i samsvar med budsjettreglementet punkt 4.4.5.

4.5 Hovudutval for kultur (3 saker)

4.5.1 Utgreiing om satsinga på folkemusikk. Sak 21/12, 14.03.2012.

VEDTAK:

1. *Fylkesdirektøren for kultur får til oppgåve å opprette ei arbeidsgruppe som skal leggje fram ei utgreiing om fylkeskommunen si vidare satsing på folkemusikk.*
2. *Utgreiinga skal ferdigstilla for vidare politisk handsaming, innan 1. september 2012..*

Vurdering

Punkt 1 og 2 i vedtaket er i samsvar med Reglement for hovudutval for kultur §3 C)

4.5.2 Sogn og Fjordane teater – val til nytt styre. Sak 27/12, 22.05.2012

VEDTAK:

1. *Som styreleiar for Sogn og Fjordane teater vert foreslått: Håkon Fimland, Førde*
2. *Som styremedlem for Sogn og Fjordane teater vert foreslått: Ola Tarjei Kroken, Gloppen*
3. *Som styremedlem for Sogn og Fjordane teater vert foreslått: Kristine Lie, Sogndal*
4. *Som varamedlemmer til styret vert foreslått i rekjkjefølgje*
1 Hanne Oftedal, Gloppen
2 Eva Marie Halvorsen, Førde
3 Torbjørn Vereide, Gloppen

Vurdering

Vedtaket er i samsvar med Reglement for hovudutval for kultur §3 C) og vedtak i fylkesutvalet i sak 142/10.

4.5.3 Budsjett 2013 og økonomiplan 2013-16. Kultur. Utfordringar og satsingar. Sak 34/12, 20.06.2012

VEDTAK:

- 1 *Hovudutvalet sluttar seg til dei overordna strategivala slik desse går fram av kap. 2 i saksførelegget.*
- 2 *Hovudutval for kultur sluttar seg til at følgjande nye tiltak for kultursektoren vert nærmare utgreidde til handsaminga av budsjettsaka i september:*
 - *Databasutvikling for betra digital kulturformidling Møtebok Hovudutval for kultur*
 - *Hafstad Idrettspark, Førde*
 - *Samarbeids4 og utviklingsavtaler med frivillig sektor*
- 3 *Hovudutvalet for kultur ber administrasjonen utgreia reduksjonstiltak i det samla kulturbudsjettet i samband med budsjettet for 2013.*
- 4 *Ramma til kultur vert auka med kr 750 000 til frivillige lag, organisasjonar og aktuelle kulturtiltak (tilsvarande tilskot til Melodi Grand Prix i 2011, 2012 og 2013).*

Vurdering

Punkt 1., 2., og 3 i vedtaket er i samsvar med Reglement for hovudutval for kultur §3 B).

I punkt 4 i blir det vedteke ei auka ramme på 750 000 kr til kultur til frivillige lag, organisasjonar og aktuelle kulturtiltak. Det er berre Fylkestinget som kan endre fylkestinget sitt eige budsjett jf punkt 4.1.1. i Budsjettreglementet. Eit forslag om auka rammer i 2013 må derfor leggjast fram for fylkestinget for avgjerd. Dersom vedtaket er meint som eit innspel til handsaminga av budsjettet må dette gå tydeleg fram av vedtaket.

5. Oppsummering

I § 3 i reglement for fylkesutvalet står det at saker fra hovudutvala som hovudregel skal gå direkte til fylkestinget utan handsaming i fylkesutvalet. Det står vidare at unntak gjeld for «(...) årsbudsjett, økonomiplan og fylkesplan, og saker fra hovudutvala som inneber endringar i føresetnadene i desse overordna dokumenta eller der ein på annan måte legg opp til vedtak av vesentleg prinsipiell rekkevidde». I Sak 23/12 *Søknad om fråvik frå vegnormalane sine krav til stigning*, (21.03.2012.) er ingen av desse vilkåra tilstade. I denne saka hadde det vore tilstrekkeleg om saka hadde vore handsama i hovudutval for samferdsle etter delegeringsreglementet punkt 3.8.

Sak 63/12 *Eventuelt sal av Sogn og Fjordane sine fallrettar i Jølstra* (23.05.2012) blei handsama i fylkesutvalet. Det er revisjonen si vurdering at denne saka skulle ha vore handsama av hovudutval for plan og næring jf § 3 i reglement for hovudutval for plan og næring. I sin utale til rapporten skriv fylkesrådmannen at sal av fallrettar er eit emne som er nært beslektat med sal/utleige av tomtegrunn og at det derfor var rett å late fylkesutvalet gjøre vedtak i saka. Etter ein ny gjennomgang har revisjonen konkludert med at vi ikkje er ueinig i dette, sjølv om saka er relatert til energispørsmål som fell inn under hovudutval for plan og næring sitt arbeidsområde.

Revisjonen har funne fleire døme på at vedtak som blir fatta kan bli tydelegare med omsyn til å presisere kva budsjettmessige føresetnader som ligg til grunn. I sak 78/12 *Forlikssavtale med Fjord1* burde det ha gått fram av vedtaket kva budsjettpost som skulle nyttast til å dekkje beløpet det er inngått forlik om. I sak 34/12. *Budsjett 2013 og økonomiplan 2013-16. Kultur. Utfordringar og satsingar* blir det vedteke ei auka ramme til kultur til frivillige lag mv. Det er berre fylkestinget som kan endre vedtekne budsjettrammer jf. punkt 4.1.1. i budsjettreglementet. Eit forslag om auka rammer i 2013 må derfor leggjast fram for fylkestinget for avgjerd. Dersom vedtaket er meint som eit innspel til handsaminga av budsjettet må dette gå tydeleg fram av vedtaket.

I sak 21/12 *Avvikling av programstyret for entreprenørskap og nyskaping og vidareføring av satsingsområde* (25.09.2012) burde ordlyden ha vore tydelegare slik at det gjekk fram om hovudutvalet sette av midlar på budsjettet for 2012, eller planla bruk av midlar som ville vere avhengig av kva budsjett fylkestinget vedtek. Også i sak 13/12 *Partnarskapsavtale mellom fylkeskommunen og Redningssselskapet* burde vedtaket ha vore formulert slik at det var tydeleg at planlagt tilskot til Redningssselskapet er avhengig av kva budsjett fylkestinget vedtek.

Når det gjeld mynde til å fatte vedtak i enkeltsaker, eller i saker som ikkje er av prinsipiell betydning, skal desse delegerast til fylkesrådmannen etter kommunelova § 23 (4). Revisjonen går ut i frå at det er dette ein har meint når det i innleiinga til delegeringsreglementet i fylkeskommunen som var gjeldande fram til 16.10.12 står "*I følgje kommunelova skal all delegering frå politiske utval til administrasjonen delegerast til fylkesrådmannen.*" I sak 27/12 *Plan for rekruttering, kompetanseheving og likestilling i landbruket* (26.04.2012), blir det delegert mynde til fylkesdirektør for næring og fylkesdirektør for opplæring.

Vedlegg 1: Uttale



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Deloitte AS
v/Kari Gåsemyr
Postboks 6013 Postterminalen

5892 Bergen

Side 1 av 2

Fylkesrådmannen

Sakshandsamar:
Svein Hågård
E-post: Svein.Hagard@sfj.no
Tlf.: 57 65 61 81

Vår ref.
Sak nr.: 13/3352-2
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
16191/13
Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 16.05.2013

Fråsegn til utkast til kontrollrapport

Vi viser til Dykkar oversending på e-post til fylkesrådmannen 07.d.m.

Fylkesrådmannen har gått gjennom vurderingane Dykkar i utkastet til kontrollrapport og har følgende merknader:

4.1.5 - sak 63/12 i fylkesutvalet: Eventuelt sal av Sogn og Fjordane fylkeskommune sine fallrettar i Jølstra

Fylkesrådmannen er ikkje samd i at denne saka, som m.a. gjeld eventuelt sal av fallrettar, skulle vore handsama av hovudutvalet for plan og næring. Kompetansen i fylkeskommunen til å gjere vedtak om sal og utelege av tomtegrunn er lagt til fylkesutvalet, jf. det dåvarande delegeringsreglementet kap. 4.4. Som det framgår av saksutgreiinga, er sal av fallrettar eit emne som er nært beslektat med sal/utelege av tomtegrunn. Fylkesrådmannen held difor fast på at det var rett å late fylkesutvalet gjere vedtak i saka.

4.2.1 – sak 21/12 i hovudutvalet for opplæring: Avvikling av programstyret for entreprenørskap og nyskaping og vidareføring av satsingsområdet

Fylkesrådmannen kan stadfeste at i vedtaket punkt 2 og 3 meinte hovudutvalet for opplæring å planlegge bruken av midlar for budsjettåret 2013. Vi er ikkje samde i at vedtaket er uklart på dette punktet, men kan slutte oss til at hovudutvalet burde teke etterhald om fylkestinget sitt budsjettvedtak.

Når det gjeld funksjonstida til utvalet som hovudutvalet oppretta, jf. punkt 3 i vedtaket, meiner fylkesrådmannen det går implisitt fram av saksutgreiinga at denne er relativt kort¹ og såleis innanfor toårsgrensa i § 3 i reglementet for hovudutvalet for opplæring.

Utover dette har fylkesrådmannen ingen merknader til Dykkar vurderingar i utkastet.

Dette brevet vert sendt på e-post til kgasemyr@DELOITTE.no.

¹ Det heiter m.a. at «vi føreslår at det vert oppretta eit nytt tidsavgrensa utval...».



Med helsing

Bjørn Birger Bremer
assisterande fylkesrådmann

Svein Hågård
juridisk rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:
Tore Eriksen, FRM

Vedlegg 2: Budsjettreglement

BUDSJETTREGLEMENT

1. STRUKTUR OG SPESIFIKASJONSGRAD

- 1.1 Budsjettet og økonomiplanen er utforma med ein kapitaldel - investeringar (kontoklasse 0) spesifisert på prosjekt og ein driftsdel (kontoklasse 1) spesifisert på programområde.
- 1.2 Budsjettet og økonomiplanen sorterer alle inntekter og utgifter på følgjande sektorar:
 1. Forvaltning
 2. Opplæring
 3. Tannhelsetenesta
 4. Plan og næring
 5. Kultur
 6. Samferdsle og veg
 9. Fellesinntekter og -utgifter
- 1.3 Budsjettet og økonomiplanen spesifiserer kvar sektor på programområde og tenester. Fylkesrådmannen vil - med høve til å delegera til fylkesdirektørane - spesifisere tenestene på følgjande artar:
 0. Løn og sosiale utgifter
 - 1-2. Kjøp av varer og tenester
 3. Eksternt tenestekjøp
 4. Overføringer (utgift)
 5. Finansutgifter
 6. Salsinntekter
 7. Refusjonar
 8. Overføringer (inntekt)
 9. Finansinntekter.

2. BUDSJETTBINDINGAR OG BUDSJETTENDRINGAR

- 2.1 Budsjettet er – for kvart programområde – bindande på nivå netto driftsutgift. Tekst-komentaren kan likevel presisere binding på eit anna nivå. Ingen programområde/føring kan overskridast utan at det først er gjeve tilleggsloyving.
- 2.2 Dersom nettoutgiftene for eit programområde ikkje vil halde, pliktar ansvarleg for området å reise spørsmål om budsjettendring. Budsjettendring kan berre pårekna dersom behovet ikkje var råd å forutsjå på budsjetteringstidspunktet eller meirutgiftene ikkje kan vente.



- 2.3 Ev. tilleggsloyvingar inneber at budsjettet vert endra på programområdenivå. Slike endringar kan berre gjerast av fylkestinget.

3. INVESTERINGAR OG LÅNEOPPTAK

- 3.1 Det kan takast opp årlege samlelån for alle prosjekt som det ikkje er vedteke særskilt lånefinansiering for. Alle lån skal ha ei avdragstid som gjer at det er mogeleg å oppfylle kravet i kommunelova om at den samla lånegjelda vert avdregen planmessig. Attverande løpetid for fylkeskommunen si samla lånegjeld skal ikkje overstige vekta levetid for anleggsmidlane ved utgangen av året.

4. BUDSJETTENDRINGAR OG BUDSJETTOPPFØLGING

4.1. Fylkestinget (FT)

- 4.1.1 Berre FT kan endre fylkestinget sitt eige budsjett. Dersom FT gjer slike endringar, vil desse kome til uttrykk i ordinære budsjettendringsvedtak.

4.2 Fylkesutvalet (FU) / fylkesordføraren

- 4.2.1 FU kan vedta dei same endringane i budsjettet som FT dersom vilkåra i reglementet for hastesaker etter kommunelova § 13 er tilstades, jf. FT-sak 46/92 pkt 6.

- 4.2.2 FU disponerer, på fritt grunnlag, midlane til disposisjon på teneste 1004.

Fylkesordføraren har, frå denne løyvinga, fullmakt til å innvilge tilskot på inntil kr 5.000,- i dei tilfelle ei avgjerd bør takast før neste møte i FU. Fylkesordføraren gjev i slike tilfelle FU melding om innvilga tilskot.

- 4.2.3 FU disponerer midlane på omstillingsfondet.

4.3 Kontrollutvalet

- 4.3.1 Kontrollutvalet får fullmakt til å omfordеле mellom tenester på programområde 11 – Kontrollorgan.

4.4 Hovudutvala

- 4.4.1 Hovudutvala kan – for kvart programområde – endre fordelinga på tenester. Fordelinga må tilpassast ev. føringar som ligg FT sitt budsjett og kravet om realistisk budsjettering.

Hovudutvala får fullmakt til å disponere/fordele avsette utviklingsmidlar.

- 4.4.2 Hovudutvala skal – som eit minimum – vurdere forvaltninga av budsjetterte midlar på eigne sektorar etter 1. og 2. tertial. Dette gjeld likevel ikkje for verksemder der det er inngått driftsavtaler.



4.4.3 Hovudutval for opplæring (HO)

- a. HO får fullmakt til å fordele grupper (tidl. klassar), finansierte i programområde 21 "Drift av dei vidaregåande skulane", mellom skular. HO må disponere den samla løyvinga slik at ein tek høgde for behovet som vil oppstå ved nytt skuleår.

4.4.4 Hovudutval for plan og næring (HPN)

- a. HPN får, innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å utforme føringar og tildele midlar til partnerskapsarbeid. Dette gjeld m.a. dei fylkesplanprogramma som hører under Plan og næring, styringsgruppa for reiselivsplanen og kommunesamarbeid knytt til klimaarbeid.
- b. HPN får, innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å vedta bestillardokumentet til Innovasjon Norge.
- c. HPN får, innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å gjere vedtak om tildeling av statlege ordningar for tilskot til landbruk, breiband, førebyggande folkehelsearbeid, friluftsliv, hjorteviltiltak og lokale vilttiltak.
- d. HPN får, innanfor dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å disponere Marint verdiskapingsfond, og fullmakt til å godkjenne handlingsplan for INU-ordninga (kompensasjonsordning for høg arbeidsgjevaravgift).

4.4.5 Hovudutval for samferdsle (HS)

- a. HS får, innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å fastsetje fylkeskommunen sitt kjøp av samferdsletenester. HS må disponere den samla løyvinga slik at ein tek høgde for dei behov som måtte oppstå gjennom året.
- b. HS fordelar midlane som er reservert på programområde 60 – Samferdsleføremål til NOx-avgift.
- c. HS får fullmakt til å overføre innsparte midlar på programområde 63 – Lokale ruter til programområde 62 – Vegar (drift og vedlikehald).
- d. HS får, innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å disponere løyvingane til planlegging og ufordelte investeringar (Til fordeling – vegsektoren)
- e. Varig innsparte midlar frå investeringsprosjekt - på inntil 5 mill.kr - på samferdslesektoren vert tilført posten "Til fordeling vegsektoren". HS fordelar midlane.

4.4.6 Hovudutval for kultur (HK)

HK får, innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å gjere vedtak om tildeling av statlege spelemidlar, tilskot til lag og organisasjoner, tilskot til kunstformidling og kulturtiltak og tilskot til kulturutviklingstiltak. HK må disponere den samla løyvinga slik at ein tek høgde for dei behov som måtte oppstå gjennom året.

4.5 Fylkesrådmannen

- 4.5.1 Fylkesrådmannen har ansvaret for å iverksetje vedteke budsjett.

Fylkesrådmannen har tilvisingsfullmakt for alle utgifter og inntekter på budsjettet og har høve til å vidaredelegere tilvisinga til andre leiarar.

Fylkesrådmannen sitt samla oppfølgingsopplegg må formast slik at FT sine fastlagde produksjons- og aktivitetsmål vert realiserte.

- 4.5.2 Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå budsjetta innafor sentraladministrasjonen i samanheng.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå løyvingar på tenestene innafor programområde 37 Tannhelsetenesta i samanheng i saker som er kurante.

- 4.5.3 Fylkesrådmannen får fullmakt til å forvalte tilskotsordninga i høve tilbydarar av fagskuleutdanning i helse- og sosialfag og tilskot til lærebedrifter.

- 4.5.4 Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere midlar som er avsett under Andre område i Plan og næring sitt budsjett.

- 4.5.5 Fylkesrådmannen kan tilpasse drifts- og kapitalbudsjettet for å tilfredsstille forskriftene sitt krav om at utstyr og inventar skal førast i kapitalrekneskapen. Slike overføringer er unnateke frå reglane om strykning ved ev. driftsunderskot, jf. § 9 i "Forskrift om årsregnskap og årsberetning". Det gjeld i slike høve ikkje noko beløpsgrense.

- 4.5.6 Ved ras, flaumar og liknande uventa hendingar får fylkesrådmannen mynde til å setje i verk turvande mellombelse strakstiltak som, t.d. oppryddingstiltak, ekstra båtskyss, ferje, buss o.l., for å oppretthalde turvande kommunikasjonar. Hovudutval for samferdsle skal snarast mogleg informerast om iverksette tiltak. Dei økonomiske konsekvensane av tiltaka skal i størst mogleg grad søkjast finansiert innafor sektoren sine rammer.

5. REKNESKAPSAVSLUTNINGA

- 5.1 Ev. unytta løyvingar på kapitalrekneskapen skal, utan nærmere vedtak, kunne nyttast til same føremål seinare budsjettår. Ev. unytta lånemidlar vert overført til seinare budsjettår dersom føremålet ikkje er avslutta. Dersom føremålet er avslutta, skal resterande lånemidlar overførast andre investeringsføremål.

- 5.2 Tannhelsetenesta sitt driftsresultat (overskot eller underskot) skal – så langt fylkekommunen sin økonomi tillet det – føre til tilsvarande endring i tannhelsetenesta sitt budsjett/rekneskap for neste år.



Eventuell overføring av unytta midlar til neste år føreset at måltala for tannhelse-tenesta vert realiserte.

- 5.3 Rekneskapen for dei vidaregåande skulane vert avslutta etter anordningsprinsippet. Etter rekneskapsavsluttinga skal resultatet – så langt fylkeskommunen sin økonomi tillet det – føre til tilsvarende endring i skulane sine budsjett/rekneskap for neste år. Dette gjeld alle skulane inkludert landslinene og fagskulen og omfattar alle områda som rektorane har ansvaret for.
- 5.4 Rekneskapen for fylkesvegnettet skal avsluttast etter anordningsprinsippet. Etter rekneskapsavslutninga vert innsparingar og overskridingar på driftsløyvingane summert og skal, så langt fylkeskommunen sin økonomi tillet det, føre til tilsvarende endring i budsjettet/rekneskap for neste år.
- 5.5 Det vert lagt til grunn slik strykersrekkefølgje dersom det vert underskot i driftsrekneskapen:
1. Overføring av driftsmidlar til investeringsbudsjettet.(eksl. Overføring til fylkesveganlegg)
 2. Avsetjing av eit ev. overskot i samsvar med pkt 5.2 (resultatovertføring tannhelsetenesta).
Avsetjing av eit ev. overskot i samsvar med pkt 5.3 (resultatovertføring vidaregåande skular).
Avsetjing av eit ev. overskot i samsvar med pkt 5.4 (resultatovertføring fylkesvegnettet).
Avsetjingane relatert til pkt 2, verte strokne høvesvis likt.



Vedlegg 3: Delegeringsreglement



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen

DELEGERINGSREGLEMENT

Vedteke av fylkestinget den **08.12.09** i sak nr **65/09**.



VIDAREDELEGERING

Vedteke av fylkesrådmannen den **15.03.10**



F Ø R E O R D

Dette heftet inneholder delegeringsreglement for fylkeskommunen vedteke av fylkestinget den 8.12.09, sak nr 65/09. Reglementet trådte i kraft straks.

*Utgangspunktet i kommunelova og særlovene er at all mynde ligg i fylkestinget.
Fylkestinget har høve til å delegere myndet gitt i kommunelova og særlovene med unntak av dei lovreglar der det er brukt uttrykket "fylkestinget selv" avgjer.*

Systemet i dette delegeringsreglementet er at ein del mynde er delegert direkte frå fylkestinget til fylkesrådmannen, medan ein del andre mynde er delegert frå fylkestinget til fylkesutvalet og hovudutvala. Fylkesutvalet har høve til å vidaredelelegere mynde til hovudutvala og fylkesrådmannen, og hovudutvala har høve til å vidaredelelegere mynde til fylkesrådmannen.

Ifølgje kommunelova skal all delegering av mynde frå politiske utval til administrasjonen delegerast til fylkesrådmannen. Politiske utval kan ikkje delegerere mynde til andre i administrasjonen. Evt saker til hovudutvala om vidaredelegering skal signerast av fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har den 15.03.10 vidaredelegerert ein god del av myndet sitt til fylkesdirektørane m.fl. Denne vidaredelegeringa er i reglementet markert ved understrekning i teksten.

Vidaredelegering til fylkesdirektørane inneber at dei også har mynde til å opptre som underinstans i klagesaker etter forvaltningslova.

Fylkesdirektørane har høve til å vidaredelelegere myndet sitt der det i delegeringsreglementet er sagt at fylkesdirektøren har høve til å vidaredelelegere. Fylkesrådmannen og fylkesrevisjonen skal ha kopi av evt vedtak om vidaredelegering.

*Fylkesrådmannen,
Mars 2010*

INNHOLD	Side
KAP 1 GENERELT	5
1.1 Heimel, definisjon	5
1.2 Føremål	5
1.3 Særskilde delegeringsreglement	6
1.4 Myndefordeling	6
1.4.1 Fylkestinget	6
1.4.2 Fylkeskordføraren	6
1.4.3 Fylkesutvalet	6
1.4.4 Hovudutvala	6
1.4.5 Fylkesrådmannen	6
KAP 2 NÆRARE OM DELEGERING	8
2.1 Bruk av delegert mynde	8
2.2 Vidaredelegering	8
2.3 Tilbaketrekking av delegert mynde	8
2.4 Omgjering – kontroll	8
2.5 Rett til å la vere å bruke delegert mynde	8
2.6 Mynde i klagesaker	9
KAP 3 DELEGERING AV MYNDE ETTER LOVER OG FORSKRIFTER	10
3.1 Straffelova av 22.5.02 nr 10	10
3.2 Lov om taubaner og løypestrenger av 14.6.1912 nr 1	10
3.3 Lov om erverv av vassfall, bergverk og annan fast eigedom m.v. av 14.12.1917 nr 16	10
3.4 Lov om vassdragsregulering av 14.12.1917 nr 17	10
3.5 Lov om friluftslivet av 28.6.1957 nr 16	10
3.6 Grannelova av 16.6.1961 nr 15 og grannegjerdelova av 05.05.1991	11
3.7 Lov om undersjøiske naturforekomstar av 21.6.63 nr 12	11
3.8 Veglov av 21.6.1963 nr 23	11
3.9 Lov om naturvern av 19.6.1970, nr 63	12
3.10 Lov om kulturminne av 9.6.1978, nr 50	12
3.11 Lov om kartlegging, deling og registrering av grunneigedom av 23.6.1978,	14
3.12 Lov om jordskifte o.a av 21.12.1979 nr 77	14
3.13 Lov om jakt og fangst av vilt av 29.05.1981 nr 38	14
3.14 Lov om vern mot forureiningar og om avfall av 13.3.1981, nr 6	14
3.15 Lov om tannhelsetenesta av 3.6.1983, nr 54	15
3.16 Konkurslova av 8.6.1984, nr 58	15
3.17 Lov om folkebibliotek av 20.12.1985 nr 108	15
3.18 Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetnad og fordeling av energi av 29.6.1990, nr 50	15
3.19 Tvangsfullføringslova av 26.6.1992, nr 86	16
3.20 Lov om laksefisk og innlandsfisk m. v av 15.05.1992 nr 47	16
3.21 Lov om anlegg og drift av jernbane, herunder sporvei, tunnelbane og forstadsbaner m.m av 11.06.1993 nr 100	16

3.22	Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa av 17.6.1998, nr 61	16
3.23	Lov om offentlige anskaffelser av 16.7.1999, nr 69, og Forskrift om offentlige anskaffelser av 07.04.2006 nr 402	19
3.24	Lov om vassdrag og grunnvatn av 24.11.2000, nr 82	19
3.25	Lov om kommunegrenser av 15.6.2001, nr 70	19
3.26	Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy av 21.6.2002, nr 45	20
3.27	Forkrift om anbod i lokal rutetransport av 26.03.2003 nr 400	21
3.28	Forskrift om yrkestransport innanlands med motorvogn m.v. av 26.3.2003	21
3.29	Lov om private skolar med rett til statstilskot av 04.07.2003, nr 84	22
3.30	Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom av 28.11.2003	23
3.31	Lov om Innovasjon Norge av 19.12.2003, nr 130	23
3.32	Lov om fagskoleutdanning av 20.06.2003 nr 56	24
3.33	Lov om universiteter og høyskoler av 01.04.2005 nr 15	24
3.34	Lov om akvakultur av 17.06.2005 nr 79	24
3.35	Tvistelova av 17.06.2005 nr 90	24
3.36	Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemد av 29.06.2007 nr 89	24
3.37	Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar av 06.06.2008 nr 37	25
3.38	Plan og bygningslov av 27.06.2008 nr 71	25
3.39	Lov om forvaltning av naturens mangfold av 19.06.2009 nr 100	27
KAP 4 ANNA DELEGERING		28
4.1	Val og oppnemningar	28
4.2	Høyringsfråsegnar	28
4.3	Husleigeforhold	28
4.4	Disposition over fast eigedom	29
4.5	Deltaking i stiftingar, aksjeselskap eller andre selskap	29
4.6	Organisering i administrasjonen	29
4.7	Dekking av sakskostnader	29
4.8	Pengekrav (medrekna erstatningskrav) – utanomrettsleg handsaming	30
4.9	Statlege og andre tilskotsmidlar innafor kultursektoren	30
4.10	Opprettning, nedlegging og omgjering av stillingar	30
4.11	Bygggesaksrutinar	30

DELEGERINGSREGLEMENT

KAP 1. GENERELT

1.1 Heimel, definisjon

Dette reglementet er utarbeidt på grunnlag av lov om kommunar og fylkeskommunar av 25.9.92 nr. 107, aktuelle særlover og ulovfesta reglar om delegering.

Delegering vil seie overføring av mynde frå eit organ til eit anna. Det rettslege innhaldet av eit delegeringsvedtak er at den ein delegerer til kan treffe avgjerder innan vedtaket sine rammer på vegner av det delegerande organet.

Delegering av mynde inneber ikkje at det delegerande organet gir frå seg mynda eller ansvaret på vedkomande område. Den som delegerer mynde kan når som helst ta tilbake den mynda som er delegert.

1.2 Føremål

Føremålet med delegeringsreglementet er å fremje effektiv sakshandsaming og avgjerdstaking ved å fordele vedtaksmynne til optimalt avgjerdsnivå, under omsyn til behovet for reell politisk styring/kontroll, effektiv ressursutnytting og rettstryggleik.

1.3 Særskilde delegeringsreglement

Delegering av mynde i høve fylkeskommunen sitt budsjett vert fastsett i eit eige budsjettreglement. Dette vert rullert årleg og vedteke av fylkestinget som ein del av budsjettet. Reglementet er tilpassa kommunelova sine reglar.

Delegering av mynde i høve fylkeskommunen sin finansforvaltning er fastsett i eit eige finansreglement.

Delegering av mynde i personalsaker (tilsetjing, permisjonar m.v.) vert fastsett i særskilde reglement og vedtak.

Reglane i kapittel 1 og 2 i dette reglementet gjeld også i forhold til delegering fastsett i særskilde reglement eller vedtak.

1.4 Myndefordeling

1.4.1 Fylkestinget

Fylkestinget er ifølge kommunelova § 6 det øverste organet i fylkeskommunen og gjer vedtak på vegner av fylkeskommunen i alle saker dersom anna ikkje følgjer av lov eller fylkestinget sine delegeringsvedtak.

Fylkestinget har all mynde som ikkje positivt er lagt til andre organ.

Berre fylkestinget kan disponere unytta løyvingar som følgje av at nye tiltak ikkje vert sette i verk i budsjettåret.

1.4.2 Fylkesordføraren

Fylkesordføraren er fylkeskommunen sin rettslege representant. Han underskriv på vegner av fylkeskommunen, jfr. kommunelova § 9, dersom mynda ikkje er lagt til andre.

1.4.3 Fylkesutvalet

Fylkesutvalet tek avgjerd i saker som ikkje vert avgjort av fylkestinget og i saker der avgjerdsmynne ikkje er lagt til underordna organ, jfr. elles myndefordelinga i kap 3 og 4 nedanfor.

Fylkesutvalet skal likevel vurdere om einskilde saker er av slik prinsipiell betydning at dei bør leggjast fram for fylkestinget til avgjerd.

Fylkesutvalet kan opprette og nedlegge komitear i samsvar med kommunelova § 10, nr 5.

Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som skulle vore avgjort av fylkestinget når det er naudsynt at det vert teke avgjerd så snart at det ikkje er tid til å kalle inn til møte i fylkestinget, jfr FT-sak nr 46/92. Dette gjeld likevel ikkje saker der mynda er lagt til fylkestinget utan rett til vidaredelegering.

Fylkesutvalet har funksjonen som klagenemnd etter forvaltningslova § 28, jfr. FT-sak nr 46/92.

1.4.4 Hovudutvala

Hovudutvala sitt mynde er fastsett i kap 3 og 4 i dette reglementet, i reglementa for hovudutvala og i særskilde delegeringsvedtak.

1.4.5 Fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen er den øverste leiaren for den samla fylkeskommunale administrasjonen, jfr. kommunelova § 23.

All delegering frå politiske organ til administrasjonen skal skje til fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen avgjer sjølv vidaredelegering.

Fylkesrådmannen har mynde til å ta avgjerd i enkeltsaker og typar av saker som ikkje er av prinsipiell betyding. Dette vil vere saker av mindre rekkevidde og rutinemessig karakter i samsvar med innarbeidd praksis gjennom tidlegare vedtak i einskildsaker.

Fylkesrådmannen sitt mynde er elles fastsett i kap 3 og 4 i dette reglementet, i andre fylkeskommunale reglement og i eigne delegeringsvedtak.

Fylkesrådmannen er delegert mynde til å underskrive avtalar i dei tilfella han også har mynde til å inngå avtalen, t.d. avtalar om drift av bygningar innafor budsjettrammene og rammeavtalar om innkjøp.

I saker der fylkesrådmannen eller andre i administrasjonen gjer vedtak etter delegert mynde skal vedkomande hovudutval orienterast om vedtaket. Dette gjeld likevel ikkje vedtak i personalsaker og andre kurante enkeltvedtak som ikkje er av prinsipiell betyding.

Fylkesrådmannen har ansvaret for å setje i verk vedteke budsjett. Fylkesrådmannen har tilvisingsfullmakt for alle utgifter og inntekter på budsjettet.

Assisterande fylkesrådmann har fullmakt til å ta avgjerd på vegne av fylkesrådmannen.

KAP 2. NÆRARÉ OM DELEGERING

2.1 Bruk av delegert mynde/fullmakt

All delegert mynde skal utøvast i samsvar med dei sakshandsamingsreglane som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltingsskikk, og elles innanfor plan- og budsjetttramme som er fastsette av fylkestinget eller anna overordna fylkeskommunalt organ.

2.2 Vidaredelegering

Fylkesrådmannen har høve til å vidaredelegere delegert mynde dersom anna ikkje er bestemt i dette reglementet eller vedtak. Andre i administrasjonen har ikkje mynde til å vidaredelegere dersom dette ikkje uttrykkeleg er sagt i delegeringsvedtaket.

Fylkesutvalet og hovudutvala har høve til å vidaredelegere delegert mynde dersom anna er bestemt.

Kontrollutvalet og Fylkesrevisjonen skal ha melding om all vidaredelegering. Vidare skal fylkesrådmannen ha melding slik at ein alltid kan ha ei samla oversikt over all delegering.

2.3 Tilbaketrekkning av delegert mynde

Delegert mynde kan når som helst trekkast attende.

Før det er fatta vedtak kan eit overordna organ krevje å få ei sak til avgjerd som elles skulle ha vore avgjort av eit underordna organ i samsvar med delegert mynde, når situasjonen tilseier dette.

2.4 Omgjering - kontroll

Eit overordna organ kan av eige tiltak gjere om eit vedtak frå underordna organ i samsvar med reglane i forvaltningslova § 35.

Gjennom kontrollutvalet fører fylkestinget det øvste tilsyn med at delegert mynde vert utøvd i samsvar med reglar og intensjonar for delegering, og fylkestinget kan når som helst kalle attende fullmakter som er gjevne etter dette reglementet eller andre reglement og vedtak.

2.5 Rett til å vere å bruke delegert mynde

Organ eller arbeidstakar som har fått delegert mynde kan i særskilde tilfelle overlate til overordna organ å ta avgjerd i ei konkret sak.

2.6 Mynde i klagesaker

Delegert mynde til eit hovudutval omfattar også mynde til å handsame ei forvaltningsklage som underinstans.

Ved delegering til arbeidsutval eller anna organ under hovudutval, er det hovudutvalet som skal ha funksjonen som underinstans.

Delegert mynde til fylkesrådmannen omfattar også mynde til å handsame ei forvaltningsklage som underinstans.

Ved delegering frå fylkesrådmannen til andre i administrasjonen, er det anten fylkesrådmannen, fylkesdirektøren, regionvegsjefen eller hovudutvalet som skal ha funksjonen som underinstans. Fylkesrådmannen avgjer dette i delegeringsvedtaket.

KAP 3. DELEGERING AV MYNDE ETTER LOVER OG FORSKRIFTER

3.1 Straffelova av 22.05.1902 nr. 10

Fylkeskommunen sitt mynde til å melde strafflagde handlingar til å politiet og til å krevje offentleg påtale etter § 79 nr 5 er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har gitt fylkesdirektørane mynde til å melde ei strafflagd handling til politiet, med høve til å vidaredelelegere. Fylkesrådmannen skal ha kopi av meldinga med oppmading om å krevje offentleg påtale dersom det krevst i tillegg, t.d ved hærverk eller underslag.

3.2 Lov om taubaner og løypestrenger av 14.6.1912 nr 1.

Fylkeskommunen sitt mynde til å gi fråsegn til søknader om anlegg av taubaner, herunder skitrekk, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for plan – og samfunn.

3.3 Lov om erverv av vassfall, bergverk og annan fast eide dom m.v. (industrikonsesjonslova) av 14.12.1917 nr. 16

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 24 til å gi fråsegn i saker om søknad om konsesjon er delegert til fylkesutvalet.

3.4 Lov om vassdragsregulering av 14.12.1917 nr. 17

Fylkeskommunen sitt mynde etter §§ 6 og 12, pkt 12, til å gi fråsegn i saker om vassdragsregulering, her medrekna konsesjonssøknader, ligg til fylkestinget. Fylkesutvalet har mynde til å gi fråsegn der utbygginga er mindre enn 10 megawatt (småkraftverk).

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11, pkt 2, til å disponere midlar som er opparbeidde i eit evt vassdragsreguleringsfond er delegert til fylkesutvalet.

3.5 Lov om friluftslivet av 28.06.1957 nr. 16

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 22 for å fremje friluftsformål i fylket er lagt til hovudutval for plan og næring.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 22 til å opptre eller klage for å ivareta interessene til ålmenta er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 22 til å reise søksmål for å ivareta ålmentas interesser er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 24, 5. ledd, til å bringe inn for departementet fylkesmannen sine vedtak etter §§ 2, 15 og 16 er delegert til hovudutval for plan og næring.

3.6 Grannelova av 16.06.1961 nr. 15 og grannegjerdelova av 05.05.1961.

Fylkesrådmannen er delegert mynde til på opptre på fylkeskommunen sine vegner i saker etter desse lovene. Likevel skal saker med vesentlege kryssande interesser mellom fylkeskommunen som eigar av eigedom og som offentleg planstyresmakt leggjast fram for fylkesutvalet. Det er høve til vidaredelegering av mynde som gjeld grannegjerdelova.
Fylkesrådmannen har delegert myndet etter grannegjerdelova til bygg – og eigedomssjefen.

3.7 Lov om undersjøiske naturforekomstar av 21.6.63 nr 12.

Fylkeskommunen sitt mynde til å gi løyve for undersøking og utnytting av skjelsand, sand og grus etter § 2 og etter vedtak av Nærings- og energidepartementet av 29.3.93 er delegert til hovudutval for plan og næring.

3.8 Veglov av 21.06.1963 nr 23

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3 til å gi fråsegn til opptak av veg som riksveg er delegert til hovudutval for samferdsle.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4 til å ta opp kommunal eller privat veg som fylkesveg er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 7 til å uttale seg om nedlegging eller omgjering av riksveg eller til å fatte vedtak om nedlegging eller omgjering av fylkesveg til kommunal veg er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8, jfr § 7, til å omdisponere mindre parsellar av fylkesveggrunn som er vorte til overs ved omleggingsarbeid m.v. er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har gitt fylkesdirektøren for samferdsle mynda etter § 8, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde som vegstyresmakt for fylkesvegar etter § 9 er delegert til hovudutval for samferdsle.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 10 til å uttale seg ved tilsetjing av vefsjef er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 10 (3) til å avgjere erstatningskrav etter skaderstatningslova § 2-1 som gjeld arbeid på fylkesvegar er delegert til fylkesrådmannen for krav under 100 000 kroner. Dette gjeld og erstatningskrav for skader på motorkøyretøy der fylkesveganlegget er skuld i skaden for krav under 100 000 kroner. For krav over 100 000 kroner er mynda lagt til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til å avgjere erstatningskrav på under 100 000 kroner vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 29 (4) til å fastsetje at avstanden for byggjegrense skal vere kortare enn 50 meter på fylkesveg er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 38 til å vedta råderettsavgrensing for grunn innanfor byggjegrensa er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

3.9 Lov om naturvern av 19.06.1970 nr. 63

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 18 til å gi fråsegn i saker der det skal gjerast vedtak om vern eller freding er delegert til fylkesutvalet. Dette gjeld også mynde til å drøfte vernearbeidet når fylkeskommunen blir påverka av vernevedtaket.

Mynde til å gi fråsegn til saker vedrørande nasjonalparkar, landskapsverneområde og tematiske verneplanar ligg til fylkestinget.

3.10 Lov om kulturminne av 9.6.1978 nr. 50, jfr forskrift om fagleg ansvarsfordeling fastsett ved kgl. res. av 09.02.79, nr 87 og forskrift om delegering av mynde etter kulturminneloven fastsett ved kgl. res. av 31.08.94 nr 888.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3 til å avgjere om marka over eit automatisk freda kulturminne fortsett kan nyttast til beit eller innmark og avgjersle om pløying og anna jordarbeid djupare enn tidlegare kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 6 til å fastsetje sikringssone er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8 til å ta i mot og handsame meldingar om tiltak som kan verke inn på automatisk freda kulturminne er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9 til ta i mot planar, krevje forlenga uttalefrist og gi uttale om tiltak som kjem inn under reglane om undersøkingsplikt er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11 til å registrere og vedlikehalde automatisk freda kulturminne, med unntak av dei kulturminne som ved forskrift er lagt til Riksantikvaren, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 13 til å ta i mot meldingar og setje i verk tiltak for å verne lause kulturminne, til å er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 15a til i særlege tilfelle å gjere unntak frå vedtak om freding og fredingsføresegner som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda kulturminnet er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 17 til å gi pålegg om istandsetjing av freda bygning, anlegg m.v. og oppfølging av pålegg om istandsetjing, er delegert til hovudutval for kultur.

Fylkesrådmannen er gitt mynde til å gjere undersøkingar i slike saker og unntaksvis gi pålegg om istandsetjing eller vedlikehald av freda bygning eller anlegg. Det er eit vilkår at vedlikehaldsarbeidet hastar så mykje at det ikkje er tid til å leggje saka fram for hovudutvalet til avgjerd. Hovudutvalet skal ha melding på første møte etter at slikt pålegg er gjeve.

Fylkesrådmannen sitt mynde til å gjere undersøkingar og pålegg er delegert til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommune sitt mynde etter § 18 til å ta i mot melding om freda bygning, anlegg m.v. som er skada ved brann eller liknande og avgjere om denne skal setjast i stand eller byggjast opp att, er delegert til hovudutval for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 19, 3. ledd, til i særlege tilfelle å gjere unntak frå vedtak om freding og fredingsføresegner for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda området, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 21 til å gjennomføre skjøtsel i område som er freda etter §§ 19 og 20 er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 22, nr 1, til å gi uttale til Riksantikvaren i saker om freding er delegert til hovudutval for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 22a nr 1 til å drøfte fredingsarbeidet er delegert til hovudutval for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 22, nr 4, til å gjere vedtak om mellombels freding inntil Riksantikvaren har avgjort saka er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt oppgåve etter § 25 til å utøve meldeplikt m.v. om tiltak som er omfatta av lova er lagt til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

3.11 Lov om kartlegging, deling og registrering av grunneigedom (delingslova) av 23.6.1978 nr 70.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 2-1 til å krevje kartforretning er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til bygg – og egedomsjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-1 til å krevje delingsforretning er delegert fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til bygg – og egedomsjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-1 til å bekrefte egedomsforhold med eigenerklæring ved registrering av grunn til veg og jernbaneformål er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til bygg – og egedomsjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde til å gi fråsegn i delingssaker er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til bygg – og egedomsjefen.

3.12 Jordskiftelova av 21.12.1979 nr 77

Fylkesutvalet er delegert mynde til å fremme jordskiftesaker.

Der jordskiftesaker er reist mot fylkeskommunen skal fylkesutvalet orienterast om saka når ein får innkalling til rettsmøte.

Fylkesrådmannen har mynde til å førebu saka og engasjere juridisk bistand.

Fylkesrådmannen avgjer om saka skal ankast.

3.13 Lov om jakt og fangst av vilt (viltlova) av 29.05.1981 nr 38

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 21 (2) til å endre avstanden for jakt frå motorbåt er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 51 (1) til å godkjenne skotpremie er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

3.14 Lov om vern mot forureininger og om avfall (forureiningslova) av 13.03.1981 nr. 6

I saker der fylkeskommunen evt blir forureiningsmynde etter § 81, er mynda til å gjere vedtak etter lova delegert til fylkesrådmannen.

Mynde til å gi fråsegn i konsesjonssaker er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet etter forureiningslova til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

3.15 Lov om tannhelsetenesta av 03.06.1983 nr. 54

Fylkesutvalet er klageorgan etter § 2-3.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-2 til å inngå avtalar med privatpraktiserande tannlegar er delegert til fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen har delegert myndet til direktøren for tannhelsetenesta med høve til vidaredelegering.

Mynde til å inngå avtalar med fylkeskommunalt tilsette tannlegar om privat praksis og leige av tannklinikke er delegert til fylkesrådmannen, jfr FU-sak nr 66/91.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til direktøren for tannhelsetenesta med høve til vidaredelegering.

3.16 Konkurslova av 08.06.1984 nr 58

Fylkesrådmannen er gjeven mynde til å krevje at buet til ein skuldnar vert teke under konkurshandsaming.

3.17 Lov om folkebibliotek av 20.12.1985 nr 108

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8 til å fastsetje reglement for fylkesbiblioteket er delegert til hovudutval for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9 til å inngå avtalar om felles bibliotekdrift med ein eller fleire kommunar er delegert til hovudutval for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 10 til å inngå avtale med skulestyresmaktene i fylket om bibliotekfaglege spørsmål er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11 til å fordele statlege midlar, evt gi fråsegn, er delegert til hovudutval for kultur.

3.18 Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova) av 29.6.90, nr 50.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 2-1 til å gi fråsegner til førehandsmeldingar og konsesjonssøknader er delegert til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen er delegert mynde til å gi fråsegn i enkle og uproblematiske saker.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

3.19 Tvangsfullføringslova av 26.06.1992 nr. 86

Fylkesrådmannen er gjeven mynde til å setje i verk dei tiltaka tvangsføringslova heimlar for sikring og inndriving av uteståande pengekrav, og fullføring av krav og rettar som går ut på anna enn betaling av pengar. Likeins kan han krevje utkasting av leigetakar når leigetida er ute eller når leigesummen ikkje er betalt til rett tid.

Fylkesrådmannen kan i kurante saker bruke dei rettsmiddel som er nødvendige for å fullføre ei tvangsinndrivingssak, herunder inngå forlik. Bruk av rettsmidlar utover dette, herunder anke, skal avgjerast av fylkesutvalet.

3.20 Lov om laksefisk og innlandsfisk m.v. av 15.05.1992 nr 47

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 42 til å tilsetje oppsyn er delegert til fylkesrådmannen.
Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

3.21 Lov om anlegg og drift av jernbane, herunder sporvei, tunnelbane og forstadsbane m.m. (jernbaneloven) av 11.06.1993 nr 100

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 7 til å fastsetje transportvilkår dersom ein gir tilskot er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8g til å krevje informasjon om tilsette i verksemda som driv transporten er delegert til hovudutvalet for samferdsle.

3.22 Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa av 17.6.1998, nr 61

1. Hovudutval for opplæring har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-7 til å gi forskrifter om ordensreglement ved den enkelte vidaregåande skulen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-8 og § 4A-9 til å vedta at ein elev skal miste retten til vidaregåande opplæring etter § 3-1 og § 4A-1 flg.

Fylkeskommunen si plikt etter §§ 4A-3 og 4A-4 til å oppfylle retten til vidaregåande opplæring for vaksne.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9-1, 3. ledd, til å søkje om unnatak frå påbodet om at skulen skal leiast av rektor.

Foreslå for fylkestinget retningsliner for elevane sin møterett i fylkeskommunale nemnder etter § 11-8, jfr kommunelova § 26.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-2 til å sørge for grunnskuleopplæring, spesialpedagogisk hjelp og vidaregåande opplæring for klientar i institusjonar etter barnevernlova.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3 til å oppfylle retten til vidaregåande opplæring etter opplæringslova for alle som er busette i fylkeskommunen, jfr § 3-1 Rett til vidaregåande opplæring og § 5-1 Rett til spesialundervisning.

Mynde til årleg tilpassing av det vedtekne opplæringstilbodet:

Hovudutval for opplæring har mynde til å tilpasse det vedtekne opplæringstilbodet i samsvar med endra føresetnader for det enkelte skuleåret.

2. Fagopplæringsnemnda har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafer:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-6 til å samtykkje i at lærretida i den nye lærebedrifta kan gjerast inntil eitt år lengre dersom lærlingen har fått mangefull opplæring.

3. Fylkesrådmannen har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafer:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-1, 3. ledd, til etter søknad å gi eleven eller lærlingen løyve til utsetjing med eller avbrot i opplæringa utan at retten tek slutt.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 3-1, 7. ledd, for å tilby anna opplæring dersom ein elev eller ein lærling har særlege vanskar med å følgje den opplæringa som er vald.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-2 til å gi forskrifter om skule- og feriedagar i skuleåret for elevane.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-4 til å søkje om avvik fra forskrifter om læreplanar for ein skule.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-8 og § 4A-9 til å vedta bortvising av ein elev for resten av lengda på det grunnkurset eller vidaregåande kurset eleven er teken inn på.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 5-1 og § 5-3 til å vedta spesialundervisning.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3 til å gi tilbod til søkerar utan rett etter § 3-1 og 4A-3.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3a til å sørge for opplæring i helseinstitusjonar.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3b til å sørge for ulykkesforsikring for elevane.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3c til å sørge for rettleiing og kvalitetsutvikling.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3d til å sørge for foreldresamarbeid.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 13-10 til å sørge for at det finst eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte og eit forsvarleg system for oppfylging av resultata frå vurderingane.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 13-4 og § 4A-7 for skyss, reisefølgje og tilsyn etter reglane i kapittel i 7 i opplæringslova.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 13-4 for å organisere skuleskyssen i samråd med kommunane.

Fylkesrådmannen har delegert myndet etter ovanståande paragrafar, med unntak av § 13-4 og § 4A-7, vidare til fylkesdirektøren for opplæring, med høve til vidaredelegering.

Myndet etter § 13-4 og § 4A-7 er delegert til fylkesdirektøren for samferdsle.

4. Klageinstans

Klage på enkeltvedtak

Fylkesutvalet er klageinstans for følgjande enkeltvedtak:

- vedtak om inntak på utdanningsprogram eller programområde, eller kva skule søker skal takast inn på etter §3-1, jfr § 15-2
- vedtak av rektor om bortvising inntil 5 dagar etter § 3-8
- vedtak om bortvising for resten av kurset etter § 3-8 og § 4A-9
- vedtak om vidaregående opplæring for vaksne etter kap 4A
- vedtak om skyss etter § 13-4 og friskulelova § 3-7, 2. ledd
- enkeltvedtak i fagopplæringsnemnda, jfr § 15-2

Klage på karaktervurdering

Fylkesrådmannen er klageinstans på vurdering etter forskrift til opplæringslova, kapittel 5, med unntak av § 5-9, slik:

- klage over karakter ved munnleg avgangsprøve/eksamen etter § 5-10
- klage over eksamensresultat ved andre, ikkje skriftlege eksamenar etter § 5-11
- klage over standpunkt-karakterar etter § 5-12
- klage over karakter i orden og åtferd etter § 5-13
- klage grunngitt med formelle feil eller andre ikkje-faglege forhold § 5-14 (5)
- klage på bedømming av kompetanseprøvar etter § 5-14 (2)

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-9 i forskrift til opplæringslova til å oppnemne klagenemnder til skriftleg lokalgjevne eksamenar er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet sitt vidare til fylkesdirektøren for opplæring.

3.23 Lov om offentlige anskaffelser av 16.7.1999, nr. 69, og Forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) av 7.4.2006 nr. 402

Fylkesrådmannen har mynde til å utføre oppgåver og til å ta avgjelder etter lova og forskrifter, herunder å utarbeide tilbodsgrunnlag, akseptere tilbod og inngå avtalar om kjøp og tenester og å avgjere klage over tildeling av kontrakt.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for samferdsle når det gjeld varer, tenester og bygge – og anleggskontraktar i tilknyting til fylkesvegar, med hove til vidaredelegering til regionvegsjefen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til bygge – og eigedomssjefen når det gjeld bygge – og anleggskontraktar, jfr årlege oppdragsbrev frå fylkesrådmannen. Innkjøpssjefen skal rådførast i kjøpsprosessen. Fylkesrådmannen er klageorgan etter FOA § 13-3 og § 22-3. Bygg – og eigedomssjefen er underinstans.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til innkjøpssjefen når det gjeld andre varer og tenester, jfr årlege oppdragsbrev frå fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen er klageorgan etter FOA § 13-3 og § 22-3. Innkjøpssjefen er underinstans.

3.24 Lov om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova) av 24.11.2000, nr 82

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 19 til å gi fråsegn i saker om vasskraftutbygging ligg til fylkestinget. Fylkesutvalet har mynde der utbygginga er mindre enn 10 megawatt (småkraftverk).

Fylkesrådmannen kan gi fråsegn i enkle og uproblematiske saker, til dømes terskelbygging og forbyggingssaker.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

3.25 Lov om fastsettjing og endring av kommune – og fylkesgrenser (inndelingslova) av 15.6.2001, nr 70

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8 til å søkje om grensejustering eller grensefastsettjing ligg til fylkestinget.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9 til å gi fråsegn til søknader om grenseendring og grensefastsettjing ligg til fylkestinget. Fylkeskommunen sitt mynde til å gi fråsegn og medverke ved saksførebuinga er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11 til å gi fråsegn til kostnadsdelinga i utgreilingssaker om grensejustering ligg til fylkestinget.

Fylkesutvalet har mynde til å gi fråsegn ved mindre endringar i kommunegrensene.

**3.26 Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) av
21.6.2002, nr 45**

1. Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

Eventuell delegert mynde frå departementet etter § 15.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 23 til å vedta at godtgjersle til rutetransport skal gå til eit selskap som administrerer rutesambanda.

2. Hovudutval for samferdsle har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 6 til å gi løyve til persontransport med motorvogn i rute.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 7 til å gi løyve til persontransport med fartøy i rute.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 13 til å gi fråsegn til søknader vedrørande riksvegferjer og fylkeskryssande rutetransport.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 22 til å yte godtgjersler til rutetransport, og til å fastsetje kontraktsform og retningsliner for tildelinga av godtgjersle.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 29 til å tilbakekalle løyve når løyvehavaren ikkje lenger oppfyller krava eller ikkje rettar seg etter fastsette vilkår eller forskrifter.

3. Fylkesrådmannen har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4 til å gi løyve til persontransport mot vederlag med motorvogn.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5 til å gi løyve til godstransport med motorvogn.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8 til å avgjere om det skal nyttast anbod ved tildeling av løyve for persontransport i rute. Fylkesrådmannen har vidare mynde til å utarbeide tilbodsgrunnlag, akseptere tilbod og inngå avtalar om kjøp av tenester m.v og å avgjere klage over tildeling av kontrakt.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9 til å gi løyve til persontransport med motorvogn utanfor rute (drosje, turvogn, selskapsvogn, transport av funksjonshemma m.v.)

Fylkesrådmannen har delegert myndet etter ovanståande paragrafar til fylkesdirektøren for samferdsle. Det er høve til vidaredelegering. I høve til § 9 kan ein berre vidaredelegerere myndet når det gjeld turvogn – og selskapsvognløyve.

3.27 Forskrift om anbod i lokal rutetransport av 26.03.2003 nr 400

Fylkeskommunen sitt mynde til å treffe avgjersle etter forskrifa er delegert til fylkesrådmannen. Dette omfattar blant anna å fastsetje ytterligare krav til leverandør enn dei som går fram av vilkåra for å drive yrkestransport.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for samferdsle.

3.28 Forskrift om yrkestransport innenlands med motorvogn eller fartøy av 26.3.2003, nr 401

1. Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragraf:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 37 til å fastsetje inndeling av fylket i løyvedistrikt.

2. Hovudutval for samferdsle har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 16 til å tilbakekalle løyve etter yrkestransportlova § 29.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 30 til å godkjenne system for billettering, rabatt og liknande.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 32 til å bestemme bruk av rutebilstasjon, bestemte haldeplassar og bestemte gjennomkjøyringsliner m.v.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 33 til å leggje ned rutedrift.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 36 til å unnta persontransport i rute frå løyveplikt.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 37 til å fastsetje tal løyve i fylket.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 46, 1. ledd, til å bestemme om det skal vere ein eller fleire drosjesentralar i eit løyvedistrikt.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 46, 4. ledd, til å godkjenne vedtekter for drosjesentralar.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 46, 7. ledd, til å fastsetje nærmere reglar for drosjeverksemda i løyvedistriktet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 48, 3. ledd, til å bestemme at drosjar skal vere utstyrt med taksmeter, kommunikasjonsutstyr m.v.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 48, 4.ledd, til å bestemme at førar av drosje skal bruke uniform.

3. Fylkesrådmannen har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 15 til å tilbakekalle løyve ved dødsfall eller konkurs.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 39 til å vedta overføring av drosjeløyve ved dødsfall.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 40 til å gjere unnatak fra reglane for drift av selskapsløyve.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 41 til å bestemme stasjoneringsstad for løyve for transport av funksjonshemma.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 46, 2. ledd, til å bestemme stasjoneringsstad for drosjeløyve og om løyvehavar skal vere tilslutta drosjesentral.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 47, 1. ledd, til å fastsetje stasjoneringsstad for drosjar som kjem frå anna løyvedistrikt.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 47, 3. ledd, til å gjere unnatak fra reglane om stasjoneringsstad.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 49 til å tildele reservedrosjeløyve.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 51 til å innvilge søknad om bestyrarordning for drosjeløyve.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 52 til å gjere unnatak for aldersgrensa.

Fylkesrådmannen har delegert myndet etter ovanståande paragrafar til fylkesdirektøren for samferdsle.

3.29 Lov om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova av 04.07.2003 nr 84

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 2-1 til å gi fråsegn før departementet gjer vedtak og mynde til å klage på vedtaket er delegert til hovudutval for opplæring.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-3, 4. ledd, til å vedta omval for eleven er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for opplæring, med høve til vidaredelegering.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-6, 2. ledd, til å vedta spesialundervisning er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for opplæring, med høve til vidaredelegering.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-7, 2. ledd, til å gjere vedtak om skyss er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for samferdsle.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-10, 2. ledd til å bortvise ein elev frå resten av kurset er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for opplæring, med høve til vidaredelegering.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-10, 2. ledd til å vedta at ein elev skal miste retten til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 er delegert til hovudutval for opplæring.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-1 til å velje ein representant som har møte- og talerett i styret for ein friskule er delegert til hovudutval for opplæring.

Fylkesutvalet er klageinstans for vedtak om skyss etter opplæringslova § 13-4 og friskulelova § 3-7, 2. ledd.

3.30 Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonslova) av 28.11.2003 nr 98

Fylkeskommunen sitt mynde til å gi fråsegn til konsesjonssaker som gjeld erverv av fast eigedom er delegert til hovudutval for plan og næring.

3.31 Lov om Innovasjon Norge av 19.12.2003, nr 130

Fylkeskommunen sitt mynde til å velje styremedlemer til det regionale styret er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8 til å gi lån og tilskot til Innovasjon Norge ligg i fylkestinget.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11 til å inngå avtale med selskapet er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 30 til å krevje eit nærmare bestemt emne handsama for ekstraordinært føretaksmøte er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesdirektøren for næring førebur sakene for fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 31a til å foreslå saker handsama på føretaksmøte er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesdirektøren for næring førebur sakene for fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 35 til å fremme forslag om gransking av selskapet eller nærmare angitt forhold vedrørande forvaltninga av det eller selskapet sitt rekneskap er delegert til fylkesutvalet.

3.32 Lov om fagskoleutdanning av 20.06.2003 nr 56

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8 til å gi offentleg tilskot til tilbydarar av godkjent fagskoleutdanning er delegert til hovudutvalet for opplæring.

3.33 Lov om universiteter og høyskoler av 01.04.2005 nr 15

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9-4 (5) til å oppnemne styremedlemmer ved statlige høgskuler er delegert til fylkesutvalet.

3.34 Lov om akvakultur av 17.06.2005 nr 79

Fylkeskommunen sitt mynde til å handsame søknadar om akvakulturløyve er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for næring.

Fylkeskommunen sitt mynde knytte til registreringsordning av akvakultur er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for næring.

3.35 Twistelova av 17.06.2005 nr 90

Fylkesutvalet er delegert mynde til å reise søksmål i tvistesaker.

I saker der fylkeskommunen er saksøkt skal fylkesutvalet orienterast om saka før hovudforhandlingane startar.

Fylkesrådmannen har mynde til å ta stilling til kjæremål over avgjerder under førebuinga av rettssaker.

Fylkesutvalet er delegert mynde til å ta stilling til ankespørsmålet og krav om oppattaking i tvistesaker.

Fylkesrådmannen er delegert mynde til å inngå forlik i tvistesaker for inntil kr 250.000. Utover denne summen ligg avgjerdsmynda til fylkesutvalet.

Mynde til å gi fullmakt til partsrepresentant ligg hjå fylkesordføraren.

Fylkesrådmannen er delegert mynde til å engasjere juridisk bistand.

3.36 Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova) av 29.06.2007 nr 89

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4 til å fremje og legge til rette for variert kulturverksemd er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5 litra a til å samarbeide med stat og kommune for å syte for at kulturlivet har mest mogeleg føreseielege utviklingskår ligg i fylkestinget.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5 litra b og c til å fremja profesjonalitet, kvalitet og deltaking i kulturtilbodet og til å syta for at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for kultur.

3.37 Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) av 06.06.2008 nr 37

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8a til å fatte vedtak på særskilde område innafor lova sitt verkeområde der det er fastsett i forskrift er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for næring.

3.38 Plan- og bygningslov av 27.06.2008 nr 71

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 1-9 (3) til å påklage enkeltvedtak som direkte angår fylkeskommunen sitt saksområde er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-6 til å setje i verk arbeid med planer der ein skal samarbeide med staten og/eller kommunane er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-7 til å heilt eller delvis overta dei oppgåvne planadministrasjonen i kommunen har med å organisere planarbeidet og utarbeide planforslag er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-1 til å utarbeide planprogram er delegert til fylkesutvalet. Fylkesrådmannen har mynde til å gi høyringsfråsegn etter denne paragrafen.
Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-3 til å opprette regional planforum er delegert til fylkesutvalet. Mynda til å lede det regionale planforumet er delegert til fylkesrådmannen.
Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-4 til å komme med motsegn til kommuneplanens arealdel er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-4 til å kome med motsegn til områderegulering er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-4 til å kome med motsegn til detaljregulering er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 6-2 til å gi høyringsfråsegn til statlege planrettningssliner er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 7-1 til å utarbeide ein regional planstrategi er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 7-2 til å vedta den regionale planstrategien er lagt til fylkestinget.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8-1 til å utarbeide regionale planer ut i frå planstrategien er lagt til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8-5 til å fastsetje regional planbestemming er delegert til fylkesutvalet. Dette gjeld også samtykke til å setje i verk tiltak som omfattast av regional planbestemming.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9-4 til å oppmode kommunane til å overføre planarbeidet til regional plan er lagt til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9-5 til å opptre som meklar dersom kommunane er ueinige er lagt til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9-7 til å gi fråsegn om plansamarbeid før departementet pålegg dette er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 10-1 til å gi fråsegn til kommunal planstrategi er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11-1 til å gi fråsegn til kommuneplan er delegert til fylkesutvalet når det gjeld samfunnsdelen. Fylkesrådmannen får mynde til å gi fråsegn til arealdelen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11-4 til å gi fråsegn til kommuneplanens handlingsdel er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 12-10 til å gi fråsegn til reguleringsplan (områderegulering og detaljregulering) er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

Fylkesutvalet skal likevel som hovudregel gi fråsegn i følgjande saker:

- Saker som er i strid med fylkeskommunen sine eigarinteresser når det gjeld eigedommar
- Saker som vedrører kulturminne som blir vurdert til å ha regionale eller nasjonale verdiar.
- Saker som vedrører regionale interesser

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 12-14 til å gi fråsegn til endring eller oppheving av kommunal reguleringsplan er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 14-4 til å varsle om negative miljøverknadar er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

3.39 Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) av 19.06.2009 nr 100

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 41 til å avklare forholdet til spørsmålet om samtidig oppstart av kommunalt og regionalt planarbeid er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 44 til å gi høyringsfråsegn til verneforskrift er delegert til fylkesutvalet.

KAP 4. ANNA DELEGERING

4.1 Val og oppnemning m.v.

Valrett som ikke i lover, forskrifter m.v. er lagt til fylkestinget med delegeringssperre, er delegert til fylkesutvalet. Fylkesutvalet kan delegere mynde vidare til hovudutval eller fylkesrådmannen.

Fylkesutvalet er valnemnd for val som vert gjort av fylkestinget.

Fylkeskommunen sitt mynde til å nemne opp representantar til styre/generalforsamling/årsmtøte m.v. i selskap, stiftingar, statlege organ o.l. er delegert til det hovudutvalet som organet naturleg hører under. Mynda ligg elles til fylkesutvalet.

Fylkesordføraren har mynde til å nemne opp slike representantar dersom det hastar. Hovudutvalet/fylkesutvalet skal underrettast om oppnemninga.

4.2 Høyningsfråsegner

Fylkesutvalet har mynde til å gi høyningsfråsegner til lovutkast, sentrale planar m.v.

Hovudutvala kan gi fråsegner til lovutkast, planar m.v. på vegne av fylkeskommunen når fråsegna har ei klar sektoravgrensing og ikke rører ved spørsmål av prinsipiell rekkevidde for den fylkeskommunale styringa utanfor sektoren eller kan tenkjast å ha konsekvensar for fylkeskommunen sin totaløkonomi. Fråsegna skal ekspederast frå fylkesordføraren som avgjer om den likevel bør leggjast fram for fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har høve til å gi fråsegner i hastetilfelle når det ikke er tid til å vente på neste møte i hovudutvalet/fylkesutvalet. Hovudutvalet/fylkesutvalet skal underrettast om fråsegna og gjevast høve til å gi ei tilleggsfråsegn.

4.3 Husleigeforhold

Fylkesrådmannen har mynde til å inngå og seie opp leigeavtalar om husvære, kontorbygg, undervisningslokale og andre husleigeformål. Det er ein føresetnad at avtalane er kurante og at dei ikke bind opp fylkeskommunen på ein tyngjande måte. Avtalane må ha dekking i budsjettet. Fylkesutvalet avgjer elles desse sakene.

Fylkesrådmannen har delegert myndet sitt til bygg – og eigedomssjefen.

Fylkesrådmannen har mynde til å fastsetje husleiga for fylkeskommunale husvære og bygningar, herunder fastsetje årlege reguleringar og avgjere søknader om subsidiert husleige.

Fylkesrådmannen har delegert myndet sitt til bygg – og eigedomssjefen.

Fylkesrådmannen har mynde til å ta vare på fylkeskommunen sine interesser i alle tvistemål som vert reist mot fylkeskommunen vedkommande leigeforhold. Fylkesrådmannen kan nytte dei rettsmiddel som etter omstenda må reknast å vere i fylkeskommunen sitt interesse, bl.a. inngå forlik, jfr elles kap 3.3 ovafor.

4.4 Disposisjonar over fast eigedom

Fylkesutvalet har mynde til å vedta følgjande:

- Sal eller annan avståing av bygningar og tomtegrunn
- Avtalar om uteleige eller leige av tomtegrunn
- Kjøp av tomtegrunn

Store og prinsipielle saker og saker som treng ekstra budsjettloevning vert å leggje fram for fylkestinget til avgjerd.

4.5 Deltaking i stiftingar, aksjeselskap eller andre selskap

Fylkesutvalet har mynde til å vedta at fylkeskommunen skal vere med som opprettar ved oppretting av stiftingar, kjøpe aksjar i aksjeselskap eller lutar/medlemskap i andre selskap. Likeeins kan fylkesutvalet vedta sal av aksjar og oppseiing av medlemskap i selskap.

Store og prinsipielle saker og saker som treng ekstra budsjettloevning vert å leggje fram for fylkestinget til avgjerd.

4.6 Organisering i administrasjonen

Fylkesrådmannen har mynde til å vedta organisering av sentraladministrasjonen og å vedta organisasjonsplanar og andre tiltak i samband med organisasjons- og utviklingsarbeid i den fylkeskommunale verksemda.

Det er eit vilkår at viktige prinsipp og budsjettmessige konsekvensar skal vere avklara i det politiske systemet på førehand.

4.7 Dekking av sakskostnader

Fylkesutvalet har mynde til å dekkje ein part sine sakskostnader i samsvar med forvaltningslova § 36 når eit vedtak vert endra til gunst for parten. Dersom vedtaket vert endra av fylkesutvalet som klagenemnd, er det klagenemnda som avgjer sakskostnadene.

Fylkesutvalet har mynde til å avgjere søknader om dekking av sakskostnader i andre saker der ein part engasjerer juridisk eller anna fagkunnig hjelp for å ivareta sine rettar i saka, t.d. i oppseiingssaker. Det skal gjerast ei behovsprøving av søknaden. Dersom parten går til søksmål mot fylkeskommunen skal det ikkje gjevast dekking av sakskostnadene, og evt gitte tiltsagn fell bort.

Fylkesrådmannen har mynde til avgjere søknader om dekking av sakskostnader i saker der han har avgjerdsmynde vedrørande erstatningsspørsmålet, jfr kap 4.11.

4.8 Pengekrav (her medrekna erstatningskrav) - utanomrettsleg handsaming

I samband med utanomrettsleg handsaming av krav på erstatning eller anna betalingsoppfylling, har fylkesrådmannen mynde til å forplikte fylkeskommunen for ein sum avgrensa oppover til kr 250 000,-. Mynda ligg elles til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har mynde til i enkeltsaker å ettergi/avskrive fylkeskommunale pengekrav på inntil kr 250 000,- når det er på det reine at kravet ikkje kan drivast inn. Mynda ligg elles til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har delegert til fylkesdirektørane å avskrive pengekrav på inntil kr 50.000.

4.9 Statlege og andre tilskotsmidlar innafor kultursektoren.

Mynde til å fordele eller gi tilråding om fordeling av spelemidlar til idrettsanlegg, friluftsanlegg, helsesportanlegg og ombygging av handikappriktige anlegg, jf Kgl.res. av 3.4.87, er delegert til fylkesrådmannen når det gjeld tilskot på inn til kr 50 000. Mynda ligg elles til hovudutvalet for kultur.

Det same gjeld andre statlege tilskotsmidlar på kultursektoren, t.d. statstilskot til lokale og regionale kulturbygg, og til stasjonære biblioteklokale, fritidsklubar o.l, og fylkeskommunale tilskotsmidlar løyvde i årsbudsjettet.

Fylkesrådmannen har delegert sitt mynde vidare til fylkesdirektøren for kultur.

4. 10 Opprettning, nedlegging og omgjering av stillingar, komml. § 24

Fylkesrådmannen har innanfor budjettrammene mynde til å opprette, omgjere og nedlegge alle stillingar innan den fylkeskommunale verksemda, jfr tilsetjingsreglementet.

4.11 Byggesaksrutinar

Oppgåver og mynde etter fylkeskommunen sine byggesaksrutinar er fastsett av fylkestinget i sak 8/04.

Vedlegg 4: Delegeringsreglement gjeldande frå oktober 2012



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

DELEGERINGS- OG INNSTILLINGSREGLEMENT

Vedteke av fylkestinget 16.10.12 i sak 43/12



VIDAREDELEGERING

Vedteke av fylkesrådmannen 01.02.13



FØREORD

Det gjeldande delegerings- og innstillingsreglementet for fylkeskommunen vart vedteke av fylkestinget 16.10.12, sak 43/12. Reglementet galdt frå vedtaksdato .

All mynde i ein fylkeskommune er forankra i fylkestinget. Nokre avgjerande vedtak kan berre gjerast av fylkestinget sjølv, men dei aller fleste avgjerder kan delegerast til andre organ. I praksis må mange avgjerder delegerast til administrasjonen for at fylkeskommunen skal kunne vere operativ og effektiv.

Systemet i dette reglementet er at fylkestinget delegerer noko mynde til fylkesutvalet eller hovudutvala og noko mynde til fylkesrådmannen. Fylkesutvalet og hovudutvala har høve til å vidaredelegere sitt mynde til fylkesrådmannen dersom ikkje anna er bestemt.

Fylkesrådmannen har vidaredelegerert mykje av myndet sitt til fylkesdirektørane m.fl.
Vidaredelegeringa er i reglementet markert med understrekning i teksten.

Vidaredelegering til fylkesdirektørane inneber at dei også har mynde til å opptre som underinstans i klagesaker etter forvaltningslova.

Fylkesdirektørane har berre høve til å vidaredelegere myndet sitt når dette framgår av reglementet.

Innstillingsinstituttet – reglane om innstilling til vedtak i folkevalde organ – er omtala i kapittel 5.

Fylkesrådmannen,
februar 2013

INNHOLD	Side
KAP 1 GENERELT	5
1.1 Heimel, definisjon	5
1.2 Føremål og rollefordeling	5
1.3 Særskilde reglement o.l.	5
1.4 Myndefordeling	6
1.4.1 Fylkestinget	6
1.4.2 Fylkesordføraren	6
1.4.3 Fylkesutvalet	6
1.4.4 Hovudutvala	6
1.4.5 Fylkesrådmannen	6
KAP 2 NÄRARE OM DELEGERING	8
2.1 Bruk av delegert mynde/fullmakt	8
2.2 Vidaredelegering	8
2.3 Tilbaketrekking av delegert mynde	8
2.4 Omgjering – kontroll	8
2.5 Rett til å la vere å bruke delegert mynde	8
2.6 Mynde i klagesaker	9
KAP 3 DELEGERING AV MYNDE ETTER LOVER OG FORSKRIFTER	10
3.1 Straffelova av 22.05.02 nr 10	10
3.2 Lov om taubaner og løypestrenger av 14.6.1912 nr 1	10
3.3 Lov om erverv av vassfall, bergverk og annan fast eigedom m.v. av 14.12.1917 nr 16	10
3.4 Lov om vassdragsregulering av 14.12.1917 nr 17	10
3.5 Lov om friluftslivet av 28.6.1957 nr 16	10
3.6 Grannelova av 16.6.1961 nr 15 og grannegjerdelova av 05.05.1991	11
3.7 Lov om undersjøiske naturforekomstar av 21.6.63 nr 12	11
3.8 Veglova av 21.6.1963 nr 23	11
3.9 Lov om kulturminne av 09.06.1978, nr 50	12
3.10 Lov om kartlegging, deling og registrering av grunneigedom av 23.6.1978,	14
3.11 Lov om jordskifte o.a av 21.12.1979 nr 77	14
3.12 Lov om jakt og fangst av vilt av 29.05.1981 nr 38	15
3.13 Lov om vern mot forureiningar og om avfall av 13.3.1981, nr 6	15
3.14 Lov om tannhelsetenesta av 03.06.1983, nr 54	15
3.15 Konkurslova av 08.06.1984, nr 58	15
3.16 Lov om folkebibliotek av 20.12.1985 nr 108	15
3.17 Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetnad og fordeling av energi av 29.06.1990, nr 50	16
3.18 Tvangsfullføringslova av 26.06.1992, nr 86	16
3.19 Lov om laksefisk og innlandsfisk m. v av 15.05.1992 nr 47	16
3.20 Lov om anlegg og drift av jernbane, herunder sporvei, tunnelbane og forstadsbane m.m av 11.06.1993 nr 100	16

3.21 Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa av 17.6.1998, nr 61	17
3.22 Lov om offentlige anskaffelser av 16.7.1999, nr 69, og forskrift om offentlige anskaffelser av 07.04.2006 nr 402	19
3.23 Lov om vassdrag og grunnvatn av 24.11.2000, nr 82	19
3.24 Lov om kommune- og fylkesgrenser av 15.06.2001, nr 70	20
3.25 Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy av 21.6.2002, nr 45	20
3.26 Forskrift om yrkestransport innanlands med motorvogn m.v. av 26.3.2003	21
3.27 Lov om private skolar med rett til statstilskot av 04.07.2003, nr 84	22
3.28 Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom av 28.11.2003	23
3.29 Lov om Innovasjon Norge av 19.12.2003, nr 130	23
3.30 Lov om fagskoleutdanning av 20.06.2003 nr 56	24
3.31 Lov om universiteter og høyskoler av 01.04.2005 nr 15	24
3.32 Lov om akvakultur av 17.06.2005 nr 79	24
3.33 Tvilcelova av 17.06.2005 nr 90	24
3.34 Offentleglova av 19.05.2006 nr. 16	25
3.35 Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemnd av 29.06.2007 nr 89	25
3.36 Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar av 06.06.2008 nr 37	25
3.37 Plan og bygningslov av 27.06.2008 nr 71	25
3.38 Lov om forvaltning av naturens mangfold av 19.06.2009 nr 100	27
KAP 4 ANNA DELEGERING	28
4.1 Val og oppnemning m.v.	28
4.2 Høyringsfråseigner	28
4.3 Husleigeforhold	28
4.4 Disposisjon over fast eigedom	29
4.5 Deltaking i stiftingar, aksjeselskap eller andre selskap	29
4.6 Organisering i administrasjonen	29
4.7 Dekking av sakskostnader	29
4.8 Pengekrav (medrekna erstatningskrav) – utanomrettsleg handsaming	30
4.9 Statlege og andre tilskotsmidlar innafor kultursektoren	30
4.10 Opprettig, nedlegging og omgjering av stillingar	30
4.11 Bygggesaksrutinar	30
KAP 5 INNSTILLINGSINSTITUTTET	31
5.1 Innstilling til vedtak i folkevalde organ	31

DELEGERINGSREGLEMENT

KAP 1. GENERELT

1.1 Heimel, definisjon

Dette reglementet er utarbeidd på grunnlag av lov om kommunar og fylkeskommunar av 25.09.92 nr. 107, aktuelle særlover og ulovfesta reglar om delegering.

Delegering vil seie overføring av mynde fra eit organ til eit anna. Det rettslege innhaldet av eit delegeringsvedtak er at den ein delegerer til kan treffe avgjerder innan vedtaket sine rammer på vegner av det delegerande organet.

Delegering av mynde inneber ikkje at det delegerande organet gir frå seg ansvaret på vedkomande område. Den som delegerer mynde kan når som helst ta tilbake det myndet som er delegert.

1.2 Føremål og rollefordeling

Føremålet med delegeringsreglementet er å sikre ei rasjonell arbeidsfordeling mellom fylkestinget, dei andre folkevalde organa i fylkeskommunen og administrasjonen. Fylkestinget har delegert myndet sitt under omsyn til behovet for reell politisk styring og kontroll, effektiv ressursutnytting og rettstryggleik.

Fylkestinget har behov for å føre kontroll med korleis myndet det har delegert til administrasjonen vert utøvd. Dette behovet vert ivareteke gjennom årsrekneskapen, årsrapporten, andre periodiske rapportar og verksemda til kontrollutvalet.

Fylkestinget og fylkesordføraren held seg til administrasjonen gjennom fylkesrådmannen. Hovudutvalsleiarane held seg til administrasjonen gjennom dei respektive fylkesdirektørane.

Administrasjonen arbeider sjølvstendig ut frå faglege vurderingar. Politikarane gjer dei politiske vurderingane.

Bestillingar frå politikarane til administrasjonen skal skje gjennom vedtak i møte i folkevalde organ.

1.3 Særskilde reglement o.l.

Delegering av mynde når det gjeld fylkeskommunen sitt budsjett, vert fastsett i eit eige budsjettreglement. Dette vert rullert årleg og vedteke av fylkestinget som ein del av budsjettet. Reglementet er tilpassa kommunelova sine reglar.

Delegering av mynde når det gjeld fylkeskommunen si finansforvaltning, er fastsett i eit eige finansreglement.

Delegering av mynde når det gjeld fylkeskommunen si konsesjonskraftomsetjing, er fastsett i FT-sak nr. 24/12.

Delegering av mynde i personalsaker (tilsetting, permisjonar m.v.) vert fastsett i særskilde reglement og vedtak.

Reglane i kapittel 1 og 2 i dette reglementet gjeld også ved delegering fastsett i særskilde reglement eller vedtak.

1.4 Myndefordeling

1.4.1 Fylkestinget

Fylkestinget er ifølgje kommunelova § 6 det øvste organet i fylkeskommunen og gjer vedtak på vegner av fylkeskommunen i alle saker dersom anna ikkje følgjer av lov eller fylkestinget sine delegeringsvedtak.

Fylkestinget har all mynde som ikkje positivt er lagt til andre organ.

Berre fylkestinget kan disponere unytta løyvingar som følgje av at nye tiltak ikkje vert sette i verk i budsjettåret.

1.4.2 Fylkesordføraren

Fylkesordføraren er fylkeskommunen sin rettslege representant. Han underskriv på vegner av fylkeskommunen, jf. kommunelova § 9, dersom myndet ikkje er lagt til andre (jf. kap. 1.4.5).

1.4.3 Fylkesutvalet

Fylkesutvalet tek avgjerd i saker etter delegert mynde frå fylkestinget, slik det følgjer av dette reglementet eller av fylkestinget sine delegeringsvedtak i konkrete saker.

Fylkesutvalet kan opprette og nedlegge komitear i samsvar med kommunelova § 10, nr 5.

Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som skulle vore avgjort av fylkestinget når det er naudsynt at det vert teke avgjerd så snart at det ikkje er tid til å kalle inn til møte i fylkestinget, jf. FT-sak nr 46/92. Dette gjeld likevel ikkje saker der myndet er lagt til fylkestinget utan høve til vidaredelegering.

Fylkesutvalet har funksjonen som klagenemnd etter forvaltningslova § 28, jf. FT-sak nr. 46/92.

1.4.4 Hovudutvala

Hovudutvala tek avgjerd i saker som naturleg fell innanfor utvala sine arbeidsområde, jf. reglementa for hovudutvala og kap. 3 og 4 i dette reglementet.

1.4.5 Fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen er den øvste leiaren for den samla fylkeskommunale administrasjonen,

jf. kommunelova § 23.

All delegering frå politiske organ til administrasjonen skal skje til fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen avgjer sjølv vidaredelegering.

Fylkesrådmannen har mynde til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell betydning. Dette vil vere saker av mindre rekkevidde og rutinemessig karakter i samsvar med innarbeidd praksis gjennom tidlegare vedtak i einskildsaker.

Fylkesrådmannen sitt mynde er elles fastsett i kap. 3 og 4 i dette reglementet, i instruksen for fylkesrådmannen vedteke av fylkestinget 10.06.1976, i andre fylkeskommunale reglement og i eigne delegeringsvedtak.

Fylkesrådmannen har delegert mynde til å underskrive avtalar og skøyte på vegner av fylkeskommunen, jf. elles pkt. 4.4.

I saker der fylkesrådmannen eller andre i administrasjonen gjer vedtak etter delegert mynde skal vedkomande hovudutval orienterast om vedtaket. Dette gjeld likevel ikkje vedtak i personalsaker og andre kurante enkeltvedtak som ikkje er av prinsipiell betydning.

Fylkesrådmannen har ansvaret for å setje i verk vedteke budsjett. Fylkesrådmannen har tilvisingsfullmakt for alle utgifter og inntekter på budsjettet.

Assisterande fylkesrådmann har fullmakt til å ta avgjerd på vegner av fylkesrådmannen.

KAP 2. NÆRARE OM DELEGERING

2.1 Bruk av delegert mynde/fullmakt

All delegert mynde skal utøvast i samsvar med dei sakshandsamingsreglane som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltingsskikk, og elles innanfor plan- og budsjetttramme som er fastsette av fylkestinget eller anna overordna fylkeskommunalt organ.

2.2 Vidaredelegering

Fylkesrådmannen har høve til å vidaredelegere delegert mynde dersom ikkje anna er bestemt i dette reglementet eller vedtak. Andre i administrasjonen har ikkje mynde til å vidaredelegere dersom dette ikkje uttrykkeleg er sagt i delegeringsvedtaket.

Fylkesutvalet og hovudutvala har høve til å vidaredelegere delegert mynde dersom ikkje anna er bestemt.

Kontrollutvalet og revisjonen skal ha melding om all vidaredelegering. Vidare skal fylkesrådmannen ha melding slik at ein alltid har ei samla oversikt over all delegering.

2.3 Tilbaketrekking av delegert mynde

Delegert mynde kan når som helst trekkast attende.

Når situasjonen tilseier det, kan eit overordna organ krevje å få ei sak til avgjerd som elles skulle ha vore avgjort av eit underordna organ i samsvar med delegert mynde,

2.4 Omgjering - kontroll

Eit overordna organ kan av eige tiltak gjere om eit vedtak frå underordna organ i samsvar med reglane i forvaltningslova § 35.

Gjennom kontrollutvalet fører fylkestinget det øvste tilsyn med at delegert mynde vert utøvd i samsvar med reglar og intensjonar for delegering.

2.5 Rett til å la vere å bruke delegert mynde

Organ eller arbeidstakar som har fått delegert mynde, kan i særskilde tilfelle overlate til overordna organ å ta avgjerd i ei konkret sak.

2.6 Mynde i klagesaker

Delegert mynde til eit hovudutval omfattar også mynde til å handsame klagar på enkeltvedtak som underinstans etter reglane i forvaltningslova § 33. Underinstansen er det organet som gjorde det påklaga vedtaket og som skal vurdere klagen før saka eventuelt vert oversendt klageinstansen.

Ved delegering til arbeidsutval eller anna organ under hovudutval, er det hovudutvalet som skal ha funksjonen som underinstans.

Delegert mynde til fylkesrådmannen omfattar også mynde til å handsame ei forvaltningsklage som underinstans.

Ved delegering frå fylkesrådmannen til andre i administrasjonen, er det anten fylkesrådmannen, fylkesdirektøren, regionvegsjefen eller hovudutvalet som skal ha funksjonen som underinstans. Fylkesrådmannen avgjer dette i delegeringsvedtaket.

KAP 3. DELEGERING AV MYNDE ETTER LOVER OG FORSKRIFTER

3.1 Straffelova av 22.05.1902 nr. 10

Fylkeskommunen sitt mynde til å melde strafflagde handlingar til politiet og til å krevje offentleg påtale etter § 79 nr 5 er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har gitt fylkesdirektørane mynde til å melde ei straffbar handling til politiet og krevje offentleg påtale. Fylkesdirektørane har høve til å vidaredelelegere. Fylkesrådmannen skal ha kopi av meldinga.

3.2 Lov om taubaner og løypestrenger av 14.6.1912 nr. 1.

Fylkeskommunen sitt mynde til å gi fråsegn til søknader om anlegg av taubaner, under dette skitrekks, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

3.3 Lov om erverv av vassfall, bergverk og annan fast eigedom m.v. (industrikonsesjonslova) av 14.12.1917 nr. 16

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 24 til å gi fråsegn i saker om søknad om konsesjon er delegert til fylkesutvalet.

Mynde etter § 9 til å ta stilling til om fylkeskommunen skal bruke sin subsidiære forkjøpsrett til fallrettar etter staten, ligg til fylkestinget.

3.4 Lov om vassdragsregulering av 14.12.1917 nr. 17

Fylkeskommunen sitt mynde etter §§ 6 og 12, pkt 12, til å gi fråsegn i saker om vassdragsregulering, her medrekna konsesjonssøknader, ligg til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11, pkt 2, til å disponere midlar som er opparbeidde i eit ev. vassdragsreguleringsfond er delegert til fylkesutvalet.

3.5 Friluftslivslova av 28.06.1957 nr. 16

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 22 for å fremje friluftsformål i fylket, er lagt til hovudutvalet for plan og næring.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 22 til å opptre eller klage for å ivareta interessene til ålmenta, er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 22 til å reise søksmål for å ivareta ålmentas interesser, er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 24, 5. ledd, til å bringe inn for departementet fylkesmannen sine vedtak etter §§ 2, 15 og 16, er delegert til hovudutvalet for plan og næring.

3.6 Grannelova av 16.06.1961 nr. 15 og grannegjerdelova av 05.05.1961 nr. .

Fylkesrådmannen har delegert mynde til på opptre på fylkeskommunen sine vegner i saker etter desse lovene. Likevel skal saker med vesentleg kryssande interesser mellom fylkeskommunen som eigar av eigedom og som offentleg planstyresmakt, leggjast fram for fylkesutvalet. Det er høve til vidaredelegering av mynde som gjeld grannegjerdelova.

Fylkesrådmannen har delegert myndet etter grannegjerdelova vidare til bygge- og eigedomssjefen.

3.7 Lov om undersjøiske naturforekomstar av 21.06.1963 nr. 12.

Fylkeskommunen sitt mynde til å gi løyve for undersøking og utnytting av skjelsand, sand og grus etter § 2 og etter vedtak av Nærings- og energidepartementet av 29.3.93, er delegert til hovudutvalet for plan og næring.

3.8 Veglova av 21.06.1963 nr. 23

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3 til å gi fråsegn til opptak av veg som riksveg, er delegert til hovudutvalet for samferdsle.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4 til å ta opp kommunal eller privat veg som fylkesveg, er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 7 til å uttale seg om nedlegging eller omgjering av riksveg eller til å fatte vedtak om nedlegging eller omgjering av fylkesveg til kommunal veg, er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8, jf. § 7, til å omdisponere mindre parsellar av fylkesveggrunn som er vorte til overs ved omleggingsarbeid m.v., er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har gitt fylkesdirektøren for samferdsle mynde etter § 8 med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde som vegstyresmakt for fylkesvegar etter § 9, er delegert til hovudutvalet for samferdsle.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 10 til å uttale seg ved tilsetjing av vegsjef er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 10, 3. ledd, til å avgjere erstatningskrav etter skadeerstatningslova § 2-1 som gjeld arbeid på fylkesvegar, er delegert til fylkesrådmannen for krav

under 100 000 kroner. Dette gjeld øg erstatningskrav under 100 000 kroner for skader på motorkøyrety der fylkesveganlegget er skuld i skaden. For krav over 100 000 kroner er myndet lagt til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til å avgjere erstatningskrav på under 100 000 kroner vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 29, 4. ledd, til å fastsetje at avstanden for byggjegrense skal vere kortare enn 50 meter på fylkesveg er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 38 til å vedta råderettsavgrensing for grunn innanfor byggjegrensa er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

3.9 Lov om kulturminne av 09.06.1978 nr. 50, jf. forskrift om fagleg ansvarsfordeling av 09.02.79, nr. 8785, og forskrift om delegering av mynde etter kulturminnelova av 31.08.94 nr. 888.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3 til å avgjere om marka over eit automatisk freda kulturminne fortsatt kan nyttast til beite eller innmark og avgjerd om pløying og anna jordarbeid djupare enn tidlegare kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 6 til å fastsetje sikringssone er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8 til å ta i mot og handsame meldingar om tiltak som kan verke inn på automatisk freda kulturminne er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9 til ta imot planar, krevje forlenga uttalefrist og gi uttale om tiltak som kjem inn under reglane om undersøkingsplikt er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11 til å registrere og vedlikehalde automatisk freda kulturminne, med unntak av automatisk freda kulturminne som ved forskrift er lagt til Riksantikvaren (gjeld kyrkjer, kloster og kyrkjelege anlegg, borgar, festningar, byanlegg og restar av slike ståande bygg av alle slag), er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 13 til å ta i mot meldingar om funn av lause kulturminne, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 15a til i særlege tilfelle å gjere unntak frå vedtak om freding og fredingsføresegner som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda kulturminnet, med unntak av dei kulturminne som ved forskrift er lagt til Riksantikvaren (gjeld freda kyrkjer frå perioden 1537 – 1649, freda byggverk i statleg eige og freda båtar), er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 17 til å gi pålegg om istandsetjing ved forsømt vedlikehald av freda bygning, anlegg m.v. og oppfølging av pålegg om istandsetjing, med unntak av dei kulturminne som ved forskrift er lagt til Riksantikvaren (gjeld freda kyrkjer frå perioden 1537 – 1649, freda byggverk i statleg eige og freda båtar), er delegert til hovudutvalet for kultur. Fylkesrådmannen er gitt mynde til å gjere undersøkingar i slike saker og unntaksvis gi pålegg om istandsetjing eller vedlikehald av freda bygning eller anlegg. Det er eit vilkår at vedlikehaldsarbeidet hastar så mykje at det ikkje er tid til å leggje saka fram for hovudutvalet til avgjerd. Hovudutvalet skal ha melding på første møte etter at slikt pålegg er gjeve.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til å gjere undersøkingar og gje pålegg vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 18, 1. ledd, til å ta imot melding om freda bygning, anlegg m.v. som er skada ved brann eller liknande og avgjere om denne skal setjast i stand eller byggjast opp att, med unntak av dei kulturminne som ved forskrift er lagt til Riksantikvaren (gjeld freda kyrkjer frå perioden 1537 – 1649, freda byggverk i statleg eige og freda båtar), er delegert til hovudutvalet for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 18, 2. ledd, til å ta imot melding når forsikringstilfelle har skjedd og avgjere at forsikringssummen ikkje skal utbetalast før saka er avgjort etter første ledd, med unntak av dei kulturminne som ved forskrift er lagt til Riksantikvaren (gjeld kyrkjer frå perioden 1537-1649, freda byggverk i statleg eige og freda båtar), er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 19, 3. ledd, og § 20, 3. ledd, til i særlege tilfelle å gjere unntak frå vedtak om freding og fredingsføresegner for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda området, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 21 til å gjennomføre skjøtsel i område som er freda etter §§ 19 og 20 er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 22, nr 1, til å gi uttale til Riksantikvaren i saker om freding er delegert til hovudutvalet for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 22a, nr 1, til å drøfte fredingsarbeidet er delegert til hovudutvalet for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 22, nr 4, til å gjere vedtak om mellombels freding inntil Riksantikvaren har avgjort saka er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen si oppgåve etter § 25 til å motta melding, søknad og vedtak om tiltak som er omfatta av lova, er lagt til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

3.10 Lov om kartlegging, deling og registrering av grunneigedom (delingslova) av 23.06.1978 nr. 70.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 2-1 til å krevje kartforretning er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-1 til å krevje delingsforretning er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-1 til å bekrefte eigedomsforhold med eigenerklæring ved registrering av grunn til veg og jernbaneformål er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde til å gi fråsegn i delingssaker er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet etter lova vidare til bygge- og eigedomssjefen.

3.11 Jordskiftelova av 21.12.1979 nr. 77

Fylkesrådmannen har mynde til å fremje sak for jordskifteretten (FU-sak 55/10).

Der jordskiftesaker er reist mot fylkeskommunen skal fylkesutvalet orienterast om saka når fylkeskommunen får innkalling til rettsmøte.

Fylkesrådmannen har mynde til å førebu saka og engasjere juridisk bistand.

Fylkesrådmannen avgjer om saka skal ankast.

I saker som gjeld forvaltning av fylkesvegar har fylkesrådmannen delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

3.12 Viltlova av 29.05.1981 nr. 38

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 21 (2) til å endre avstanden for jakt frå motorbåt er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 51 (1) til å godkjenne skotpremie er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet etter lova vidare til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

3.13 Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) av 13.03.1981 nr. 6

I saker der fylkeskommunen eventuelt blir forureiningsstyremskt etter § 81, er myndet til å gjere vedtak etter lova delegert til fylkesrådmannen.

Mynde til å gi fråsegn i konsesjonssaker er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet etter lova vidare til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

3.14 Lov om tannhelsetenesta av 03.06.1983 nr. 54

Fylkesrådmannen er klageorgan etter § 2-3.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-2 til å inngå avtalar med privatpraktiserande tannlegar er delegert til fylkesrådmannen.

Mynde til å inngå avtalar med fylkeskommunalt tilsette tannlegar om privat praksis og leige av tannklinikks er delegert til fylkesrådmannen, jf. FU-sak nr 66/91.

Fylkesrådmannen har delegert myndet etter lova vidare til direktøren for tannhelsetenesta.

3.15 Konkurslova av 08.06.1984 nr. 58

Fylkesrådmannen har mynde til å krevje at buet til ein skuldnar vert teke under konkurshandsaming.

3.16 Lov om folkebibliotek av 20.12.1985 nr. 108

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8 til å fastsetje reglement for fylkesbiblioteket er delegert til hovudutvalet for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9 til å inngå avtalar om felles bibliotekdrift med ein eller fleire kommunar er delegert til hovudutvalet for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 10 til å inngå avtale med skulestyresmaktene i fylket om bibliotekfaglege spørsmål er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11 til å gje fråsegner om fordeling av statlege midlar, og bistå statlege styresmakter ved utgreiing og planlegging, er delegert til hovudutvalet for kultur.

3.17 Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova) av 29.06.90 nr. 50.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 2-1 til å gi fråsegner til meldingar med konsekvensutgreiingsprogram og konsesjonssøknader er delegert til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har delegert mynde til å gi fråsegn i enkle og uproblematiske saker.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

3.18 Tvangsfullføringslova av 26.06.1992 nr. 86

Fylkesrådmannen er gitt mynde til å setje i verk dei tiltaka tvangsføringslova heimlar for sikring og inndriving av uteståande pengekrav, og fullføring av krav og rettar som går ut på anna enn betaling av pengar. Likeins kan han krevje utkasting av leigetakar når leidgetida er ute eller når leigesummen ikkje er betalt til rett tid.

Fylkesrådmannen kan i kurante saker bruke dei rettsmiddel som er naudsynte for å fullføre ei tvangsinndrivingssak, under dette inngå forlik. Bruk av rettsmidlar utover dette, under dette anke, skal avgjerast av fylkesutvalet.

3.19 Lov om laksefisk og innlandsfisk m.v. av 15.05.1992 nr. 47

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 42 til å tilsetje oppsyn er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

3.20 Lov om anlegg og drift av jernbane, herunder sporvei, tunnelbane og forstadsbane m.m. (jernbaneloven) av 11.06.1993 nr. 100

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 7 til å fastsetje transportvilkår dersom ein gir tilskot, er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8g til å krevje informasjon om tilsette i verksemda som driv transporten, er delegert til hovudutvalet for samferdsle.

3.21 Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa av 17.07.1998 nr. 61

1. Hovudutvalet for opplæring har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafer:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-7 til å gi forskrifter om ordensreglement ved den enkelte vidaregåande skulen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-8 og § 4A-9 til å vedta at ein elev skal miste retten til vidaregåande opplæring etter § 3-1 og § 4A-1 flg.

Fylkeskommunen si plikt etter §§ 4A-3 og 4A-4 til å oppfylle retten til vidaregåande opplæring for vaksne.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9-1, 3. ledd, til å søkje om unnatak frå påbodet om at skulen skal leiast av rektor.

Foreslå for fylkestinget retningsliner for elevane sin møterett i fylkeskommunale nemnder etter § 11-8, jf. kommunelova § 26.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-2 til å sørge for grunnskuleopplæring, spesialpedagogisk hjelp og vidaregåande opplæring for klientar i institusjonar etter barnevernlova.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3 til å oppfylle retten til vidaregåande opplæring etter opplæringslova for alle som er busette i fylkeskommunen, jf. § 3-1, rett til vidaregåande opplæring, og § 5-1, rett til spesialundervisning.

2. Fagopplæringsnemnda har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafer:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-6 til å samtykkje i at læretida i den nye lærebedrifta kan gjerast inntil eitt år lengre dersom lærlingen har fått mangefull opplæring.

3. Fylkesrådmannen har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafer:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-1, 3. ledd, til etter søknad å gi eleven eller lærlingen løyve til utsetjing med eller avbrot i opplæringa utan at retten tek slutt.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 3-1, 7. ledd, for å tilby anna opplæring dersom ein elev eller ein lærling har særlege vanskar med å følgje den opplæringa som er vald.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-2 til å gi forskrifter om skule- og feriedagar i skuleåret for elevane.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-4 til å søkje om avvik frå forskrifter om læreplanar for ein skule.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-8 og § 4A-9 til å vedta bortvising av ein elev for resten av lengda på det grunnkurset eller vidaregåande kurset eleven er teken inn på.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 5-1 og § 5-3 til å vedta spesialundervisning.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3 til å gi tilbod til søkerar utan rett etter § 3-1 og 4A-3.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3a til å sørge for opplæring i helseinstitusjonar.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3b til å sørge for ulykkesforsikring for elevane.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3c til å sørge for rettleiing og kvalitetsutvikling.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3d til å sørge for foreldresamarbeid.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-10 til å sørge for at det finst eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte og eit forsvarleg system for oppfylging av resultata frå vurderingane.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 13-4 og § 4A-7 for skyss, reisefølgje og tilsyn etter reglane i kapittel i 7 i opplæringslova.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 13-4 for å organisere skuleskyssen i samråd med kommunane.

Fylkesrådmannen har delegert myndet etter ovanståande paragrafar, med unntak av § 13-4 og § 4A-7, vidare til fylkesdirektøren for opplæring, med høve til vidaredelegering.

Fylkesrådmannen har delegert myndet etter § 13-4 og § 4A-7 vidare til fylkesdirektøren for samferdsle.

4. Klageinstans

Klage på enkeltvedtak

Fylkesutvalet er klageinstans for følgjande enkeltvedtak:

- vedtak om inntak på utdanningsprogram eller programområde, eller kva skule søker skal takast inn på etter § 3-1, jf. § 15-2
- vedtak av rektor om bortvising inntil 5 dagar etter § 3-8
- vedtak om bortvising for resten av kurset etter § 3-8 og § 4A-9
- vedtak om vidaregåande opplæring for vaksne etter § 4A-3
- vedtak om skyss etter § 13-4 og friskulelova § 3-7, 2. ledd
- enkeltvedtak i fagopplæringsnemnda, jf. § 15-2

Klage på karaktervurdering

Fylkesrådmannen er klageinstans på vurdering etter forskrift til opplæringslova, kapittel 5, med unntak av § 5-9, slik:

- klage over karakter ved munnleg avgangsprøve/eksamen etter § 5-10
- klage over eksamensresultat ved andre ikkje-skriftlege eksamenar etter § 5-11
- klage over standpunkt-karakterar etter § 5-12
- klage over karakter i orden og åtferd etter § 5-13
- klage grunngitt med formelle feil eller andre ikkje-faglege forhold § 5-14 (5)
- klage på bedømming av kompetanseprøver etter § 5-14 (2)

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-9 i forskrift til opplæringslova til å oppnemne klagenemnder til skriftleg lokalgjevne eksamenar er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for opplæring.

3.22 Lov om offentlige anskaffelser av 16.07.1999, nr. 69, og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) av 07.04.2006 nr. 402

Fylkesrådmannen har mynde til å utføre oppgåver og til å ta avgjerder etter lova og forskrifa, under dette å utarbeide tilbodsgrunnlag, akseptere tilbod og inngå avtalar om kjøp og tenester og å avgjere klage over tildeling av kontrakt.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for samferdsle når det gjeld varer, tenester og bygge- og anleggskontraktar i tilknyting til fylkesvegar, med høve til vidare-delegering til regionvegsjefen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til bygge- og eigedomssjefen når det gjeld bygge- og anleggskontraktar, jf. årlege oppdragsbrev fra fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen er klageorgan etter FOA § 13-3 og § 22-3.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til innkjøpssjefen når det gjeld andre varer og tenester, jf. årlege oppdragsbrev fra fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen er klageorgan etter FOA § 13-3 og § 22-3.

3.23 Lov om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova) av 24.11.2000 nr. 82

Fylkeskommunen sitt mynde til å gi fråsegn i saker etter vassressurslova ligg til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen kan gi fråsegn i enkle og uproblematiske saker, til dømes terskelbygging og forbyggingssaker.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

3.24 Lov om fastsettjing og endring av kommune – og fylkesgrenser (inndelingslova) av 15.06.2001 nr. 70

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8 til å søkje om grensejustering eller grensefastsettjing ligg til fylkestinget.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9 til å gi fråsegn til søker om grenseendring og grensefastsettjing ligg til fylkestinget. Fylkeskommunen sitt mynde til å gi fråsegn og medverke ved saksførebuinga er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11 til å gi fråsegn til kostnadsdelinga i utgreiningssaker om grensejustering ligg til fylkestinget.

Fylkesutvalet har mynde til å gi fråsegn ved mindre endringar i kommunegrensene.

3.25 Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) av 21.06.2002 nr. 45

1. Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafer:

Eventuell delegert mynde frå departementet etter § 15.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 23 til å vedta at godtgjersle til rutetransport skal gå til eit selskap som administrerer rutesambanda.

2. Hovudutvalet for samferdsle har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafer:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 6 til å gi løyve til persontransport med motorvogn i rute.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 7 til å gi løyve til persontransport med fartøy i rute.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 13 til å gi fråsegn til søker om vedrørande riksvegferjer og fylkeskryssande rutetransport.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 22 til å yte godtgjersler til rutetransport, og til å fastsetje kontraktsform og retningsliner for tildelinga av godtgjersle.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 29 til å tilbakekalle løyve når løyvehavaren ikkje lenger oppfyller krava eller ikkje rettar seg etter fastsette vilkår eller forskrifter.

3. Fylkesrådmannen har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafer:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4 til å gi løyve til persontransport mot vederlag med motorvogn.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5 til å gi løyve til godstransport med motorvogn.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8 til å avgjere om det skal nyttast anbod ved tildeling av løyve for persontransport i rute. Fylkesrådmannen har vidare mynde til å utarbeide tilbodsgrunnlag, akseptere tilbod og inngå avtalar om kjøp av tenester m.v og å avgjere klage over tildeling av kontrakt.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9 til å gi løyve til persontransport med motorvogn utanfor rute (drosje, turvogn, selskapsvogn, transport av funksjonshemma m.v.)

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering. I saker etter § 9 kan fylkesdirektøren berre vidaredelegere myndet når det gjeld turvogn- og selskapsvognløyve.

3.26 Forskrift om yrkestransport innenlands med motorvogn eller fartøy av 26.03.2003, nr. 401

1. Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragraf:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 37 til å fastsetje inndeling av fylket i løyvedistrikt.

2. Hovudutvalet for samferdsle har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 16 til å tilbakekalle løyve etter yrkestransportlova § 29.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 30 til å godkjenne system for billettering, rabatt og liknande.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 32 til å fastsetje bruk av rutebilstasjon, bestemte haldeplassar og bestemte gjennomkjøringsliner m.v.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 33 til å leggje ned rutedrift.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 36 til å unnta persontransport i rute frå løyveplikt.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 37 til å fastsetje tal løyve i fylket.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 46, 1. ledd, til å bestemme om det skal vere ein eller fleire drosjesentralar i eit løyvedistrikt.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 46, 4. ledd, til å godkjenne vedtekter for drosjesentralar.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 46, 7. ledd, til å fastsetje nærare reglar for drosjeverksemda i løyvedistriket.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 48, 3. ledd, til å bestemme at drosjar skal vere utstyrt med taksameter, kommunikasjonsutstyr m.v.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 48, 4.ledd, til å bestemme at førar av drosje skal bruke uniform.

3. Fylkesrådmannen har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafer:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 15 til å tilbakekalle løyve ved dødsfall eller konkurs.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 39 til å vedta overføring av drosjeløyve ved dødsfall.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 40 til å gjere unnatak fra reglane for drift av selskapsløyve.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 41 til å bestemme stasjoneringsstad for løyve for transport av funksjonshemma.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 46, 2. ledd, til å bestemme stasjoneringsstad for drosjeløyve og om løyvehavar skal vere tilslutta drosjesentral.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 47, 1. ledd, til å fastsetje stasjoneringsstad for drosjer som kjem frå anna løyvedistrikt.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 47, 3. ledd, til å gjere unnatak fra reglane om stasjoneringsstad.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 49 til å tildele reservedrosjeløyve.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 51 til å innvilge søknad om bestyrarordning for drosjeløyve.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 52 til å gjere unnatak for aldersgrensa.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle.

3.27 Lov om private skolar med rett til statstilskot (privatskulelova av 04.07.2003 nr. 84)

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 2-1 til å gi fråsegn før departementet gjer vedtak og mynde til å klage på vedtaket, er delegert til hovudutvalet for opplæring.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-3, 4. ledd, til å vedta omval for eleven og opplæring i inntil to år ekstra er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for opplæring, med høve til vidaredelegering.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-6, 2. ledd, til å vedta spesialundervisning er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for opplæring, med høve til vidaredelegering.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-7, 2. ledd, til å gjere vedtak om skyss er delegert til fylkesrådmannen. Fylkesutvalet er klageinstans.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-10, 2. ledd til å bortvise ein elev frå resten av kurset er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for opplæring, med høve til vidaredelegering.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-10, 2. ledd til å vedta at ein elev skal miste retten til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 er delegert til hovudutvalet for opplæring.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-1 til å velje ein representant som har møte- og talerett i styret for ein privatskule, er delegert til hovudutvalet for opplæring.

3.28 Lov om konsesjon ved erverv av fast eide dom (konsesjonslova) av 28.11.2003 nr. 98

Fylkeskommunen sitt mynde til å gi fråsegn til konsesjonssaker som gjeld erverv av fast eide dom, er delegert til hovudutvalet for plan og næring.

3.29 Lov om Innovasjon Norge av 19.12.2003, nr. 130

Fylkeskommunen sitt mynde til å kome med framlegg på styremedlemer til det regionale styret er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8 til å gi lån og tilskot til Innovasjon Norge ligg til fylkestinget.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11 til å inngå avtale med selskapet er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 30 til å krevje eit nærmare bestemt emne handsama for ekstraordinært føretaksmøte, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesdirektøren for næring førebur sakene for fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 31a til å foreslå saker handsama på føretaksmøte er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesdirektøren for næring førebur sakene for fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 35 til å fremje forslag om gransking av selskapet eller nærmere opplyst forhold vedkomande forvaltninga av det eller selskapet sitt rekneskap er delegert til fylkesutvalet.

3.30 Lov om fagskoleutdanning av 20.06.2003 nr. 56

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8 til å gi offentleg tilskot til tilbydarar av godkjent fagskoleutdanning er delegert til hovudutvalet for opplæring.

3.31 Lov om universiteter og høyskoler av 01.04.2005 nr. 15

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9-4 (6) til å oppnemne styremedlemer ved statlege høgskular er delegert til fylkesutvalet.

3.32 Lov om akvakultur av 17.06.2005 nr. 79

Fylkeskommunen sitt mynde til å handsame søknadar om akvakulturløyve er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for næring.

Fylkeskommunen sitt mynde knytt til registreringsordning av akvakultur er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for næring.

3.33 Tvistelova av 17.06.2005 nr. 90

Fylkesutvalet har delegert mynde til å reise sivilt søksmål.

I saker der fylkeskommunen er saksøkt skal fylkesutvalet orienterast om saka før hovudforhandlinga startar.

Fylkesrådmannen har delegert mynde til å ta stilling til om avgjerder under førebuinga av rettssaker skal ankast.

Fylkesutvalet har delegert mynde til å ta stilling til ankespørsmålet og krav om oppattaking i sivile saker.

Fylkesrådmannen har delegert mynde til å inngå forlik i sivile saker for inntil kr 250.000. Utover denne summen ligg myndet hjå fylkesutvalet.

Mynde til å gi fullmakt til partsrepresentant ligg hjå fylkesordføraren.

Fylkesrådmannen har delegert mynde til å engasjere juridisk bistand.

3.34 Offentleglova av 19.05.2006 nr. 16

Fylkeskommunen sitt mynde til å handsame krav om dokumentinnsyn og klagar på avslag på krav om dokumentinnsyn er delegert til fylkesrådmannen.

3.35 Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova) av 29.06.2007 nr. 89

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4 til å fremje og legge til rette for variert kulturverksemd er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5 bokstav a til å samarbeide med stat og kommune for å syte for at kulturlivet har mest mogeleg føreseielege utviklingskår ligg til fylkestinget.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5 bokstav b og c til å fremje profesjonalitet, kvalitet og deltaking i kulturtilbodet og til å syte for at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for kultur.

3.36 Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) av 06.06.2008 nr. 37

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8a til å fatte vedtak på særskilde område innafor lova sitt verkeområde, der det er fastsett i forskrift, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for næring.

3.37 Plan- og bygningslova av 27.06.2008 nr. 71

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 1-9 (3) til å påklage enkeltvedtak som direkte vedkjem fylkeskommunen sitt saksområde, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-6 til å setje i verk arbeid med planar der ein skal samarbeide med staten og/eller kommunane, er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-7 til å heilt eller delvis overta dei oppgåvane planadministrasjonen i kommunen har med å organisere planarbeidet og utarbeide planforslag er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-1 til å utarbeide planprogram er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-1 til å gi høringsfråsegn til framlegg til planprogram er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-3 til å opprette regionalt planforum er delegert til fylkesutvalet. Myndet til å leie det regionale planforumet er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-4 til å komme med motsegn til kommuneplanen sin arealdel er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-4 til å kome med motsegn til områderegulering er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-4 til å kome med motsegn til detaljregulering er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 6-2 til å gi høringsfråsegn til statlege planretningsliner er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 7-1 til å utarbeide ein regional planstrategi er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 7-2 til å vedta den regionale planstrategien er lagt til fylkestinget.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8-1 til å utarbeide regionale planar utifrå planstrategien er lagt til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8-5 til å fastsetje regional planføresegn er delegert til fylkesutvalet. Dette gjeld også samtykke til å setje i verk tiltak som vert omfatta av regional planføresegn.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9-4 til å oppmode kommunane til å overføre planarbeidet til regional plan er lagt til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9-5 til å oppdre som meklar dersom kommunane er usamde, er lagt til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9-7 til å gi fråsegn om plansamarbeid før departementet pålegg dette er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 10-1 til å gi fråsegn til kommunal planstrategi er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11-14, jf. § 11-4, til å gi fråsegn til kommuneplanen sin samfunnsdel med handlingsdel er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11- 14 til å gi fråsegn til kommuneplanen sin arealdel er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 12-10 til å gi fråsegn til reguleringsplan (områderegulering og detaljregulering) er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

Fylkesutvalet skal likevel som hovedregel gi fråsegn i følgjande saker:

- Saker som er i strid med fylkeskommunen sine eigarinteresser når det gjeld eigedommar
- Saker som vedkjem regionale interesser

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 12-14 til å gi fråsegn til endring eller oppheving av kommunal reguleringsplan er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 14-4 til å varsle om negative miljøverknader er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

3.38 Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldlova) av 19.06.2009 nr. 100

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 41 til å avklare forholdet til spørsmålet om samtidig oppstart av kommunalt og regionalt planarbeid er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for plan og samfunn.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 43 til å gi høyringsfråsegn til verneforskrift er delegert til fylkesutvalet.

KAP 4. ANNA DELEGERING

4.1 Val og oppnemning m.v.

Valrett som ikke i lover, forskrifter m.v. er lagt til fylkestinget med delegeringssperre, er delegert til fylkesutvalet. Fylkesutvalet kan delegere myndet vidare til hovudutvala eller fylkesrådmannen.

Fylkesutvalet er valnemnd for val som vert gjort av fylkestinget.

Fylkeskommunen sitt mynde til å nemne opp representantar til generalforsamlingar i aksjeselskap er delegert til fylkesutvalet når eigaposten er minst kr 100 000 og som hovudregel til fylkesrådmannen når eigaposten er under kr 100 000.

Fylkeskommunen sitt mynde til å nemne opp representantar til styre, årsmøte m.v. i selskap, stiftingar, statlege organ o.l. er delegert til det hovudutvalet som organet naturleg høyrer under. Myndet ligg elles til fylkesutvalet.

Fylkesordføraren har mynde til å nemne opp slike representantar dersom det hastar. Hovudutvalet/fylkesutvalet skal underrettast om oppnemninga.

4.2 Høyringsfråsegner

Fylkesutvalet har mynde til å gi høyringsfråsegner til lovutkast, sentrale planar, m.v.

Hovudutvala kan gi fråsegner til lovutkast, planar m.v. på vegner av fylkeskommunen når fråsegna har ei klar sektoravgrensing og ikke vedkjem spørsmål av prinsipiell rekkevidde for den fylkeskommunale styringa utanfor sektoren eller kan tenkjast å ha konsekvensar for fylkeskommunen sin totaløkonomi. Fråsegna skal ekspederast frå fylkesordføraren som avgjer om ho likevel bør leggjast fram for fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har høve til å gi fråsegner i hastetilfelle når det ikke er tid til å vente på neste møte i hovudutvalet/fylkesutvalet. Hovudutvalet/fylkesutvalet skal underrettast om fråsegna og gjevast høve til å gi ei tilleggsfråsegn.

4.3 Husleigeforhold

Fylkesrådmannen har mynde til å inngå og seie opp leigeavtalar om husvære, kontorbygg, undervisningslokale og andre husleigeformål. Det er ein føresetnad at avtalane er kurante og at dei ikke bind opp fylkeskommunen på ein tyngjande måte. Avtalane må ha dekking i budsjettet. Fylkesutvalet avgjer elles desse sakene.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til bygge- og egedomssjefen.

Fylkesrådmannen har mynde til å fastsetje husleiga for fylkeskommunale husvære og bygningar, under dette fastsetje årlege reguleringar og avgjere søknader om subsidiert husleige.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til bygge- og eigedomssjefen.

Fylkesrådmannen har mynde til å ta vare på fylkeskommunen sine interesser i alle tvistemål som vert reist mot fylkeskommunen vedkomande leigeforhold. Fylkesrådmannen kan nytte dei rettsmiddel som etter omstenda må reknast å vere i fylkeskommunen si interesse, m.a. inngå forlik, jf. elles kap 3.33 ovanfor.

4.4 Disposisjonar over fast eigedom

Fylkesutvalet har mynde til å vedta følgjande:

- Sal eller anna avståing av bygningar og tomtegrunn
- Avtalar om utleige eller leige av tomtegrunn
- Kjøp av tomtegrunn

Store og prinsipielle saker og saker som treng ekstra budsjettløyving, vert å leggje fram for fylkestinget til avgjerd.

4.5 Deltaking i stiftingar, aksjeselskap eller andre selskap

Fylkesutvalet har mynde til å vedta at fylkeskommunen skal vere med som opprettar ved oppretting av stiftingar, kjøpe aksjar i aksjeselskap eller lutar/medlemskap i andre selskap. Likeeins kan fylkesutvalet vedta sal av aksjar og oppseiing av medlemskap i selskap.

Store og prinsipielle saker og saker som treng ekstra budsjettløyving, vert å leggje fram for fylkestinget til avgjerd.

4.6 Organisering i administrasjonen

Fylkesrådmannen har mynde til å vedta organisering av sentraladministrasjonen og å vedta organisasjonsplanar og andre tiltak i samband med organisasjons- og utviklingsarbeid i den fylkeskommunale verksemda.

Det er eit vilkår at viktige prinsipp og budsjettmessige konsekvensar skal vere avklara i det politiske systemet på førehand.

4.7 Dekking av sakskostnader

Fylkesutvalet har mynde til å dekkje ein part sine sakskostnader i samsvar med forvaltningslova § 36 når eit vedtak vert endra til gunst for parten. Dersom vedtaket vert endra av fylkesutvalet som klagenemnd, er det klagenemnda som avgjer sakskostnadene.

Fylkesutvalet har mynde til å avgjere søknader om dekking av sakskostnader i andre saker der ein part engasjerer juridisk eller anna fagkunnig hjelp for å ivareta sine rettar i saka, t.d. i oppseiingssaker. Det skal gjerast ei behovsprøving av søknaden. Dersom parten går til søksmål mot fylkeskommunen, skal det ikkje gjevast dekking av sakskostnadene og ev. gitte tilsegn fell vekk.

Fylkesrådmannen har mynde til å avgjere søknader om dekking av sakskostnader i saker der han har avgjerdsmynde vedkomande erstatningsspørsmålet, jf. kap 4.8.

4.8 Pengekrav (her medrekna erstatningskrav) - utanomrettsleg handsaming

I samband med utanomrettsleg handsaming av krav på erstatning eller anna betalingsoppfylling, har fylkesrådmannen mynde til å forplikte fylkeskommunen for ein sum avgrensa oppover til kr 250 000,-. Myndet ligg elles til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har mynde til i enkeltsaker å ettergi/avskrive fylkeskommunale pengekrav på inntil kr 250 000,- når det er på det reine at kravet ikkje kan drivast inn. Myndet ligg elles til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har delegert til fylkesdirektørane å avskrive pengekrav på inntil kr 50 000,-.

4.9 Statlege og andre tilskotsmidlar innafor kultursektoren.

Mynde til å fordele eller gi tilråding om fordeling av spelemidlar til idrettsanlegg, friluftsanlegg, helseportanlegg og ombygging av handikappriktige anlegg, jf. Kgl.res. av 03.04.87, er delegert til fylkesrådmannen når det gjeld tilskot på inntil kr 50 000. Myndet ligg elles til hovudutvalet for kultur.

Det same gjeld andre statlege tilskotsmidlar på kultursektoren, t.d. statstilskot til lokale og regionale kulturbygg, og fylkeskommunale tilskotsmidlar løyvde i årsbudsjettet.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for kultur.

4. 10 Opprettning, nedlegging og omgjering av stillingar, jf. kommunelova § 24

Fylkesrådmannen har innanfor budsjetttrammene mynde til å opprette, omgjere og nedleggje alle stillingar innan den fylkeskommunale verksemda, jf. tilsetjingsreglementet.

4.11 Byggesaksrutinar

Oppgåver og mynde etter fylkeskommunen sine byggesaksrutinar er fastsette av fylkestinget i FT-sak 8/04.

KAP 5. INNSTILLINGSINSTITUTTET

5.1 Innstilling til vedtak i folkevalde organ

Ei innstilling er eit framlegg til vedtak som det folkevalde organet skal votere over.

Når administrasjonen legg fram ei sak for eit folkevald organ i fylkeskommunen, skal fylkesrådmannen som ledd i saksførebuinga presentere ei innstilling, så framt saka har ei slik karakter at dette er naturleg.

I ei sak som skal handsamast av fleire folkevalde organ før vedtak vert gjort, skal fylkesrådmannen innstille til det organet som skal handsame saka først. Dette organet legg så fram si innstilling til det overordna folkevalde organet.

Vedlegg 5: Reglement for politiske utval mv.


SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
Fylkesrådmannen

SAMLING AV

REGLEMENT

FOR

POLITISKE UTVAL M.V



F Ø R E O R D

Denne samlinga inneheld reglementa for dei politiske utvala, reglement for sakshandsaming i politiske utval, reglement for folkevalde sin innsynsrett og vedtekten for Vestlandsrådet.

Fylkestinget vedtok i sak nr 26/95 nye reglement for dei politiske utvala. Reglementa har seinare vore justerte i FT-sakene nr 44/97, 19/98, 38/99, 24/03 og 45/03.

Dei politiske reglementa med unnatak av reglementet for fylkestinget er laga etter ein felles mal. Reglane om val og samansetnad har grunnlag i FT-sak nr 46/94 om politisk organisering, i i FT-sak nr 38/99 om endring i valreglane og i kommunelova og FT-sak nr 24/03 om endra politisk organisering. Reglane om arbeidsområde varierer for dei ulike utvala. Reglane om oppgåver og mynde følgjer ein fast mal, men er tilpassa det enkelte utvalet. Sekretariatsfunksjonane er omtala i den siste paragrafen i reglementa.

Reglementa må sjåast i samanheng med delegeringsreglementet. Delegeringsreglementet fastset meir konkret mynda til dei politiske utvala.

*Fylkesrådmannen,
januar 2004*

INNHOLD

	Side
<i>Reglement for sakshandsaming i politiske utval</i>	<i>5</i>
<i>Reglement for fylkesutvalet</i>	<i>8</i>
<i>Reglement for kontrollutvalet</i>	<i>11</i>
<i>Reglement for hovudutval for kultur</i>	<i>12</i>
<i>Reglement for hovudutval for opplæring</i>	<i>15</i>
<i>Reglement for hovudutval for samferdsle</i>	<i>18</i>
<i>Reglement for hovudutval for plan og næring</i>	<i>21</i>
<i>Reglement for trafikktryggingsutvalet</i>	<i>24</i>
<i>Reglement for forbrukarutvalet</i>	<i>26</i>
<i>Reglement for fylkesrådet for funksjonshemma</i>	<i>27</i>
<i>Reglement for eldrerådet</i>	<i>30</i>
<i>Reglement for fylkestinget</i>	<i>32</i>
<i>Reglement for hovudsamarbeidsutvalet</i>	<i>40</i>
<i>Reglement for vestlandsrådet</i>	<i>44</i>
<i>Reglement for folkevalde sin innsynsrett</i>	<i>48</i>

REGLEMENT FOR SAKSHANDSAMING I POLITISKE UTVAL

Vedteke av fylkestinget i sak nr 26/95

§ 1 - Tidspunkt

Utvalet skal ha møte på dei tidspunkt som utvalet sjølv eller fylkestinget har vedteke, når leiaren finn det naudsynt eller minst 1/3 av medlemene krev det, jf kommunelova § 32, nr 1.

§ 2 - Møteprinsippet

Utvalet gjer vedtaka sine i møte, jf kommunelova § 30, nr 1.

Leiaren kan avgjere at ei sak skal handsamast ved fjernmøte eller ved skriftleg handsaming, jf kommunelova § 30, nr 2. Slik handsaming kan ikkje nyttast for personalsaker eller saker som er underlagt teieplikt, jf Kommunaldepartementet si forskrift av 13.1.93.

§ 3 - Sakliste

Leiaren set opp sakliste for det enkelte møtet, jf kommunelova § 32, nr 2.

Utvalet kan med vanleg fleirtal vedta å utsetje realitetshandsaminga av ei sak på saklista, jf kommunelova § 34, nr 1. Utvalet kan også vedta å gjere vedtak i ei sak som ikkje er oppført på saklista, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av dei møtande medlemene motset seg dette.

§ 4 - Møteleiing

Møta i utvalet vert leia av leiaren eller nestleiaren. Dersom begge har forfall, vert det vald ein særskilt møteleiar ved fleirtalsval, jf kommunelova § 32, nr 4.

Møteleiaren konstaterer at møtet er lovleg sett, jf kommunelova § 33.

§ 5 - Varsel - innkalling

Utvalet vert kalla inn skriftleg med minst 8 dagars varsel. Saksdokumenta vert sende til medlemer, varamedlemer og evt andre innan same frist. Dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av medlemene motset seg det kan ein handsama saker sjølv om møtet er kalla inn og/eller saker sendt ut seinare enn 8 dagar før møtedatoen.

Fylkestinget kan be utvalet handsame saker under fylkestingsamlinga som står på fylkestinget si sakliste. Utvalet har også plikt til å handsame saker som nemnt i fylkestingreglementet § 5, pkt c, 4. ledd. For slike saker gjeld ikkje innkallings- og utsendingsfristane nemnt ovanfor.

Møtande varamedlem i fylkestinget er då også varamedlem i utvalet for den som han/ho møter for i fylkestinget.

§ 6 - Møteplikt - forfall

Medlemene har plikt til å delta i utvalet sine møte med mindre det ligg føre gyldig forfallsgrunn. Som gyldig forfallsgrunn vert rekna sjukdom, viktige velferdsgrunnar eller viktige og uoppsettelege forretningar eller plikter som ikkje kan forsømast.

Forfall skal meldast til sekretariatet i god tid før møtet.

Etter at møtet er sett kan medlemer ikkje forlate møtet utan å melde frå til møteleiaren på førehand.

Er det reist tvil om eit forfall er gyldig vert dette handsama før sakene på saklista.

§ 7 - Ordskiftet

Møteleiaren les opp tittelen og nummeret på saka og framlegg til vedtak. Han gjer merksam på ev. dissensar i underliggende politiske organ og refererer ev. dokument som er komne inn etter utsendinga av saka.

Medlemene får ordet i den rekkjefølgja dei ber om det. Møteleiaren kan tillate replikkordskifte direkte etter eit innlegg.

Elles gjeld § 5, pkt g og § 6 i reglementet for fylkestinget så langt det passar.

§ 8 - Vedtak - røysting

Utalet kan gjere vedtak når minst halvparten av medlemene er til stades og har røysta, jf kommunelova § 33.

Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal dersom anna ikkje er bestemt i kommunelova, jf § 35, nr 1. Dersom røystene står likt er leiaren si røyst avgjерande.

I valsaker og tilsetjingssaker skal det haldast ny avrøysting dersom ingen får tilstrekkeleg fleirtal, jf kommunelova § 38, nr 1. Ved den nye avrøystinga er dei valde eller tilsette som får flest røyster. Dersom røystene står likt skal valet avgjera ved loddtrekking og tilsetjinga vert avgjort av møteleiaren si røysting.

§ 9 - Røysteplikt

Medlem som er tilstades i utvalet når ei sak vert teken opp til avrøysting pliktar å røyste, jf kommunelova § 40, nr 2. Det er berre høve til å røyste blankt ved tilsetjing og val.

§10 - Møtebok

Det skal førast møtebok. Utskrift av møteboka vert send medlemene av utvalet, fylkesrådmannen og ev. andre etter behov.

Elles gjeld § 5, pkt j i reglementet for fylkestinget så langt det passar.

§11 - Opne eller lukka møte

Møta vert haldne for opne dører, jf kommunelova § 31, men likevel slik at saker merka "lukka" (ikkje offentleg) i saklista vert handsama i lukka møte. Utvalet gjer, etter framlegg frå sekretariatet og innafor rammene i kommunelova § 31, vedtak om open eller lukka handsaming av den einskilde saka. Forhandlingar om dette går føre seg for stengde dører om møteleiaren krev det eller utvalet vedtek det. Personalsaker skal alltid handsamast for lukka dører.

Utvalet kan vedta å endre handsamingsmåten med framtidig verknad også etter at ei sak er teken opp til handsaming. Blir det fremja forslag om dette, må handsaminga av saka avbrytast. Forhandlingar om kor vidt den vidare handsaminga av saka skal vere i opne eller lukka møte går føre seg for stengde dører om møteleiaren krev det eller utvalet krev det.

§12 - Teieplikt

Medlemer og varamedlemer har teieplikt om det dei får vite om einskilde personar, verksemder m.v. dersom opplysningsane er underlagt teieplikt etter forvaltningslova §§ 13 og 13a-13f og ev. særlover.

§ 13 - Ugildskap - fritak

For medlemene sin habilitet gjeld reglane i forvaltningslova kap II og kommunelova § 40, nr 3. Medlemer som er ugilde deltek ikkje ved handsaminga av saka og forlet møtet dersom det er eit lukka møte.

Medlem som er friteken frå å delta i handsaminga av ei sak ut frå personlege grunnar, jf kommunelova § 40, nr 4, deltek ikkje ved handsaminga av saka.

§ 14 - Deputasjonar

Utvalet kan velje eit utval til å ta imot deputasjonar i det einskilde tilfellet, eller utvalet kan ta imot utsendingane i møtesalen. Utsendingane skal ha høve til å gi ei kort orientering om saka. Det skal ikkje vere ordskifteom saka medan utsendingane er tilstades.

§ 15 - Mindretalsanke

Minst 1/4 av medlemene i utvalet, fylkesordføraren, fylkesrådmannen eller dei som møter på deira vegne kan anke eit vedtak i utvalet til fylkesutvalet for overprøving.

Krav om anke må setjast fram før møtet er slutt og skal protokollerast. Den som ankar har høve til å levere ei skriftleg utgreiing til ankeinstansen saman med saksframstillinga.

Utvalet sitt vedtak kan ikkje iverksetjast før anken er avgjort.

REGLEMENT FOR FYLKESUTVALET

Vedteke av fylkestinget i sak nr 26/95 og 24/03.

§ 1

Val og samansetnad

Fylkesutvalet har 9 medlemer med varamedlemer. Fylkestinget vel medlemene blant fylkestinget sine medlemer. Valet skjer ved høvestalval.

Alle medlemene i fylkesutvalet med unnatak av fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren skal vere medlem av eit hovudutval. Fylkesutvalet skal vere representert i alle hovudutval med minst ein, men ikkje meir enn to representantar.

Valet gjeld for den fylkeskommunale valperioden.

Fylkestinget vel blant fylkesutvalet sine medlemer fylkesordførar og fylkesvaraordførar for heile valperioden.

Fylkesordføraren leier møta i fylkesutvalet.

Dersom ein medlem trer endeleg ut eller får varig forfall, trer varamedlem frå vedkomande gruppe inn i medlemen sin stad i den nummerorden han er vald, jf kommunelova § 16, nr 2.

Fylkesrådmannen har møte- og talerett i fylkesutvalet, jf kommunelova § 23, nr 3. Retten kan utøvast av han personleg eller av ein av hans underordna.

§ 2

Arbeidsområde

Fylkesutvalet tek avgjerd i saker etter mynde delegert frå fylkestinget i enkeltsaker eller i delegeringsreglementet.

Fylkesutvalet gir tilråding til fylkestinget vedkomande årsbudsjett, økonomiplan og fylkesplan og i andre saker der handsaminga startar i fylkesutvalet.

§ 3

Saksgang

Saker frå hovudutvala skal som hovudregel gå direkte til fylkestinget utan handsaming i fylkesutvalet. Unntak gjeld for årsbudsjett, økonomiplan og fylkesplan, og saker frå hovudutvala som inneber endringar i føresetnadene i desse overordna dokumenta eller der ein på annan måte legg opp til vedtak av vesentleg prinsipiell rekkevidde.

Fylkesordføraren er ansvarleg for å vurdere om sakane skal gå direkte frå hovudutvala til fylkestinget eller om dei bør gå via fylkesutvalet.

§ 4

Spesielle arbeidsområde

(**Administrasjonsutval** - er mellombels nedlagt for valperioden 2003-2007.

Fylkesutvalet har personsamanfall med administrasjonsutvalet. I tillegg kjem to representantar frå dei tilsette.

Det skal setjast opp eiga sakliste og førast eiga møtebok for administrasjonsutvalet. Det er fastsett eige reglement for administrasjonsutvalet.)

Likestillingsutval

Fylkesutvalet har funksjonen som likestillingsutval. Likestillingsutvalet skal ha eigne møte med eiga sakliste og eiga møtebok.

Klagenemnd

Fylkesutvalet har funksjonen som klagenemnd for handsaming av forvaltningsklager.

Det skal setjast opp eiga sakliste og førast eiga møtebok for klagenemnda.

Fylkesvalstyre

Fylkesutvalet har funksjonen som fylkesvalstyre etter vallova § 16.

Valnemnd

Fylkesutvalet har funksjonen som valnemnd ved val av medlemer til politiske utval i fylkeskommunen. Valnemnda gir tilråding til fylkestinget.

Finansutval

Fylkesutvalet har funksjonen som finansutval ved handsaminga av årsbudsjett og økonomiplan. Møta går alltid for stengde dører, jf kommunelova § 31, nr 5.

Fylkesplanutval

Fylkesutvalet har funksjonen som fylkesplanutval ved førebuinga av fylkesplanen. Møta går alltid for stengde dører, jf kommunelova § 31, nr 5.

Miljøvern

Fylkesutvalet har hovudansvaret for dei overordna tverrsektoroppgåvene innan miljøvern.

Byggje- og eigedomssaker

Fylkesutvalet fungerer som byggje- og eigedomsutval. I den mon byggjesakene verkar avgjerande inn på politikkutforminga i sektorane skal sakene leggjast fram for vedkomande hovudutval. Siktemålet må vere at dette vert avklara gjennom hovudutvala sitt arbeid med funksjonsplanar og romprogram i samsvar med ordinær prosess for byggesaker.

Tannhelse

Fylkesutvalet har sektoransvaret for tannhelsetenesta.

§ 5

Sekretariat.

Fylkesrådmannen har sekretariatsfunksjonen for fylkesutvalet. Han førebur sakene til utvalet og har ansvaret for at sakene er forsvarleg utgreidde, jf. kommunelova § 23, nr 2. Vidare har han ansvaret for at vedtaka vert iverksette.

Sekretariatet i samråd med leiaren kan innkalle personar til møta i fylkesutvalet som ein finn det ønskjeleg å rådføre seg med i einskilde saker.

REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET

Val og samansetnad

Fylkestinget vedtok i sakene nr 48/95 og nr 52/03 følgjande:

Kontrollutvalet skal ha fem medlemer og fem varamedlemer. Varamedlemene vert valde i prioritert rekkjefølge. Minst ein av medlemene skal veljast blant fylkestinget sine medlemer. Dei andre medlemene skal veljast på fritt grunnlag.

Leiar og nestleiar vert valde på fritt grunnlag.

Valretten ligg til fylkestinget.

Første varamedlem har møte- og talerett i alle møta i kontrollutvalet.

Leieren i kontrollutvalet har møteplikt og talerett i fylkestinget i saker som vert fremja av kontrollutvalet.

Forskrift

Kommunaldepartementet har den 13.1.93 fastsett forskrift om kontrollutval. Denne har funksjon som reglement for kontrollutvalet.

REGLEMENT FOR HOVUDUTVAL FOR KULTUR

Vedteke av fylkestinget i sak nr 26/95, 19/98 og 38/99.

§ 1

Val og samansetnad

Utvalet er fylkeskommunen sitt hovudutval for kultur.

Utvalet har 9 medlemer med varamedlemer.

Fylkestinget vel medlemene blant fylkestinget sine medlemer. Minst ein og maksimalt to av medlemene skal vere medlem av fylkesutvalet.

Dersom resultatet av dette vert at krava i kommunelova §§ 36 og 38 om minst 40% representasjon frå kvart kjønn ikkje vert oppfyllt, skal nødvendig tal medlemer i tillegg veljast blant dei fem første varamedlemene til fylkestinget frå kvart parti. Dersom dette ikkje gir nok medlemer av det underrepresenterte kjønnet, skal ytterlegare medlemer veljast blant dei andre varamedlemene til fylkestinget.

Fylkestinget vel blant varamedlemene til fylkestinget i rekjkjefølgje så mange varamedlemer som partiet/grupperinga har medlemer i hovudutvalet, med tillegg av 1-3 varamedlemer.

Fylkestinget vel leiar og nestleiar.

Valet gjeld for den fylkeskommunale valperioden.

Dersom ein medlem trer endeleg ut av vervet, skal fylkestinget velje nytt medlem, jf kommunelova § 16, nr 3. Er utvalet valt ved høvestalsval, skal det supplerast frå den gruppa som står bak den som sluttar som medlem. Gruppene kan ved gjensidig avtale likevel verte samde om å bytte posisjonar mellom hovudutvala ved slike høve, dersom fylkestinget finn å kunne godkjenne det ved valet.

Dersom leiaren trer endeleg ut av vervet skal fylkestinget velje ny leiar, jf kommunelova § 16, nr 4.

Fylkesrådmannen har møte- og talerett i hovudutvalet, jf kommunelova § 23, nr 3. Retten kan utøvast av han personleg eller av ein av hans undordna.

§ 2

Arbeidsområde

Hovudutvalet har som arbeidsområde dei kulturspørsmål som fylkeskommunen handsamar og som ikkje har sektorovergripande verknad. Hovudarbeidsområdet for utvalet vil vere saker etter kulturminnelova, fordeling av kulturmiddlar og ivaretaking av fylkeskommunen sitt kulturpolitiske ansvar.

Hovudutvalet skal arbeide for å sikre målstyring og resultatstyring, og for å sikre effektiv oppfølging og kontroll av verksemda i sektorane innafor ei ramme av rettstryggleik.

§ 3

Oppgåver og mynde

I tillegg til den mynda som er lagt til utvalet i delegeringsreglementet gjeld følgjande:

A) Avgjerdsrett

Hovudutvalet har fullmakt til å:

- Styre forvaltninga av budsjetterte midlar på eigen sektor
- Utarbeide årsmelding for sektoren
- Opprette komitear for å løyse tidsavgrensa oppgåver, jf kommunelova § 10, nr 5 og 6. Komitear med lengre pårekna funksjonstid enn 2 år skal godkjennast av fylkestinget

Hovudutvalet har elles fullmakt til å gjere vedtak innan dei rammene og etter dei retningslinene som følgjer av lov, reglement eller særskilde vedtak i fylkestinget/fylkesutvalet.

B) Tiltrådingsrett

Utvalet skal gje tilråding i følgjande saker:

- Framlegg til årsbudsjett, økonomiplan og andre planar innafor utvalet sitt arbeidsområde
- Skiping av faste utval, styre o.l i sektoren.

Hovudutvalet kan uttale seg i alle andre saker innan sin sektor.

C) Oppgåver elles

Hovudutvalet

- er ansvarleg for godt planlagd, rasjonell og økonomisk organisering og drift av sektoren
- skal velje styre eller utsendingar til generalforsamlingar/årsmøte til fylkeskommunen sine kulturverksemder eller andre verksemder i sektoren der fylkeskommunen har valrett på representantar dersom valretten ikkje er lagd til andre organ
- er fylkeskommunen sitt samarbeidsorgan med offentlege og private organ med same eller tilgrensande arbeidsområde.
- føre kontroll med at vedtak innan utvalet sitt arbeidsområde vert gjennomførde.

D) Delegering

Hovudutvalet kan delegera til fylkesrådmannen å gjere vedtak innan nærmare fastlagde rammer og retningsliner.

§ 4 Sekretariat

Fylkesrådmannen er ansvarleg for at sekretariatsfunksjonen vert utøvd på ein tilfredsstillande måte, vanlegvis ved fylkesdirektøren. Fylkesdirektøren førebur sakene til utvalet på vegner av fylkesrådmannen og har ansvaret for at sakene er forsvarleg utgreidde, jf kommunelova § 23, nr 2. Han syter også for at vedtaka vert iverksette.

Sekretariatet i samråd med leiaren kan innkalle til møta i hovudutvalet personar som ein finn det ønskjeleg å rådføre seg med i einskilde saker.

REGLEMENT FOR HOVUDUTVAL FOR OPPLÆRING

Vedteke av fylkestinget i sak nr 26/95, 38/99 og 6/00.

§ 1

Val og samansetnad

Utvælet er fylkeskommunen sitt hovudutval for opplæring.

Utvælet har 9 medlemer med varamedlemer.

Fylkestinget vel medlemene blant fylkestinget sine medlemer. Minst ein og maksimalt to av medlemene skal vere medlem av fylkesutvalet.

Dersom resultatet av dette vert at krava i kommunelova §§ 36 og 38 om minst 40% representasjon frå kvart kjønn ikkje vert oppfyllt, skal nødvendig tal medlemer i tillegg veljast blant dei fem første varamedlemene til fylkestinget frå kvart parti. Dersom dette ikkje gir nok medlemer av det underrepresenterte kjønnet, skal ytterlegare medlemer veljast blant dei andre varamedlemene til fylkestinget.

Fylkestinget vel blant varamedlemene til fylkestinget i rekjkjefølgja så mange varamedlemer som partiet/grupperinga har medlemer i hovudutvalet, med tillegg av 1-3 varamedlemer.

Fylkestinget vel leiar og nestleiar.

Valet gjeld for den fylkeskommunale valperioden.

Dersom ein medlem trer endeleg ut av vervet, skal fylkestinget velje nytt medlem, jf kommunelova § 16, nr 3. Er utvælet valt ved høvestalsval, skal det supplerast frå den gruppa som står bak den som sluttar som medlem. Gruppene kan ved gjensidig avtale likevel verte samde om å bytte posisjonar mellom hovudutvala ved slike høve, dersom fylkestinget finn å kunne godkjenne det ved valet.

Dersom leiaren trer endeleg ut av vervet skal fylkestinget velje ny leiar, jf kommunelova § 16, nr 4.

Fylkesrådmannen har møte- og talerett i hovudutvalet, jf kommunelova § 23, nr 3. Retten kan utøvast av han personleg eller av ein av hans underordna.

§ 2

Arbeidsområde

Hovudutvalet skal innafor sine fullmakter styre arbeidet med dei opplæringsspørsmål som fylkeskommunen gjennom lovverket er ansvarleg for, og med andre spørsmål som gjeld kompetanseheving og kompetanseformidling i fylket.

Utvælet skal arbeide for å sikre målstyring og effektiv oppfølging og kontroll av verksemda i sektoren innafor dei rammer som økonomi og kravet til rettstryggleik set.

§ 3 Oppgåver og mynde

I tillegg til den mynda som er lagt til utvalet i delegeringsreglementet gjeld følgjande:

A) Avgjerdssrett

Hovudutvalet gjer vedtak innan dei rammene og etter dei retningslinene som følger av lov, reglement eller vedtak i fylkestinget/fylkesutvalet. Det skal m.a.:

- Styre forvaltinga av budsjetterte midlar på eigen sektor
- Utarbeide årsmelding for sektoren
- Opprette komitear for å løyse tidsavgrensa oppgåver, jf kommunelova § 10, nr 5 og 6. Komitear med lengre pårekna funksjonstid enn 2 år skal godkjennast av fylkestinget

B) Tilrådingsrett

Utvalet skal gje tilråding i følgjande saker:

- Framlegg til årsbudsjett, økonomiplan og andre planar innafor utvalet sitt arbeidsområde
- Skiping av faste utval, styre o.l i sektoren

Hovudutvalet kan uttale seg i alle andre saker innan sin sektor.

C) Oppgåver elles

Hovudutvalet

- er ansvarleg for godt planlagd, rasjonell og økonomisk organisering og drift av sektoren
- skal velje evt styre til fylkeskommunen sine undervisningsverksemder eller andre verksemder i sektoren der fylkeskommunen har valrett på representantar dersom valretten ikkje er lagd til andre organ
- er fylkeskommunen sitt samarbeidsorgan med offentlege og private organ med same eller tilgrensande arbeidsområde
- føre kontroll med at vedtak innan utvalet sitt arbeidsområde vert gjennomførde

D) Delegering

Hovudutvalet kan delegera til fylkesrådmannen å gjere vedtak innan nærmare fastlagde rammer og retningsliner.

§ 4 Sekretariat

Fylkesrådmannen er ansvarleg for at sekretariatsfunksjonen vert utøvd på ein tilfredsstillande måte, vanlegvis ved fylkesdirektøren. Fylkesdirektøren førebur sakene til utvalet på vegner av fylkesrådmannen og har ansvaret for at sakene er forsvarleg utgreidde, jf kommunelova § 23, nr 2. Han syter også for at vedtaka vert iverksette.

Sekretariatet i samråd med leiaren kan innkalle til møta i hovudutvalet personar som ein finn det ønskjeleg å rådføre seg med i einskilde saker.

REGLEMENT FOR HOVUDUTVAL FOR SAMFERDSLE

Vedteke av fylkestinget i sak nr 45/03.

§ 1

Val og samansetnad

Utvalet er fylkeskommunen sitt hovudutval for samferdsle.

Utvalet har 9 medlemer med varamedlemer.

Fylkestinget vel medlemene blant fylkestinget sine medlemer. Minst ein og maksimalt to av medlemene skal vere medlem av fylkesutvalet.

Dersom resultatet av dette vert at krava i kommunelova §§ 36 og 38 om minst 40% representasjon frå kvart kjønn ikkje vert oppfyllt, skal nødvendig tal medlemer i tillegg veljast blant dei fem første varamedlemene til fylkestinget frå kvart parti. Dersom dette ikkje gir nok medlemer av det underrepresenterte kjønnet, skal ytterlegare medlemer veljast blant dei andre varamedlemene til fylkestinget.

Fylkestinget vel blant varamedlemene til fylkestinget i rekjkjefølgje så mange varamedlemer som partiet/grupperinga har medlemer i hovudutvalet, med tillegg av 1-3 varamedlemer.

Fylkestinget vel leiar og nestleiar.

Valet gjeld for den fylkeskommunale valperioden.

Dersom ein medlem trer endeleg ut av vervet, skal fylkestinget velje nytt medlem, jf kommunelova § 16, nr 3. Er utvalet valt ved høvestalsval, skal det supplerast frå den gruppa som står bak den som sluttar som medlem. Gruppene kan ved gjensidig avtale likevel verte samde om å bytte posisjonar mellom hovudutvala ved slike høve, dersom fylkestinget finn å kunne godkjenne det ved valet.

Dersom leiaren trer endeleg ut av vervet skal fylkestinget velje ny leiar, jf kommunelova § 16, nr 4.

Fylkesrådmannen har møte- og talerett i hovudutvalet, jf kommunelova § 23, nr 3. Retten kan utøvast av han personleg eller av ein av hans undeordna.

§ 2

Arbeidsområde

Hovudarbeidsområdet for utvalet er saker etter yrkestransportlova, veglova og vegtrafikklova, og øvrige samferdslesaker som fylkeskommunen har ansvaret for.

Hovudutvalet skal arbeide for å sikre målstyring og resultatstyring, og for å sikre effektiv oppfølging og kontroll av verksemda i sektoren innafor ei ramme av rettstryggleik.

§ 3

Oppgåver og mynde

I tillegg til den mynda som er lagt til utvalet i delegeringsreglementet gjeld følgjande:

A) Avgjerdssrett

Hovudutvalet har fullmakt til å:

- Styre forvaltninga av budsjetterte midlar på eigen sektor
- Utarbeide årsmelding for sektoren
- Opprette komitear for å løyse tidsavgrensa oppgåver, jf kommunelova § 10, nr 5 og 6. Komitear med lengre pårekna funksjonstid enn 2 år skal godkjennast av fylkestinget

Hovudutvalet har elles fullmakt til å gjere vedtak innan dei rammene og etter dei retningslinene som følger av lov, reglement eller særskilde vedtak i fylkestinget/fylkesutvalet.

B) Tiltrådingsrett

Utvælet skal gje tilråding i følgjande saker:

- Framlegg til årsbudsjett, økonomiplan og andre planar innafor utvælet sitt arbeidsområde
- Skiping av faste utval, styre o.l i sektoren

Hovudutvalet kan uttale seg i alle andre saker innan sin sektor.

C) Oppgåver elles

Hovudutvalet

- er ansvarleg for godt planlagd, rasjonell og økonomisk organisering og drift av sektoren
- skal velje styre eller utsendingar til generalforsamlingar/årsmøte til fylkeskommunen sine samferdsleverksemder eller andre verksemder i sektoren der fylkeskommunen har valrett på representantar dersom valretten ikkje er lagd til andre organ
- er fylkeskommunen sitt samarbeidsorgan med offentlege og private organ med same eller tilgrensande arbeidsområde
- føre kontroll med at vedtak innan utvælet sitt arbeidsområde vert gjennomførde

D) Delegering

Hovudutvalet kan delegere til fylkesrådmannen å gjere vedtak innan nærmare fastlagde rammer og retningslinjer.

§ 4

Sekretariat

Fylkesrådmannen er ansvarleg for at sekretariatsfunksjonen vert utøvd på ein tilfredsstillande måte, vanlegvis ved fylkesdirektøren. Fylkesdirektøren førebur sakene til utvalet på vegner av fylkesrådmannen og har ansvaret for at sakene er forsvarleg utgreidde, jf kommunelova § 23, nr 2. Han syter også for at vedtaka vert iverksette.

Sekretariatet i samråd med leiaren kan innkalle til møta i hovudutvalet personar som ein finn det ønskjeleg å rådføre seg med i einskilde saker.

REGLEMENT FOR HOVUDUTVAL FOR PLAN OG NÆRING

Vedteke av fylkestinget i sak nr 26/95, 19/98, 38/99 og 45/03.

§ 1

Val og samansetnad

Utvælet er fylkeskommunen sitt hovudutval for plan og næring.

Utvælet har 9 medlemer med varamedlemer.

Fylkestinget vel medlemene blant fylkestinget sine medlemer. Minst ein og maksimalt to av medlemene skal vere medlem av fylkesutvalet.

Dersom resultatet av dette vert at krava i kommunelova §§ 36 og 38 om minst 40% representasjon frå kvart kjønn ikkje vert oppfyllt, skal nødvendig tal medlemer i tillegg veljast blant dei fem første varamedlemene til fylkestinget frå kvart parti. Dersom dette ikkje gir nok medlemer av det underrepresenterte kjønnet, skal ytterlegare medlemer veljast blant dei andre varamedlemene til fylkestinget.

Fylkestinget vel blant varamedlemene til fylkestinget i rekjkjefølgje så mange varamedlemer som partiet/grupperinga har medlemer i hovudutvalet, med tillegg av 1-3 varamedlemer.

Fylkestinget vel leiar og nestleiar.

Valet gjeld for den fylkeskommunale valperioden.

Dersom ein medlem trer endeleg ut av vervet, skal fylkestinget velje nytt medlem, jf kommunelova § 16, nr 3. Er utvælet valt ved høvestalsval, skal det supplerast frå den gruppa som står bak den som sluttar som medlem. Gruppene kan ved gjensidig avtale likevel verte samde om å bytte posisjonar mellom hovudutvala ved slike høve, dersom fylkestinget finn å kunne godkjenne det ved valet.

Dersom leiaren trer endeleg ut av vervet skal fylkestinget velje ny leiar, jf kommunelova § 16, nr 4.

Fylkesrådmannen har møte- og talerett i hovudutvalet, jf kommunelova § 23, nr 3. Retten kan utøvast av han personleg eller av ein av hans undordna.

§ 2

Arbeidsområde

Hovudarbeidsområdet for utvælet er saker etter plan- og bygningslova, friluftslova, øvrige miljøsaker, nærings- og energispørsmål og øvrige regionalpolitiske saker som fylkeskommunen har ansvaret for.

Hovudutvalet skal arbeide for å sikre målstyring og resultatstyring, og for å sikre effektiv oppfølging og kontroll av verksemda i sektoren innafor ei ramme av rettstryggleik.

§ 3 Oppgåver og mynde

I tillegg til den mynda som er lagt til utvalet i delegeringsreglementet gjeld følgjande:

A) Avgjerdssrett

Hovudutvalet har fullmakt til å:

- Styre forvaltninga av budsjetterte midlar på eigen sektor
- Utarbeide årsmelding for sektoren
- Opprette komitear for å løyse tidsavgrensa oppgåver, jf kommunelova § 10, nr 5 og 6. Komitear med lengre pårekna funksjonstid enn 2 år skal godkjennast av fylkestinget

Hovudutvalet har elles fullmakt til å gjere vedtak innan dei rammene og etter dei retningslinene som følger av lov, reglement eller særskilde vedtak i fylkestinget/fylkesutvalet.

B) Tilrådingsrett

Utvælet skal gje tilråding i følgjande saker:

- Framlegg til årsbudsjett, økonomiplan og andre planar innafor utvælet sitt arbeidsområde
- Skiping av faste utval, styre o.l i sektoren

Hovudutvalet kan uttale seg i alle andre saker innan sin sektor.

C) Oppgåver elles

Hovudutvalet

- er ansvarleg for godt planlagd, rasjonell og økonomisk organisering og drift av sektoren
- skal velje styre eller utsendingar til generalforsamlingar/årsmøte til fylkeskommunen sine næringsverksemder eller andre verksemder i sektoren der fylkeskommunen har valrett på representantar dersom valretten ikkje er lagd til andre organ
- er fylkeskommunen sitt samarbeidsorgan med offentlege og private organ med same eller tilgrensande arbeidsområde
- føre kontroll med at vedtak innan utvælet sitt arbeidsområde vert gjennomførde

D) Delegering

Hovudutvalet kan deleger til fylkesrådmannen å gjere vedtak innan nærmere fastlagde rammer og retningslinjer.

§ 4 Sekretariat

Fylkesrådmannen er ansvarleg for at sekretariatsfunksjonen vert utøvd på ein tilfredsstillande måte, vanlegvis ved fylkesdirektøren. Fylkesdirektøren førebur sakene til utvalet på vegner av fylkesrådmannen og har ansvaret for at sakene er forsvarleg utgreidde, jf kommunelova § 23, nr 2. Han syter også for at vedtaka vert iverksette.

Sekretariatet i samråd med leiaren kan innkalle til møta i hovudutvalet personar som ein finn det ønskjeleg å rådføre seg med i einskilde saker.

REGLEMENT FOR TRAFIKKTRYGGINGSUTVALET

Vedteke av fylkestinget i sak nr 25/95 og 45/03.

§ 1

Val og samansetnad

Utalet er eit underutval under hovudutval for samferdsle. Det skal vere fylkeskommunen sitt trafikktryggingsutval, jf fylkeskommunen sitt ansvar etter § 40a i vegtrafikklova for å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggleiken i fylket.

Utalet har 5 medlemer med varamedlemer.

Medlemene og varamedlemene skal veljast slik: To frå hovudutval for samferdsle, ein frå hovudutval for opplæring, ein frå hovudutval for kultur og ein på fritt grunnlag.

Fylkestinget vel medlemene til utalet, herunder leiar og nestleiar.

Valet gjeld for den fylkeskommunale valbolken.

Dersom ein medlem trer endeleg ut av vervet, skal fylkestinget velje nytt medlem, jf kommunelova § 16, nr 3. Er utalet valt ved høvestalsval, skal det supplerast frå den gruppa som står bak den som sluttar som medlem. Gruppene kan ved gjensidig avtale likevel verte samde om å bytte posisjonar mellom hovudutvala ved slike høve, dersom fylkestinget finn å kunne godkjenne det ved valet.

Dersom leiaren trer endeleg ut av vervet skal fylkestinget velje ny leiari, jf kommunelova § 16, nr 4.

Fylkesrådmannen har møte- og talerett i utalet, jf kommunelova § 23, nr 3. Retten kan utøvast av han personleg eller av ein av hans undeordna.

Representantar frå etatar som arbeider med trafikktrygging (vegvesen, politi, skuleverk, Trygg Trafikk og andre) kan inviterast til å delta i møta i utalet. Desse har talerett, men ikkje framleggs- og røysterett.

§ 2

Arbeidsområde

Det politiske ansvaret for fylket sitt trafikktryggingsarbeid ligg hjå hovudutvalet for samferdsle.

Trafikktryggingsutvalet skal vera rådgjevande for hovudutvalet samt ha vedtaksrett i dei saksområde der dette er spesielt nemnt i dette reglementet.

§ 3

Oppgåver og mynde

Trafikktryggingsutvalet skal:

- A) Ta dei initiativ utvalet finn nødvendig, og samordne offentleg og frivillig trafikktryggingsarbeid i fylket. Dette bør skje ved at "Handlingsprogram for trafikktryggingsarbeidet i Sogn og Fjordane" vert følgd opp og ved å gje fråseigner til andre planar som er viktig for trafikktryggleiken.

Utvalet kan krevje å få lagt fram kommuneplanar, reguleringsplanar, planar etter veglova, undervisningsplanar og andre planar der trafikktryggleiken er særleg viktig.

- B) Gje fråsegn i saker som vert lagt fram for utvalet frå hovudutvalet og andre saker som er viktige for trafikktryggleiken.
- C) Ta avgjerd i desse sakene:
- Fordeling av løyvde midlar til "Aksjon Skuleveg"
 - Fordeling av særskilde trafikktryggingsmidlar løyvd av fylkestinget.
- D) Stimulere og støtte det kommunale trafikktryggingsarbeidet.
- E) Stimulere og støtte det frivillige trafikktryggingsarbeidet.
- F) Ta opp andre saker som er viktig for trafikktryggleiken.

§ 4 **Sekretariat**

Fylkesrådmannen er ansvarleg for at sekretariatsfunksjonen vert utøvd på ein tilfredsstillande måte. Vegsjefen er sekretariat og førebur sakene til utvalet på vegner av fylkesrådmannen. Han syter også for at vedtaka vert iverksette.

Sekretariatet i samråd med leiaren kan innkalte til møta i utvalet personar som ein finn det ønskjeleg å rådføre seg med i einskilde saker.

REGLEMENT FOR FORBRUKARUTVALET

Fastsett av fylkestinget i sak nr 71/03.

§ 1 - Heimel

Forbrukarutvalet er eit fast utval oppretta i medhald av kommunelova § 10.

§ 2 - Val og samansetnad

Fylkestinget vel medlemene til utvalet, herunder leiar og nestleiar.

Utvalet skal ha fem medlemer, og fem varamedlemer valde i prioritert rekjkjefølgja.

To av medlemene skal veljast blant fylkestinget sine medlemer.

Valet gjeld for den fylkeskommunale valperioden.

§ 3 - Arbeidsområde

Forbrukarutvalet har som arbeidsområde dei forbrukarspørsmål som vedrører innbyggjarane i Sogn og Fjordane fylke.

§ 4 - Oppgåver

- Forbrukarutvalet skal arbeide til beste for forbrukarane i fylket i samarbeid med private og offentlege organ.
- Utvalet skal søkje å finne fram til område der det er behov for forbrukartiltak av ulik art, og kome med forslag til korleis oppgåvene kan løysast. Utvalet skal gjere arbeidet sitt kjent i fylket.
- Utvalet har høve til å gi fråsegn til fylkesplanen og evt andre planar som berører utvalet sitt arbeidsområde.
- Utvalet skal utarbeide årsmelding om verksemda si.

§ 5 - Møterett, sekretariat m.v.

Fylkesrådmannen har møte- og talerett i utvalet, jfr kommunelova § 23, nr 3. Retten kan utøvast av han personleg eller av ein av hans underordna.

Fylkesrådmannen har ansvaret for at sekretariatsfunksjonen vert utøvd på ein tilfredsstillande måte.

Sekretariatet kan, i samråd med utvalsleiaren, innkalle personar til møta i utvalet som ein finn det ønskjeleg å rådføre seg med i einskilde saker.

For utvalet gjeld elles Reglement for sakshandsaming i politiske utval.

REGLEMENT FOR FYLKESRÅDET FOR FUNKSJONSHEMMA

Vedteke av fylkestinget i sak nr 34/92.

§ 1 Heimel

Fylkestinget gjer vedtak om oppretting og eventuell nedlegging avrådet.

§ 2 Føremål

2.1.

Rådet er eit rådgivande organ for fylkeskommunale og fylkesstatlege instansar og kommunane i saker som vedkjem funksjonshemma. Rådet skal medverke til at sentrale politiske målsetjingar vert følgde opp.

2.2

Overordna målsetjinga er å:

- fremje likestilling på alle samfunnsområde
- legge til rette for aktiv deltaking i samfunnslivet
- ivareta og vidareutvikle funksjonshemma sine rettar
- fremje desentraliserte, integrerte og koordinerte tenester

§ 3 Samansetnad

3.1

Rådet skal ha 7 medlemer med varamedlemer. Følgjande grupperingar skal vere representerte:

- fylkestinget (2)
- fylkesomfattande brukarorganisasjonar (3)
- fylkeskommunal etatsrepresentant (1)
- fylkesstatleg etatsrepresentant (1)

3.2

Politiske styringsorgan og forvaltningsorgan som ikkje er representerte i rådet kan kallast inn etter behov.

§ 4 Val

4.1

Rådet vert vald av fylkesutvalet som også vel leiar og nestleiar.

Representantane for brukarorganisasjonane og etatsrepresentantane vert valde etter forslag frå desse.

4.2

Rådet si funksjonstid følgjer fylkesvalperioden.

§ 5 Arbeidsoppgåver

5.1 Rådet skal:

- Uttale seg om saker som fylkeskommunale organ legg fram for det.
- Vere særskilt merksam på – og om naudsynt – ta initiativ til å betre samarbeidet og samordninga mellom fylkeskommunale etatar og organ, mellom fylkeskommunen og statlege organ og mellom fylkeskommunen og kommunane
- Få seg forelagt saker med funksjonshemma som særskilt målgruppe.
- Arbeide med ålmenne tiltak og tenester som også vedkjem funksjonshemma.

5.2 Rådet bør:

- Ta initiativ til og sjølv drive informasjonsarbeid innan fylkeskommunen, overfor ålmenta, kommunar, fylkesstatlege organ, organisasjonar m.m.
- På eige initiativ ta opp og utgreie saker når ein finn dette naudsynt.
- Få seg forelagt fylkeskommuen sitt ordinære budsjett- og planarbeid på ulike område.
- I saker av prinsipiell interesse; få uttale seg i ein førebuande fase av sakshandsaminga.

§ 6 Sekretariat

Det vert skipa eit sekretariat for rådet, eventuelt i samarbeid med andre sekretariatsfunksjonar.

§ 7 Økonomi

Rådet disponerer eit eige budsjett til reise- og andre driftsutgifter.

Medlemene skal ha godtgjering for arbeidet i rådet i samsvar med Regulativet for folkevalde. Møtegodtgjersle vert utbetalt etter gruppe 2.

§ 8 Møte

Rådet held møte når leiaren eller minst tre av medlemene krev det. Rådet skal kallast inn med minst seks dagars varsel. Saksdokumenta skal sendast ut med møteinkallinga.

Rådet kan gjere vedtak når minst halvparten av medlemene er tilstades. Står røystene likt, har leiaren dobbelrøyst.

§ 9 Møtebok

Det skal førast møtebok frå møtet i rådet. I denne skal det framgå:

- kven som deltok i møtet
- kva saker som vart handsama
- rådet sine vedtak

Dersom det er delte oppfatningar ved avrøysting i rådet, skal dette framgå av møteboka. Kvart medlem av rådet har rett til å føre merknader til møteboka.

Utskrift av møteboka skal sendast medlemene, varamedlemene, berørte partar og dei fylkesomfattande brukarorganisasjonane.

§ 10 Årsmelding

Rådet utarbeider kvart år ei årsmelding om aktiviteten sin.

REGLEMENT FOR ELDRERÅDET

Vedteke av fylkesutvalet i sak nr 236/92 med heimel i lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd av 8.11.1991, nr 76.

§ 1 Val og samansetnad

Eldrerådet skal ha fem medlemer med personlege varamedlemer.

Valretten ligg til fylkesutvalet.

Fleirtalet av rådsmedlemene skal vere alderspensjonistar i fylket.

Rådet vel sjølv leier og nestleiar blant alderspensjonistane.

Fylkespensjonistforeningar har rett til å kome med framlegg om medlemer.

Funksjonstida følgjer den fylkeskommunale valperioden.

§ 2 Oppgåver

Eldrerådet er eit rådgivande organ for fylkeskommunen.

Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for eldre.

Eldrerådet skal i alle høve ha følgjande saker til handsaming: Årsbudsjett, langtidsbudsjett, fylkesplan, og elles sektorplanar som har særleg interesse for eldre. Plikta til medverknad vil såleis gjelde tiltak og planar i sosial- og helsesektoren, samferdslesektor og kommunikasjonsplanar, kulturtiltak og andre fylkeskommunale tiltak som vedkjem eldre.

Eldreråder kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i fylket.

§ 3 Møta

- a) Rådet held møte når leiaren finn det naudsynt eller minst to av medlemene ber om det
- b) Innkalling skal skje med minst seks dagars varsel. Saksdokumenta skal vanlegvis sendast ut saman med innkallinga.
- c) Rådet kan gjere vedtak når minst halvparten av medlemene er til stades. Står røystene likt, er møteleiaren si røyst avgjerande.
- d) Alle saksdokument skal leggjast fram for rådet i god tid før fylkestinget skal handsame sakene. I dei tilfella sakene skal avgjerast i fylkesutvalet, hovudutvala, styre eller råd, må eldrerådet ha saksdokumenta til handsaming før vedkomande organ handsamar saka. Målsetjinga er at eldrerådet si fråsegn skal vere kjend ved handsaminga i hovudutvalet.

- e) Det skal først møtebok frå møta. Utskrift av møteboka skal sendast medlemene, varamedlemene og fylkesrådmannen. Protokollen skal følgje saksdokumenta til folkevalde organ som tek endeleg avgjerd i saka.
- f) For øvrig gjeld reglane i lov om kommunar og fylkeskommunar for rådet.

§ 4 Økonomi

Rådet disponerer eige budsjett til dekking av møte- og reiseutgifter og andre driftsutgifter.

Medlemene skal ha godtgjering for arbeide i rådet i samsvar med Regulativ for folkevalde. Reise- og oppholdsutgifter vert dekka etter det kommunale reiseregulativet.

§ 5 Sekretariat

Fylkeskommunen held sekretariat for rådet, eventuelt som felles sekretariat med andre råd.

§ 6 Årsmelding

Rådet utarbeider kvart år ei årsmelding om aktiviteten sin. Meldinga skal leggjast fram for fylketinget.

REGLEMENT FOR FYLKESTINGET

Fastsett av fylkestinget i sak nr 26/95.

§ 1

Val og samansetnad

Fylkestinget har 39 medlemer med varamedlemer.

Medlemene vert valde av dei innbyggjarane i fylket som har røysterett etter reglar fastsett i lov, jf kommunelova § 7, nr 1. Valet gjeld for fire år.

Dersom ein medlem trer endeleg ut eller får varig forfall, trer varamedlem frå vedkomande gruppe inn i medlemen sin stad i den nummerorden han er vald, jf kommunelova § 16, nr 2.

Fylkesrådmannen har møte- og talerett i fylketinget, jf kommunelova § 23, nr 3. Retten kan utøvast av han personleg eller av ein av hans underordna.

Fylkesordføraren avgjer elles om fylkeskommunale arbeidstakrar eller andre skal kunne delta i møta under handsaminga av saker som vedkjem dei. Desse har då talerett.

§ 2

Arbeidsområde

Fylkestinget er ifølge kommunelova § 6 det øverste organet i fylkeskommunen og gjer vedtak på vegner av fylkeskommunen i alle saker dersom anna ikkje følgjer av lov eller fylkestinget sine delegeringsvedtak.

Fylkestinget har all mynde som ikkje positivt er lagt til andre organ.

§ 3

Saksgang

Saker frå hovudutvala skal som hovudregel gå direkte til fylkestinget utan handsaming i fylkesutvalet. Unnatak gjeld for årsbudsjett, økonomiplan og fylkesplan, og saker frå hovudutvala som inneber endringar i føresetnadene i desse overordna dokumenta eller der ein på annan måte legg opp til vedtak av vesentleg prinsipiell rekkevidde.

Fylkesordføraren er ansvarleg for å vurdere om sakene skal gå direkte frå hovudutvala til fylkestinget eller om dei bør gå via fylkesutvalet.

Saker som ein vil ha lagt fram for fylkestinget må vere komne inn til fylkesrådmannen innan ein frist som vert fastsett av fylkesutvalet.

Fylkesutvalet kan fremje saker for fylkestinget fram til tingseta er sett, så sant saka har kome på fylkesutvalet si sakliste i samsvar med reglement for dette.

§ 4 Sekretariat

Fylkesrådmannen har sekretariatsansvaret for fylkestinget. Han førebur sakene til utvalet og har ansvaret for at sakene er forsvarleg utgreidde, jf kommunelova § 23, nr 2. Vidare har han ansvaret for at vedtaka vert iverksette.

Til å føre møteboka og vere fylkestinget til hjelp kan tinget velje ein eigen sekretær. Til å ta førehavingane opp på lydband kan det veljast eigne referantar.

Fylkestinget avgjer om det skal takast opp referat på lydband av førehavingane og vel i tilfelle referantar.

§ 5 Møta.

a) Tidspunkt

Fylkestinget skal ha møte på dei tidspunkt som tinget sjølv har vedteke, når fylkesordføraren finn det naudsynt eller minst 1/3 av medlemene krev det, jf kommunelova § 32, nr 1.

Fylkesutvalet har elles fullmakt til å fastsetje møtetidspunkt og møtestad.

b) Møteprinsippet

Fylkestinget gjer vedtaka sine i møte, jf kommunelova § 30, nr 1.

Fylkestinget har **ikkje** høve til å handsame saker ved fjernmøte eller skriftleg handsaming, jf kommunelova § 30, nr 2.

c) Sakliste

Fylkesordføraren set opp saklista for det enkelte møtet, jf kommunelova § 32, nr 2.

Sakene skal handsamast i den rekkjefølgja som følgjer av saklista, men fylkestinget kan vedta ei anna rekkjefølgje. Er ei sak teken opp til handsaming, kan ikkje møtet avsluttast før saka er avgjort ved avrøyting eller fylkestinget vedtek å utsetje saka.

Fylkestinget kan med vanleg fleirtal vedta å utsetje realitetshandsaminga av ei sak på saklista, jf kommunelova § 34, nr 1.

Fylkestinget kan vedta å gjere vedtak i ei sak som ikkje er oppført på saklista dersom møteleiaren eller 1/3 av dei møtande ikkje motset seg dette. Vedkomande hovudutval og evt fylkesutvalet må då først gi tilråding i møte og saka med innstillingar må ligge ute i fylkestinget i tre timer før ho vert teken opp til endeleg førehaving. Tilsvarande regel gjeld dersom fylkestinget vedtek å sende ei sak attende til hovudutval eller fylkesutvalet for ny førehaving under tingseta.

d) Møteleiing/møtesetjing

Møta i fylkestinget vert leia av fylkesordføraren eller fylkesvaraordføraren. Dersom begge har forfall, vert det vald ein særskilt møteleiar ved fleirtalsval, jf kommunelova § 32, nr 4.

Møteleiaren konstaterer at møtet er lovleg sett, jf kommunelova § 33. Han ropar opp namna på medlemene og møtande varamedlemer. Medlemer og varamedlemer som ev tiltreter møtet etter oppropet melder seg til møteleiaren før dei tek sete.

Dersom det i samband med oppropet er reist innvendingar mot at nokon har rett til å ta sete i fylkestinget, eller tvil om nokon sitt forfall, tek fylkestinget først avgjerd om dette.

e) Varsel - innkalling

Fylkestinget vert kalla inn skriftleg med minst 8 dagars varsel. Saksdokumenta vert sende til medlemer, varamedlemer og evt andre innan same frist. Når ingen av medlemene seier mot, kan ein handsama saker sjølv om møtet er kalla inn og/eller saker sendt ut seinare enn 8 dagar før møtedatoen.

Fylkestingsamlinga skal kunngjerast offentleg, jf. kommunelova §§ 4 og 32, nr. 3. Det skal i kunngjeringa opplysast korleis årmenta kan få innsyn i saklista og saksdokumenta.

f) Møteplikt - forfall

Medlemene har plikt til å delta i fylkestinget sine møte med mindre det ligg føre gyldig forfallsgrunn. Som gyldig forfallsgrunn vert rekna sjukdom, viktige velferdsgrunnar eller viktige og uoppsettelege forretningar eller plikter som ikkje kan forsømast.

Forfall skal meldast til sekretariatet i god tid før møtet.

Etter at møtet er sett kan medlemer ikkje forlate møtet utan å melde frå til møteleiaren på førehand.

Er det reist tvil om eit forfall er gyldig vert dette handsama før sakene på saklista.

Har eit varamedlem lovleg teke sete i samlinga og medlemen, ev den varamedlemen som står føre han i nummerorden, deretter kjem, skal den førstnemnde varamedlemen likevel delta i møtet inntil den saka som var påbyrja då vedkomande kom er ferdighandsama.

g) Ordkiftet

Møteleiaren les opp tittelen og nummeret på saka og framleggget til vedtak. Han gjer merksam på ev dissensar i underliggjande politiske organ og refererer ev dokument som er komne inn etter utsendinga av saka.

Medlemene får ordet i den rekkjefølgja dei ber om det. Møteleiaren kan tillate replikkordskifte direkte etter eit innlegg og fastset tidsavgrensing for replikkordskiftet.

Møteleiaren kan gi ordet til fylkesrådmannen eller evt andre når dei opplysningsar/vurderingar som dei kan gi er viktige for ordkiftet vidare. Dei kan då få ordet utanom talarlista. Dette vil særleg gjelde dersom det vert retta spørsmål direkte til administrasjonen.

Jf. omtale av ordkiftet og taletid i §§ 6 og 7 nedanfor.

h) Vedtak - røysting

Fylkestinget kan gjere vedtak når minst halvparten av medlemene er til stades og har røysta, jf. kommunelova § 33.

Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal dersom anna ikkje er bestemt i kommunelova, jf § 35, nr 1. Dersom røystene står likt er leiaren si røyst avgjerande.

Ved handsaming av økonomiplan og årsbudsjett gjeld særlege røysteregler, jf kommunelova § 35, nr 2.

I valsaker og tilsetjingssaker skal det haldast ny avrøysting dersom ingen får tilstrekkeleg fleirtal, jf kommunelova § 38, nr 1. Ved den nye avrøystinga er dei valde eller tilsette som får flest røyster. Dersom røystene står likt skal valet avgjera ved loddtrekking og tilsetjinga vert avgjort av møteleiaren.

Jf nærmere omtale av røysting i § 8 nedanfor.

i) Røysteplikt

Medlem som er tilstades i fylkestinget når ei sak vert teken opp til avrøysting pliktar å røyste, jf kommunelova § 40, nr 2. Det er berre høve til å røyste blankt ved tilsetjing og val.

j) Møtebok

Det skal førast møtebok. Utskrift av møteboka vert sendt medlemene av fylkestinget, fylkesrådmannen og ev andre etter behov.

For kvart møte vert møtestad og møtetid, fråverande medlemer og møtande varamenn ført inn i møteboka. Går nokon frå eller kjem til medan møtet varer, vert dette bokført slik at når ein samanheld boka med medlemslista kan ein sjå kven som har vore med i handsaminga av kvar sak.

Elles vert bokført det som må til for å visa gangen i førehavingane og at vedtaka vert gjort etter rett framgangsmåte. Sakene vert bokførde kronologisk, og slik at ein kan sjå kva saka gjeld. For kvar sak vert bokført dei framlegg som er gjorde. Møteleiaren, eller evt fylkestinget dersom det vert reist protest mot avgjerda hans, avgjer om protokolltilførslar skal tillatast.

Ved slutten av kvart møte eller i første etterfylgjande møte vert det som er bokført opplese dersom ikkje anna vert fastsett. Møteleiaren og minst to andre medlemer oppnemnde av fylkestinget skriv under møteboka.

Fylkestinget avgjer i kvart møte om det skal takast opp referat av førehavingane på lydband. Lydbanda skal merkast og arkiverast. Utskrift frå lydbanda vert foreteke når representantane ber om det.

k) Opne eller lukka møte

Møta vert haldne for opne dører, jf kommunelova § 31, men likevel slik at saker merka "lukka" (ikkje offentleg) i saklista vert handsama i lukka møte. Fylkestinget kan gjere vedtak om avvik frå sekretariatet sitt framlegg til ope eller lukka handsaming av ei sak innan rammene til § 31. Forhandlingar om dette går føre seg for stengde dører om møteleiaren krev det eller fylkestinget vedtek det. Personalsaker skal alltid handsamast for lukka dører.

Fylkestinget kan vedta å endre handsamingsmåten med framtidig verknad også etter at ei sak er teken opp til handsaming. Blir det fremja forslag om dette, må handsaminga av saka

avbrytast. Forhandlingar om kor vidt den vidare handsaminga av saka skal vere i opne eller lukka møte går føre seg for stengde dører dersom møteleiaren eller fylkestinget krev det.

I) Teieplikt

Medlemer og varamedlemer har teieplikt om det dei får vite om ein skilde personar, verksemder m.v. dersom opplysingane er underlagt teieplikt etter forvaltningslova §§ 13 og 13a-13f og ev særlover.

Dersom ei sak vert handsama i lukka møte plikter fylkestingmedlemene, og evt andre som er tilstades, å teie om førehavingane og om vedtaka. Fylkestinget kan setje ein tidsfrist for denne teieplikta og i alle høve oppheve den seinare dersom det ikkje er i strid med teiepliktreglane i forvaltningslova.

m) Ugildskap - fritak

For medlemene sin habilitet gjeld reglane i forvaltningslova kap II og kommunelova § 40, nr 3. Medlemer som er ugilde deltek ikkje ved handsaminga av saka og forlet møtet dersom det er eit lukka møte.

Medlem som er friteken frå å delta i handsaminga av ei sak ut frå personlege grunnar, jfr kommunelova § 40, nr 4, deltek ikkje ved handsaminga av saka.

n) Deputasjonar

Utsendingar frå korporasjonar eller grupper som vil møte for fylkestinget og uttale seg til ei sak skal melde frå om dette til fylkesordføraren seinast dagen før møtet. Fylkestinget avgjer om utsendingane skal mottakast, og dei vert evt mottekne utanfor møtesalen for eit eige utval.

Dersom ikkje anna vert vedteke er utvalet samansett av fylkesordføraren og leiaren for det hovudutvalet saka gjeld. Fylkesordføraren er leiar for utvalet. Etter å ha hørt utsendingane og i tilfelle teke imot skriftleg utgreiing, gir fylkesordføraren fylkestinget melding om det utsendingane kom fram med.

§ 6

Nærare om ordskiftet

Talaren skal venda orda sine til møteleiaren og ikkje til forsamlinga. Han skal halde seg nøyne til saka eller den del av saka som ordskiftet gjeld. Møteleiaren skal sjå til at det blir gjort.

Det må ikkje seiast noko som krenkjer forsamlinga, nokon av medlemane eller andre. Heller ikke må nokon laga uro for å få fram at ein er misnøgd eller usamd i det som blir sagt.

Dersom nokon bryt desse ordensføreseggnene skal møteleiaren åtvara han, om naudsynleg to gonger. Rettar han seg likevel ikkje etter dette, kan møteleiaren ta frå han ordet eller ved røysting la forsamlinga avgjere om vedkomande skal stengjast ute frå resten av møtet.

Møteleiaren må ikkje avbryta nokon som har ordet dersom det ikkje vert gjort for å handheve ordensføreseggnene eller for å rette mistydingar frå talaren si side.

Vil møteleiaren vera med i ordskiftet med meir enn heilt korte innlegg skal han overlata leiinga av førehavingane til varaordføraren.

Før ordskiftet i ei sak tek til, og medan ordskiftet varer, kan fylkestinget vedta at taletida skal avgrensast til eit visst tal minuttar for kvart innlegg. Jf elles nærmare om taletid i § 7 nedanfor.

Når fylkestinget meiner at ei sak er ferdigdrøfta kan det vedta å slutte ordskiftet i saka. Ved handsaming av framlegg om å korta av taletida eller om å slutta av ordskiftet må berre to talarar få ordet - ein for og ein mot framlegget.

Framlegg til vedtak skal leverast inn skriftleg til møteleiaren. Framlegget kan gjerast munnleg om det går ut på at nokon skal veljast eller tilsetjast, at den saka som vert handsama skal utsetjast, sendast tilbake til vedkomande hovudutval eller anna organ, eller at framlegg ikkje skal vedtakast. Skriftleg framlegg skal underskrivast av den som set det fram. Møteleiaren refererer framlegget.

Dersom det under førehavinga av ei sak vert gjort framlegg om å utsetje saka eller å sende saka attende til ny førehaving i fylkesutvalet eller hovudutvalet, skal dette framlegget drøftast og avgjerast før saka vert handsama vidare i realiteten. Fylkestinget kan pålegge fylkesutvalet å hente inn fråsegner frå eitt eller fleire hovudutval før fylkesutvalet sender saka attende til fylkestinget.

§ 7

Nærare om taletid

I større saker som t.d. årsbudsjett, økonomiplan, fylkesplan m.m, kan det etter nærmere vedtak gjerast gjeldande ei taletidsnorm såleis:

1. Kvart parti får 10 eller 15 minutt til eit hovudinnlegg alt etter kva type sak det gjeld.
2. Utover dette får kvart parti ein maksimal taletidskvote proporsjonalt med det talet på representantar som er valde til fylkestinget frå vedkomande parti.
3. Innanfor partiet sin taletidskvote får kvar representant ei maksimal taletid på 2, 3 eller 5 minutt avhengig av kva sak det gjeld. Dersom eit parti ikkje vil nytte retten til å halde hovudinnlegg, kan innrekna tid for dette leggjast til partiet sin kvote, men då må alle representantar frå dette partiet halde seg innanfor den generelle taletidsnorma.
4. Etter at alle har fått ordet innanfor den tida som er tildelt partia, er det høve til fritt ordskifte. Kvart innlegg kan då ikkje vere lenger enn eitt minutt. For denne del av ordskiftet gjeld inga taletidsavgrensing for partigruppene. Men denne del av ordskiftet bør ikkje være særskilt lenge før ordstyraren gjer framlegg om å setje strek.
5. Det vert høve til replikk berre etter hovudinnlegga. Kvar partigruppering har berre høve til ein replikk etter kvart hovudinnlegg. Vedkomande som har halde hovudinnlegget kan då gje ein merknad attende. Dermed må ordskiftet dei to imellom vere avslutta ved det høvet. Kvart innlegg i ei slik replikkveksling kan ikkje gå over 1 minutt. Replikkordskiftet vert belasta vedkomande parti sine taletidskvotar.

I andre saker kan det vere tenleg at ordstyrar gjev uttrykk for kor lang tid ein maksimalt reknar med å bruke på saka. Når denne tida er gått bør ordstyraren vurdere om det er truleg at det

kjem fram vesentleg nye moment i saka. Dersom ikkje, bør han gjere framlegg om at strek vert sett. Det kan også elles vere naudsynt å vurdere trangen for å setje strek for ordskiftet.

§ 8

Nærare om røystinga

Når ordskiftet er slutt seier møteleiaren frå at saka skal takast opp til røysting. Frå då og til ho er avgjord ved røysting må det ikkje vera meir ordskifte om saka eller setjast fram noko nytt framlegg. Heller ikkje er det i dette tidsrommet høve til å ta noko anna sak opp til førehaving.

Berre dei medlemene som er til stades i salen når saka blir teken opp til røysting har rett til å røysta og dei har røysteplikt. Dei kan ikkje gå frå salen før røystinga er ferdig, og dei har røysteplikt.

Er saka delt opp eller det skal røystast over fleire framlegg, gjer møteleiaren framlegg om rekkefølgja av røystingane. Blir det ordskifte om dette, skal møteleiaren nøyse sjå til at talarane berre held seg til røystingsspørsmålet.

Før endeleg røysting i ei sak kan forsamlinga vedta prøverøystingar som ikkje er bindande.

Er den tilrådinga eller det framlegget som det skal røystast over delt i fleire postar eller paragrafar, bør det til vanleg røystast førebels over kvar einskild post eller paragraf, og deretter til slutt over den heile tilrådinga eller det heile framlegget.

Røysting vert gjort på ein av desse måtane:

- a) Ved stillteiande godkjenning når ikkje nokon seier imot.
- b) Ved at møteleiaren oppmodar dei medlemene som er imot eit framlegg til å reisa seg eller å rette opp handa. Når møteleiaren fastset det, eller ein medlem krev det, vert det halde kontrarøysting ved at deretter dei som røyster for framlegget reiser seg eller rettar opp handa.
- c) Ved namneopprop, ja eller nei til svar, når møteleiaren ropar opp namna. Det vert fastsett ved lutkasting kva for namn oppropet skal ta til med, og det held så fram i alfabetisk orden. Ein medlem som møteleiaren nemner opp til det kontrollerar røystinga ved merking på medlemslista.

Namneopprop vert brukt når møteleiaren fastset det, når ein medlem krev det og kravet får stønad av minst 1/5 av forsamlinga, og når møteleiaren eller 1/5 av forsamlinga meiner at utfallet av ei røysting etter pkt. b ovanfor (med etterfølgjande kontrarøysting) ikkje kan fastslåast sikkert. Røystinga over om namneopprop skal brukast vert gjort på den måten som er nemnd ovanfor under pkt butan ordskifte på førehand.

- d) Ved skriftleg røysting med setlar utan underskrift. To medlemer som møteleiaren nemner opp til det tel opp røystene. Skriftleg røysting kan berre brukast ved val og ved tilsetjing, og dei skal bruakst ved slike røystingar når nokon medlem krev det.

§ 9

Spørsmål og interpellasjoner

Kvar fylkestingsmedlem kan setja fram førespurnader (spørsmål og interpellasjoner) til fylkesordføraren i møtet, også om saker som ikkje står på saklista, jf. kommunelova § 34, nr 2.

Dersom førespurnadene ikkje vert varsle på førehand eller er sett fram kort tid før møtet, kan fylkesordføraren gi ei førebels utgreiing eller vise til at han vil gjere greie for forholdet i neste møte. Som ei rettleiande norm bør førespurnader varslast åtte dagar før møtedagen for at fylkesordføraren skal kunne gi fullnøyande svar i møtet.

Den som set fram spørsmål kan bruke inntil to minutt til å setje fram spørsmålet. Etter at fylkesordføraren har svara kan spørsmålstillaren nytte inntil eitt minutt til å stille eitt tilleggsspørsmål. Tilleggsspørsmålet må knyte seg til det svaret fylkesordføraren har gjeve. Etter at fylkesordføraren også har gjeve svar på tilleggsspørsmålet er det ikkje høve til ytterlegare ordskifte i høve spørsmålet.

Den som set fram interpellasjon kan maksimalt nytte 10 minutt på å fremje og grunngje interpellasjonen. Etter fylkesordførarens svar vert det høve til ordskifte om saka. Ordskiftet bør ikkje vare over ein time. Fylkesordføraren har høve til å kome med ein sluttmerknad etter at ordskiftet er ferdig.

Ein interpellasjon som er meld seinare enn ein månad før vedkomande fylkestingsamling kan avvisast i høve denne tingsamlinga. Normalt skal ein også avvise krav om interpellasjon dersom spørsmålet alt har fått si avklaring i inneverande fylkestingperiode eller alt er sett opp på fylkestinget si sakliste.

Fylkesordføraren tek i første omgang stilling til om ein førespurnad kan godtakast som interpellasjon. Dersom ikkj, skal han tilby vedkomande å nytte spørsmålsforma. Dersom den som ønskjer å fremje interpellasjon ikkje godtek fylkesordføraren si avgjerd, tek fylkesutvalet stilling til saka. Fylkestinget kan med verknad for ei seinare fylkestingsamling likevel avgjere at førespurnaden skal godtakast som interpellasjon.

Framlegg som vert gjort i høve spørsmål eller interpellasjoner kan fylkestinget ta opp til handsaming etter reglane i § 5, pkt c, om handsaming av saker som ikkje står på saklista.

§ 10

Ny førehaving av saker

Når ei sak er avgjort kan ho ikkje takast opp att til ny førehaving i same fylkestingsvalbolken om det ikkje seinare er kome til nye opplysningar eller nye tilhøve som er vesentlege for saka.

REGLEMENT FOR HOVUDSAMARBEIDSUTVALET

Vedteke av fylkestinget i sak nr 22/03.

1 GENERELT

Sogn og Fjordane fylkeskommune har eit hovudsamarbeidsutval som er eit kombinert samarbeids- og hovudarbeidsmiljøutval. Hovudsamarbeidsutvalet er eit sentralt sektorovergripande samarbeidsutval.

Hovudsamarbeidsutvalet dekkjer oppgåvene som administrasjonsutval etter hovudavtalen kommunalt tariffområde del B, § 4, og kommunelova § 25, og oppgåver etter arbeidsmiljølova § 24.

2 MÅL FOR HOVUDSAMARBEIDSUTVALET

Samarbeid, medråderett og medansvar skal sikre målretta styring av ressursane og eit godt arbeidsmiljø. Utvalet sitt arbeid skal vere prega Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt verdigrunnlag for alle tilsette og kriterium for god leiarpraksis.

Innafor personalpolitikken, vere ein aktiv aktør i utviklings- og omstillingsprosessar, utarbeiding av personalpolitiske retningsliner, reglement m.m. i fylkeskommunen sin overordna arbeidsgjevarpolitikk.

Ivareta intensjonane om utvida konsultasjon- og partnerskapsforankring med gjensidig informasjon, drøfting av tiltak som gjer Sogn og Fjordane fylkeskommune til ein målretta utviklingsaktør.

Det vert elles synt til mål og intensjonar i lov- og avtaleverket.

3 SAMANSETNAD OG VAL

Hovudsamarbeidsutvalet har 10 medlemer og skal vere slik samansett:

Arbeidsgjevarsida: Fylkesrådmannen (med forvaltningsdirektøren som stedfortredar som varamedlem).

Fylkesrådmannen peikar ut dei andre fire medlemene med personlege varamedlemer frå arbeidsgjevarsida.

Arbeidstakarsida: Fylkeshovudverneombodet (med ein varamedlem frå vernetenesta).

Fire representantar frå dei tilsette med personlege varamedlemer.

Ved utpeiking av dei tilsette sine representantar blir medlemstalet både innanfor kommunalt og statleg avtaleområde å legge til grunn. Representasjonen frå arbeidstakarsida skal skje etter høvetalsprinsippet, men arbeidstakarsida kan fråvike høvetalsprinsippet dersom dei gjennom avtale kjem fram til anna ordning/fordeling, jf.

hovudavtalen.

Utvalet byggjer på gjennomgående representasjon, slik at det så langt det er praktisk mogeleg bør vere den fylkeshovudtillitsvalde som er representert som medlem eller varamedlem i utvalet.

Leiaren for utvalet vert vald vekselvis av fylkeskommunen og arbeidstakarane sine representantar for to år om gongen.

4 SAKSOMRÅDE/OPPGÅVER

Avgjerdsmynne (innafor ramma av vedteke budsjett:

- Overordna planar og retningslinjer for opplæring- og kompetanseutvikling.
- Overordna retningslinjer for introduksjon av nytilsette.
- Retningslinjer for AKAN-tiltak.
- Velferdstiltak og fordeling av velferdsmidlar av sektorovergripande karakter.
- Tiltak som stimulerer dei tilsette å kome med forbetringstiltak, herunder premieringsordning.
- Retningslinjer for attføringsarbeid.
- Fordele midlane til felles personaltiltak til ulike føremål.
- Avgjere søknader om hospiteringsmidlar.
- Oppfølging av interne likestillingstiltak i samsvar med handlingsplanen, og elles løpende likestillingsarbeid omtalt i hovudavtalen for kommunalt tariffområde § 8 og hovudavtalen for staten, tilpassingsavtale til skoleverket, § 21.
- Tildeling av midlar til likestillingstiltak.
- Avgjere spørsmål som gjeld effektiviseringstiltak og utarbeiding eller revisjon av retningslinjer og reglement når desse ikkje krev auka løyvingar.
- Vedta årsmelding for hovudsamarbeidsutvalet sitt arbeidsområde.

Elles har hovudsamarbeidsutvalet **avgjerdsmynne** i spørsmål om arbeidsmiljø etter arbeidsmiljølova § 24, med særleg vekt på:

- Arbeide for eit forsvarleg arbeidsmiljø som ivaretok arbeidstakaren si helse, tryggleik og velferd.
- Hovudsamarbeidsutvalet skal handsame saker vedkomande bedriftshelseteneste, intern verneteneste, opplæring og instruksjon som har verknad for arbeidsmiljøet.
- Planar som får vesentleg verknad for arbeidsmiljøet.
- Statistikk og rapportar om arbeidsmiljøet, arbeidsulykker og liknande.
- Statistikk over sjukefråvær.
- Innhald, rutinar og oppbygging av system for internkontroll som gjeld tiltak innafor lov om arbeidsmiljø.

Dersom oppfølging av vedtak krev ekstra løyvingar, skal saka gå vidare til politisk handsaming.

Uttalerett

- Overordna retningslinjer for fylkeskommunen sin løns- og personalpolitikk.
- Organisatoriske spørsmål, effektiviseringstiltak og utarbeiding eller revisjon av retningslinjer, instruksar og reglement innanfor arbeidsområde som utvalet sjølv ikkje har mynde til å avgjere.
- Gjennomføring av særskilde rekrutteringstiltak for sektorar/sektorovergripande karakter.
- Organisasjonsutvikling/omstilling for sektorar eller av sektorovergripande karakter.
- Års- og langtidsplanar for fylkeskommunen som vedgår dei tilsette.
 - Årsbudsjett og økonomiplan.
 - IKT-planar for sektorar eller av sektorovergripande karakter.
 - Større utstyrsinvesteringar.
 - Investeringsplanar til nybygg, nyanlegg og rehabilitering- og vedlikehaldsplanar for eksisterande bygg.
- Organisering av helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet.

Informasjon/drøfting

- Saker som gjeld fylkeskommunen som utviklingsaktør.
 - Fylkesplan med handlingsprogram.
 - Revidert handlingsprogram som gjeld fylkesplanen.
 - Større utviklingsprosjekt med ekstern finansiering, eller finansiert av fylkeskommunale løyvingar.
 - Elles andre større saker som gjeld regional utvikling/samarbeid med kommunar, fylkeskommunar og næringsliv.
 - Større saker som vert handsama i Vestlandsrådet.
- Andre større utviklingstiltak eller forsøksverksemd.

5 MØTE OG SEKRETARIAT

Hovudsamarbeidsutvalet skal ha møte når leiaren eller minst 1/3 av medlemene krev det. I arbeidsmiljøsaker skal utvalet også ha møte når minst to av medlemene krev det, jf. arbeidsmiljølova § 23 med forskrifter. Det skal setjast opp møteplan for eit halvt eller eit heilt år om gongen.

Utvalet blir innkalla med ein frist på minst 5 dagar. Innkallinga, vedlagt saksdokument, skal sendast medlemmar og varamedlemmar. Fylkeshovudtillitsvalde som ikkje er medlemer eller varamedlemer i utvalet skal ha tilsendt sakliste og saksdokument, dersom saka ikkje er unntake off.

Andre fylkeskommunale tilsette og sakkunnige kan og kallast inn til møta når utvalet, leiaren, eller fylkesrådmannen ønskjer det.

Fylkesrådmannen har sekretariatsansvaret for hovudsamarbeidsutvalet, og førebur saker skriftleg med framlegg til vedtak. Sekretariatet samordnar og førebur utvalet sine møte.

I arbeidsmiljøsaker skjer saksbehandlinga med heimel i arbeidsmiljølova.

Det skal førast møtebok. Utskrift av møteboka skal sendast medlemene og varamedlemene. Fylkeshovudtillitsvalde som ikkje er medlem eller varamedlem i utvalet skal ha utskrift av møteboka. Møteboka skal leggjast fram til godkjenning i det følgjande møtet i utvalet.

Utvælet gjer vedtaka sine i møte. Hastesaker kan behandlast i fjernmøte etter reglane i kommunelova § 30 nr. 2.

Utvælet er vedtaksført når minst halvparten av medlemene/varamedlemene er til stades.

Utvælet tek avgjerd med vanleg fleirtal. Dersom røystene står likt er leiaren/møteleiaren si røyst avgjerande.

Møta vert haldne for opne dører, men likevel slik at saker merka ”Ikkje offentleg” vert handsama i lukka møte.

Vedtaka fatta i utvælet er offentlege, med mindre saka er unnteken offentlegheit eller anna følgjer av lov og forskrift.

Elles gjeld saksbehandlingsreglane i kommunelova og fylkeskommunen sitt reglement for sakshandsaming i politiske utval så langt dei høver.

6 MINDRETALSANKE

Eit mindretal på minst to medlemene kan anke eit vedtak i hovudsamarbeidsutvælet til fylkesutvælet for overprøving

Krav om mindretalsanke må setjast fram før møtet er slutt og skal protokollerast. Den som ankar har høve til å levere ei skriftleg utgreiing til fylkesutvælet saman med saksframstillinga.

VEDTEKTER FOR VESTLANDSRÅDET

Mandatet til Vestlandsrådet er gitt i vedtekten som er vedtekte av fylkestinga i dei fire fylkeskomunane Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane (FT-sak 60/02), og Møre og Romsdal.

Sist endr: 21/01/2003

§ 1 Føremål

Visjon

Vestlandet

- ein region som er attraktiv for folk og næringsliv
- ein region med meir ressursar, betre forvaltning og verdiskaping i tråd med folket og næringslivet sitt behov
- ein region med aktivt folkestyre og nærliek til avgjerdsprosessane

Føremål

Fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom forpliktande samarbeid innan nærmere definerte område som t.d. kompetanse, energi, samferdsel, næringsliv, kultur og folkehelse:

- styrke utviklinga til beste for dei som bur i regionen
- løyse felles utfordingar for Vestlandet
- aktivt påverke statlege rammeføresetnader
- kunne overta fleire og meir omfattande oppgåver som betre vil finna si løysing gjennom lokal kunnskap.

Eit slikt utviklingsorientert, faglig og politisk samarbeid skal styrke Vestlandsregionen både nasjonalt og internasjonalt.

§ 2 Rettsleg grunnlag

Vestlandsrådet er eit interfylkeskommunalt samarbeidsråd oppretta med heimel i Kommunelova § 27, og er drive av Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkeskommunar.

Vestlandsrådet er ikkje ei sjølvstendig juridisk eining.

§ 3 Forhold til fylkeskommunane

Vestlandsrådet blir etablert og drive innanfor rammene til det fylkeskommunale forvaltningsnivå gjennom overført mynde frå fylkestinga i dei deltagande fylkeskommunane, og rammer fastsette av sentrale styresmakter i lov og forskrifter.

Dei deltagande fylkeskommunane skal bli orienterte om rådet sitt arbeid. Årsmelding og budsjett til Vestlandsrådet går til fylkeskommunane til orientering.

§ 4 Samansetjing

Vestlandsrådet har 5 medlemer med varamedlemer frå kvar av dei deltagande fylkeskommunane som blir valde av og frå fylkestinget sine medlemer. Fylkesordførar og fylkesvaraordførar skal vere mellom medlemene i rådet.

Medlemer og varamedlem vert oppnemnde av dei respektive fylkeskommunane for den fylkeskommunale valperioden.

§ 5 Leiarvervet og arbeidsutval

Leiarvervet skal alternere mellom fylkesordførarane i dei deltagande fylkeskommunane med periodar på om lag eit år av gangen. Rådet kan avvike dette dersom det er særlege grunnar, t.d. for å tilpasse leiarskapen fylkestingsval.

Rådet kan opprette eit arbeidsutval.

§ 6 Eksterne samarbeidspartar

Rådet må sikre ei god samhandling med eksterne samarbeidspartar. Rådet kan opprette permanente eller mellombelse kontaktorgan med eksterne samarbeidspartar.

§ 7 Oppgåver og vedtaksmynde

Som styre med heimel i Kommunelova si § 27 gjer Vestlandsrådet vedtak med endeleg og bindande verknad med vanleg fleirtalsavgjerd i følgjande saker:

- a. Rådet kan på eige initiativ uttale seg om spørsmål av felles interesse for fylkeskommunane. Dette gjeld også høyringssaker. Rådet kan sjølv avgjere om saka i tillegg krev uttale i dei einskilde fylkeskommunane.
- b. Rådet har avgjerdsmynne på dei områda der fylkestinga har delegert mynde til rådet, jf. § 8 eller når statlege styresmakter har overført oppgåver til rådet.
- c. Rådet vedtek fordeling av midlar innafor eiga budsjett, jf. § 8.
- d. Organet kan på eige initiativ vedta å setje i verk utgreiingar og planarbeid, så framt dette ikkje er i strid med anna planarbeid i fylkeskommunane.
- e. Rådet vedtek handlingsplanar og andre planar og utgreiingar som rådet tek initiativ til. Slike dokument skal gå til dei tre fylkeskommunane til uttale før endeleg vedtak i rådet.
- f. Rådet kan innafor eige budsjett vedta og gjennomføre utviklingsprosjekt av felles interesse for to eller fleire av dei deltagande fylkeskommunane.

§ 8 Sakshandsaming

Kommunelova sine reglar gjeld for rådet si verksemd og sakshandsaming så langt ikkje noko anna er fastsett i vedtektena her.

Rådet gjer vedtak i møte. Det skal først møtebok over forhandlingane. Møta i rådet er opne om ikkje anna følgjer av lovfesta teieplikt eller andre reglar gjevne i eller medhald av lov.

Leiaren i rådet kallar inn til møte til dei tidspunkt rådet sjølv har fastsett. Som hovudregel bør det haldast minst to møte i halvåret. Elles vert møte halde når leiaren finn det påkravd eller når minst 1/4 av representantane i rådet krev det.

Leiaren set opp sakliste for det einskilde møtet. Saklista og andre dokument skal vere tilgjengeleg for ålmenta, under dette på Internett, med mindre dei er unntake fra offentleggjering. Møtetid, møtestad og sakliste skal gjerast kjent for ålmenta på høveleg måte.

Innkalling med sakliste og saksdokument skal som hovudregel sendast rådsmedlemene minst ei veke før møtet.

Møta blir leia av fylkesordføraren i fylket som har leiarskapen, jf. § 4. Ved fråver skal fylkesvaraordføraren i same fylke leie møtet.

§ 9 Sekretariat

Fylkesrådmennene i dei deltagande fylkeskommunane er sekretariat for rådet.

Fylkesrådmannen i den fylkeskommunen som til ei kvar tid innehavar leiarvervet, har innstillingsrett til rådet og er leiar av sekretariatet.

Fylkesrådmennene har møterett i rådet.

§ 10 Budsjettmynde

Rådet gjer vedtak om sitt eige budsjett innafor ramma av dei tilskota som vert løyvde av fylkestinga. Rådet sitt budsjett blir lagt fram for fylkestinga til orientering.

Dei til ei kvar tid gjeldande budsjett- og rekneskapsforskriftene for fylkeskommunane gjeld også for rådet. Rådet kan omdisponere innafor eige budsjett.

Rekneskapen til rådet vert ført av fylkeskasseraren og revidert av fylkesrevisjonen i x fylkeskommune.

§ 11 Finansiering av rådet sin aktivitet

Finansiering av rådet sin aktivitet skal fordelast slik:

- a. Eigne driftsutgifter til deltaking i organet vert dekka av kvar einskild fylkeskommune.
- b. Ekstrautgifter knytt til formannskapet i rådet blir dekka av fylkeskommunen som har formannskapet.
- c. Rådet skal ha eit eige budsjett til dekking av andre typar av driftsutgifter til rådet av felles interesse for dei deltagande fylkeskommunane. Rådet skal sjølv gje framlegg om storleiken på dette. Kvar av fylkeskommunane skal dekkje 1/4 av desse utgiftene.

d. Utgifter til einskildprosjekt blir fordelte i kvart einskild tilfelle knytt til kvar fylkeskommune sine interesser og deltaking i prosjekta.

§ 12 Endring av vedtekter

Endringar i desse vedtekten må vedtakast av fylkestinga i alle dei deltagande fylkeskommunane. Vestlandsrådet skal uttale seg før handsaming i fylkeskommunane.

§ 13 Oppseiing av samarbeidet

Fylkestinget i eitt av dei deltagande fylka kan vedta at denne fylkeskommunen skal gå ut av samarbeidet i rådet med 1 - eitt - års oppseiingsfrist før neste fylkestingsval.

§ 14 Iverksetjing

Rådet blir oppretta med verknad frå 1.1.2003.

REGLEMENT FOR FOLKEVALDE SIN INNSYNSRETT

Vedteke av fylkestinget i sak nr 50/95 med heimel i kommunelova § 40, nr 5.

§ 1

Fylkestinget og andre folkevalde organ sin rett til innsyn i saksdokument

1.1.

Fylkestinget har som overordna organ for all verksemd i fylkeskommunen rett til innsyn i alle fylkeskommunale saksdokument, med dei presiseringar som følgjer av reglane nedanfor.

1.2.

Fylkesutvalet, faste utval og andre folkevalde organ har rett til innsyn i saksdokument når desse gjeld dei delane av fylkeskommunen si verksemd som organet handsamar. I tillegg kan desse organa krevje innsyn i dokument som ligg innanfor andre deler av den fylkeskommunale verksemda, når dette er naudsynt ved konkret handsaming av ei sak i organet.

§ 2

Vedtak om innsyn

2.1.

Medlem og varamedlem av folkevald organ har rett til innsyn i dokumenta i saker som skal handsamast i organet.

2.2.

Minst tre medlemer i fylkestinget kan krevje innsyn i alle fylkeskommunale saksdokument når tidspunktet for innsyn ligg føre, jfr § 3. Fylkesordføraren har sjølvstendig rett til innsyn i alle saksdokument på tilsvarande grunnlag.

2.3

Fylkesutvalet, faste utval og andre folkevalde organ kan vedta innsyn for sin bruk i andre organ sine dokument når minst 1/3 av medlemene røystar for det.

§ 3

Tidspunkt for rett til innsyn

3.1.

Retten til innsyn tek til å gjelde når saka er framlagd/sendt til politisk handsaming. Saman med saksframstillinga skal det følgje ei oversikt over alle dokumenta som er innsende, innhenta eller utarbeidde i samband med saka; med unntak av interne arbeidsdokument for administrasjonen.

3.2.

For saker som skal avgjera i administrasjonen gjeld retten til innsyn først når saka er ferdig handsama.

§ 4

Særskilde reglar for innsyn i opplysningar underlagt teieplikt m.v.

4.1.

I utgangspunktet gjeld ikkje retten til innsyn opplysningar som er underlagt teieplikt. Fylkestinget og andre folkevalde organ kan likevel ved fleirtalsvedtak krevje innsyn i slike opplysningar når dette er naudsynt ved handsaming av ei konkret sak i organet, jfr forvaltningslova § 13 b, nr 2 og 4.

4.2.

Folkevalde har teieplikt i høve til dokument som er underlagde teieplikt eller unntatt offentleg innsyn etter reglane i offentleglova. Medlemer av folkevalde organ underskriv erklæring om teieplikt når dei får innsyn i opplysningar underlagt teieplikt. Når ei sak vert handsama for stengde dører, jfr kommunelova § 31, skal det ikkje orienterast eller refererast frå drøftingane med mindre vedkomande folkevalde organ fastset noko anna.

§ 5

Framgangsmåten ved krav om innsyn – tilhøvet til administrasjonen

5.1.

Førespurnad om innsyn i saksdokument skal handsamast straks. Slike førespurnader til administrasjonen skal gå tenesteveg, dvs at førespurnadene skal rettast til fylkesdirektørane eller fylkesrådmannen.

5.2.

Førespurnader til administrasjonen om saker som er under handsaming bør det svarast positivt på ved at det blir gjeve ei kort orientering om måten saka blir handsama på, tidsplan og liknande.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.com/no/omoss for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 200,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.

© 2013 Deloitte AS